



Høgskulen på Vestlandet

MBUL550: Masteroppgave

MBUL550

Predefinert informasjon

| | | | |
|----------------|---------------------------|-----------------|----------------------------|
| Startdato: | 02-05-2018 10:38 | Termin: | 2018 VÅR |
| Sluttdato: | 15-05-2018 14:00 | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform: | Masteroppgave | Studiepoeng: | 60 |
| SIS-kode: | 203 MBUL550 1 MA 2018 VÅR | | |
| Intern sensor: | Marianne Røskeland | | |

Deltaker

Kandidatnr.: 305

Informasjon fra deltaker

Tro- og loverklæring *: Ja

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

MASTEROPPGÅVE

Syskenrelasjonar i barnelitteratur

Ein studie av syskenforhold i den samansette familie

Sibling relations in children literature

A study of sibling relationship in the complex family

Ingeborg Almeland Tveit

Master i barne- og ungdomslitteratur

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Åse Høyvoll Kallestad

15. mai 2018

Forord

Eit langt år er snart over. Det har vore ein krevjande, men og ein veldig kjekk og lærerik prosess. Eg har fordjupa meg i og lært mykje om eit emne i litteraturen, men sanneleg har eg lært mykje om meg sjølv også. På vegon mot det ferdige produktet er det fleire som har bidrige, og som fortener ein takk.

Fyrst og fremst, takk til Åse Høyvoll Kallestad for eit godt samarbeid. Du har gitt meg gode og konstruktive tilbakemeldingar, og vore motiverande under heile prosessen. Når eg har stått fast, har ditt positive engasjement dradd meg i gang att. Takk! Takk også til Mirjam, Ragnhild, Stine og Ørjan for gode diskusjonar og drøftingar på seminara. Særskild takk til deg, Siri; utan deg hadde dette året gått trått. Takk for alle gode lunsjpausar med latter, avkopling og gode diskusjonar, samt treningsturar der frustrasjonen har fått lufta seg. Tante Gro; takk for gode drøftingar undervegs i prosessen, og gjennomlesing på slutten! Sist, men ikkje minst, takk Christine; takk for at akkurat du er systera mi! Og takk for korrekturlesing.

Ingeborg Almeland Tveit

Voss, mai 2018.

Samandrag

Denne masteroppgåva undersøker korleis syskenrelasjonar i den samansette familien blir framstilt i barnelitteraturen. Endringar som skjer i familiar i samfunnet i dag, fører mellom anna til at born kan oppleve å få fleire ulike sysken i familien sin. Forskinga ser på korleis ulike syskenforhold vert skildra i barnelitteratur frå samtid, og tek utgangspunkt i tre bøker: *Fly, Thea! Fly!* (2015) av Bente Bratlund, *Motorsykkelmysteriet* (2014) av Magnhild Bruheim og *En bror for mye* (2016) av Linde Hagerup. Bøkene skildrar ulike typar syskenforhold som stesysken, fostersysken, adoptivsysken og biologiske sysken, og korleis ein kan oppleve å få nye sysken i heimen, samt flytte inn i ein ny familie.

For å kunne studere syskenrelasjonane tek eg utgangspunkt i dialogane og språket til karakterane. Med forankring i Mikhail Bakhtin (1984) sin teori om *mikrodialog* og *polyfonisk litteratur*, vert det forska på korleis syskenrelasjonane kjem til syne gjennom karakterane sine indre og ytre dialogar, altså interne samtalar med seg sjølv og samtalar med andre. Vidare blir språket i desse dialogane undersøkt. Her med støtte i Stanley Cavell (1979) sin teori om *daglegspråk*, som hevdar at språket viser kriterium for kva verdiar ein ser på som viktige. Ved å sjå på språket i bruk, blir det forska på om karakterane deler den same forståinga av forskjellige familie- og syskenomgrep, eller om det oppstår forhandling om meiningsinnhaldet i dei.

Funna viser at alle karakterane drøftar og lyftar fram aktuelle problemstillingar dei opplever kring syskena sine, i sin indre dialog. Dei indre drøftingane består av samtalar der deira eigne og syskena sine ytringar vert vurderte. Karakterane finn gode samtalepartnar i seg sjølv, då på ulike måtar. Funna i studien viser også at karakterane har forskjellige kriterium til ulike syskenomgrep. Tre av fire protagonistar vektar det genetiske for kven ein kan kalle for sysken, medan ein karakter grunngjev sysken ut frå sosiale forhold. Karakterane brukar og språket for å skilje slektskapen mellom dei, mellom anna med «stesysken» og «fosterborn». Karakterane går så inn i forhandling om ulike syskenomgrep. Vidare viser resultata at i situasjonar der språket ikkje strekk til, syner karakterane vilje til konflikthandtering og eit indre ynskje om å betre syskenforholda gjennom andre løysingar og evne. Bøkene i tekstuvalet, og forholda skildra i dei, har ein struktur som går frå at syskena opplever utfordringar i starten, til at dei til slutt finn ein harmoni som fungerer godt for dei.

Abstract

This master thesis examines how the representations of sibling relations in the complex family are in children literature. Changes in families in today's society may lead to diverse sibling relations. This research is based on current contemporary literature, and is centered around close readings of three books; *Motorsykkelmysteriet* (2014) by Magnhild Bruheim, *Fly, Thea! Fly!* (2015) by Bente Bratlund and *En bror for mye* (2016) by Linde Hagerup. The books portray different types of sibling relationships such as step-siblings, foster children, adoptive children and biological siblings. They also describe how children experience new siblings at home as well as moving in to a new family.

The main focus in the analysis is on the dialogues and language of the characters. The study of sibling relations is based on Mikhail Bakhtins theory about *microdialogue* and *polyphonic novels*, and how the characters communicate in internal and external dialogues with themselves and others. In addition to this, the language used in the dialogues will be examined. Stanley Cavells (1979) philosophy about *Ordinary Language*, and how he claims that some criteria lie embedded in the language, will be essential. A study of the language in use, will illustrate in what way the characters agree or disagree about criteria of different notions, and if the characters negotiate about their understanding.

The results show that the characters have internal dialogues with themselves, and discuss issues they have with their siblings. Those internal discussions consist of evaluation of their interactions. They find good conversation partners in themselves, thus in different manners. The results also show that the characters have different criteria for diverse sibling notions. Three out of four protagonists emphasize the genetic relation in who they call their sibling, while one emphasizes the social relation. The characters also use words as «step-siblings» and «foster children» to demonstrate distance and describe their relationship. They also go into negotiation about different sibling notions. The results also indicate that when the language is not sufficient enough, the characters show ability and desire to resolve conflicts through other actions, and they appear genuinely interested in improving their relationship. The structure in the relationships depicted in the book selection, develops from challenging to harmonic.

Innhald

| | |
|--|-----------|
| 1. Innleiing | 6 |
| 1.1 Problemstilling og fokus..... | 6 |
| 1.2 Familie og sysken i barnelitteraturhistoria | 7 |
| Litteraturen i utvikling | 7 |
| Samfunnet i utvikling | 9 |
| 1.3 Litteratur og samtid, tidlegare forsking og struktur..... | 11 |
| Litteratur og samfunn hand i hand | 11 |
| Tidlegare forsking | 11 |
| Oppbygging av oppgåva..... | 13 |
| 2. Presentasjon av materiale | 14 |
| 2.1 Kriterium for materiale | 14 |
| 2.2 Motorsykkelmysteriet (2014) av Magnhild Bruheim | 15 |
| 2.3 Fly, Thea! Fly! (2015) av Bente Bratlund..... | 15 |
| 2.4 En bror for mye (2016) av Linde Hagerup..... | 16 |
| 3. Metode og teori | 17 |
| 3.1 Nærlesing og motivanalyse | 17 |
| 3.2 Bakhtin - polyfoni i indre og ytre dialogar | 18 |
| To eller fleire stemmer i ein dialog | 19 |
| Bakhtin og fleirstemmigheita opnar for at syskenrelasjonar kan kome til syne | 21 |
| Ytringar med historisk arv..... | 22 |
| 3.3 Cavell - daglegspråkets avsløringar | 22 |
| Kriterium i språket | 23 |
| Forhandling om kriterium i omgrep | 24 |
| Språkleg fellesskap og kontekst | 25 |
| Forhandling gjennom språket i bruk | 26 |
| Forhandlingar om syskenrelasjonar i litterære dialogar | 27 |
| 4. Nærlesing av tre barneromanar | 29 |
| 4.1 Motorsykkelmysteriet | 29 |
| Dialogar og kriterium i språket hjå Stine og Stian | 29 |
| Forskjellige utgangspunkt | 30 |
| Ulike opphav | 31 |
| Familie | 34 |
| Mitt og ditt? Eller vårt? | 37 |
| Sysken eller stesysken? | 38 |
| Syskenforhold i utvikling | 44 |
| 4.2 Fly, Thea! Fly!..... | 45 |
| Thea sine forhandlingar i fleirstemmig dialog | 45 |
| Kva er ein familie? | 46 |
| Kontrastane mellom dei to familiene | 59 |
| Å setje ord på kjenslene sine gjennom kunstopplevingar | 61 |
| Når klumpen i magen forsvinn..... | 63 |
| Å våge å fly | 65 |
| 4.3 En bror for mye | 67 |
| Sara i fleirstemmig dialog med seg sjølv | 67 |
| Sara sin medvitne bruk av familieomgrep..... | 70 |
| Mitt og ditt, ikkje vårt | 72 |

| | |
|---|------------|
| Fleirstemmigheit og ambivalens | 75 |
| Rollebyte – Sara vert Alfred..... | 77 |
| Alfred og Sara i dialog | 79 |
| Frå mitt og ditt til vårt | 81 |
| Alt for syskenkjærleiken | 83 |
| 5. Avsluttande drøftingar | 86 |
| 5.1 Funn i analysar av tre samtidsromanar for born og unge..... | 86 |
| Kriterium for kva ein familie og sysken er | 86 |
| Omgrep og språkbruk..... | 87 |
| Forhandling gjennom indre og ytre dialogar..... | 89 |
| Når språket ikkje strekk til | 91 |
| Utviklinga i syskenrelasjonane og deira betyding i den samansette familien..... | 92 |
| 5.2 Å lære noko av litteraturen ein les | 94 |
| Mangfald i samfunnet, i klasserommet og i litteraturen..... | 95 |
| Ulike kjensler born kan kjenne på | 96 |
| Å arbeide med bøker som tek opp ulike syskenrelasjonar | 97 |
| 5.3 Vegen vidare..... | 99 |
| 6.0 Litteratur | 100 |
| 6.1 Primærlitteratur | 100 |
| 6.2 Sekundærlitteratur | 100 |

1. Innleiing

1.1 Problemstilling og fokus

Det finst mange typar syskenrelasjonar i familiar i dag. Det finst store syskenflokkar, og det finst små syskenflokkar. Sysken kan vere bestevenner, og sysken kan vere uvenner. Nokon er einebarn, medan andre har både biologiske sysken og stesysken. Og korleis er det eigentleg å få stesysken? Kanskje er vetebror adoptert, eller du er fosterborn med både yngre og eldre sysken. Alle syskenforhold har sitt eige særpreg, og ingen forhold er like. Nokon kan vere stabile medan andre kan vere i endring. Somme stunder er syskena kjekke og greie, medan andre stunder er dei irriterande og plagsame. Dei to syskenpara Botheim og Solbu (2011) har skrive ei bok der dei hyllar mangfaldet av syskenforhold i samfunnet i dag. Dei boka intervjuar dei fleire personar om syskenforholda sine, og er innom både eineborn, systrar, brør, halvsysken og bonussysken. Alle fire forfattarane er samstemde i at ein faktisk kan vere meir i slekt med syskena sine enn med foreldra (Botheim, Botheim, Solbu & Solbu, 2011, s. 11). Vidare påpeiker dei at syskenforholda er og har vore viktige for dei, både i barndommen og i vaksenlivet, og at sysken mellom anna er noko av det beste dei har (Botheim et al., 2011, s. 16). Familiar i dag kan vere samansette av fleire typar sysken, og den realistiske barnelitteraturen kan vere ein fin arena til å skildre mangfaldet av familiesamsetningar og syskenrelasjonar i samfunnet i dag. Målet med studien er å sjå korleis syskenrelasjonar kjem til syne i eit utval barnebøker. Familiekonstellasjonane i samfunnet vårt er som nemnt mangfaldige, og det vil vere interessant å sjå *om*, og eventuelt *korleis*, dei ulike syskenforholda i samtida vert framstilt i litteraturen. Då med fokus retta mot ulike syskenforhold som stesysken, adoptivsysken og fostersysken. I samfunnet i dag er det fleire og fleire familiar utan biologisk slektskap som lever og bur saman i same husstand, og denne oppgåva vil difor studere forholda mellom dei nyetablerte syskenforholda der karakterane ikkje har biologisk tilknyting. Problemstillinga lyder som følgjer:

Korleis er syskenrelasjonar i samansette familiar framstilt i litteraturen? Ein studie av tre samtidsromananar for barn og unge.

Syskenrelasjonar og den samansette familie er begge vide og omfattande omgrep som kan analyserast ut frå fleire ulike perspektiv. I denne samanheng krev difor oppgåva ei ytterlegare

avgrensing. For å kunne studere korleis syskenrelasjonane kjem til syne, har eg valt å sjå på det dialogiske hjå karakterane. Med det rettar eg fokus på karakterane sine indre dialogar, samt dialogane mellom dei ulike karakterane. Då vel eg å støtte meg til Mikhail Bakhtin (1984) og hans teori om polyfoni. Vidare vil eg studere språket i dialogane, og gjennom Cavell (1979) finne ut kva kriterium syskena har for kva ein syskenrelasjon er.

1.2 Familie og sysken i barnelitteraturhistoria

Litteraturen i utvikling

Jammen kunne det vere irriterande å ha ein bror. Eller ein liksom-bror. Kanskje var det ikkje så moro likevel. Å vere ein stor familie (Bruheim, 2014, s. 6).

Sitatet over er henta frå ei bok i tekstuvalet til denne oppgåva, *Motorsykkelmysteriet* (2014) av Magnhild Bruheim. Utsegna er skildrande for korleis syskenforhold kan opplevast for mange. Som nemnt er det eit stort mangfold i kva syskenrelasjonar ein kan ha. Slik kan også syskenforhold i litteraturen vere. Den realistiske forteljinga har prega barnelitteraturen sidan starten på 1900-talet, og Tone Birkeland, Gunvor Risa og Karin Beate Vold (2018, s. 39) fortel at litteraturen gjennomgjekk eit gjennombrot på den tida. Tidlegare hadde barnelitteraturen som mål å vere religiøs oppdragar, men her skjedde det endringar (Birkeland et al., 2018, s. 15). No vart barneperspektivet meir dominerande i bøkene, og dei skildra oppvekst, utvikling, familie og samfunn frå borna sin ståstad (Birkeland et al., 2018, s. 40). Oppvekst med grenseutprøving og overmakt vart portrettert, og danningsforteljingar og tilpassing av åtferd er kjenneteikn på perioden (Birkeland et al., 2018, s. 40-41). Gjennom utviklinga frå å vere oppdragande til å også ha underhaldningsverdi, vart barndommen sin eigenverdi meir synleg i litteraturen.

Thorbjørn Egner, Alf Prøysen og Anne Cath Vestly sine engasjement har sett sitt preg på den realistiske barnelitteraturen (Birkeland et al., 2018, s. 173). Alle tre forfattarane var nyskapande på sitt felt. Særleg lyfta Vestly fram tema i litteraturen som tidlegare ikkje var blitt omtala (Birkeland et al., 2018, s.192). Ho moderniserte den realistiske barneforteljinga, både gjennom tema og forteljarstil. Vestly skildra barndom og familieliv i Noreg, og skildra samfunnsproblematikk ved å famne om både by- og drabantbysamfunna i samtida. I tillegg til

å skildre utfordringar i samfunnet, presenterte ho fleire sider av ulike familiekonstellasjonar. Innhaldet bevega seg vekk frå den typiske kjernefamilien, og bøkene hennar handla mellom anna om «storfamilien og ulike kollektive og mindre konvensjonelle familieeininger» (Birkeland et al., 2018, s. 192). På den måten fekk borna meir kunnskap om dei ulike aspekta ved livet. Vestlys forfattarskap speglar samfunnsutviklinga og linjer i norsk barnelitteratur gjennom 50 år.

Med *Den barnelitterære emnedifferensieringa* på 1970-talet fekk barnelesaren tilgang til fleire nye emne i litteraturen. Birkeland et al. (2018, s. 260) påpeiker at «[born] skulle ikkje berre bli kjende med insekt, fuglar og dyr, men også fortrulege med funksjonshemmingar, sjukehus, tannlege, seksualitet, skilsmisse, alderdom, sorg og død». Dei nemnde emna skildrar barnelitteraturen frå 1970-åra og fram til i dag. Vanskelege og såre tema vart sett på dagsordenen i større grad enn tidlegare, og gjennom litteraturen skulle, og skal, born få auka kunnskap og innsikt i tema som omhandlar den verkelege verda. Tema som før har vore tabu for born og halde vekke frå barnelitteraturen, er no ein stor del av forteljingane som vert presentert. Utfordrande syskenrelasjonar kan gjerne sjåast i samanheng med desse temaa. Linde Hagerup, ein av forfattarane i utvalet, understrekar at mangfaldet i kjensler ein kjenner på, må skildrast (Østgaard, 2016). Ein kan ikkje skåne born for vonde kjensler, når det er noko også dei opplever. I samband med utgivinga av boka *En bror for mye* (2016) fortel ho nettopp om kvifor det er viktig at born får kjennskap til dei vonde kjenslene også:

Jeg skulle fortelle det med hennes ord. Uansett hva hun tenkte og følte så hadde hun lov til det. Jeg moraliserte aldri, og jeg stoppet henne ikke. Og det kan jo se hardt ut at hun er så rasende på denne lille gutten som kommer inn i livet deres. At hun hater ham sånn. Hvordan kan man hate en gutt på fem år som akkurat har mistet moren sin? Men hun greier ikke å se det slik. Hun ser bare alt som blir ødelagt i hennes eget liv. Hun må jo få lov til det. For de følelsene finns jo også. De stygge, feile jævlige følelsene finns, og når man er ni år i en sånn situasjon, så tror jeg egentlig ikke det er noe sted å gå med dem (Østgaard, 2016).

Temaa over som Birkeland et al. (2018, s. 260) meiner born bør bli kjende med, mellom anna skilsmisse, sorg og død, er tema i bøker der mellom anna syskenforhold i den samansette familien også kan vere representert. Ofte ved skilsmisse, sorg og død er familiar i endring, og somme gonger finn foreldre nye livspartnarar, eller familiar adopterer born som ikkje kan bu heime. I den samanhengen vert syskenflokken utvida, og kan bestå av ulike typar syskenforhold.

Den realistiske barnelitteraturen som skildrar daglege situasjonar og vanskelege tema, har ikkje berre fått ros og positiv merksemd. Tradisjonen i litteraturen har og vore sådd tvil rundt. Sjølv om litteraturen i større grad skildrar daglegdagse situasjonar og tema, ber den preg av fiksjon. Det er denne kombinasjonen av fiksjon og realisme som har blitt debattert. Fleire hevda at fiksjonen bryt med truverde til lesaren, og at forteljingane på den måten ikkje er realistisk nok. Kritikarar åtvarar mot «verkelegheitsfjernt» lesestoff som vil påverke born til å bli dagdrøymarar, og det har ført til reaksjonar og debatt om kva barnelitteraturen skal tene til. Denne debatten var særleg gjeldande på 1990- og 2000-talet. (Kallestad, 2012, s. 235).

Samfunnet i utvikling

Barnelitteraturen skildrar utviklinga og endringane i samfunnet, mellom anna familiarar i endring. Omgrepet *familie* tyder opphavleg *husstand*, og omfattar dei som bur i same hus (Skirbekk & Kjølsrud, 2018). Definisjonen stammar frå romersk tid, og på den tida gjaldt det både ektefeller, born, slektningar av ulik grad, tenarar og trælar. I moderne språkbruk er ikkje tydinga den same, og her er skiljet mellom husstand og familie tydelegare. Familie vert rekna som ei nemning på ei gruppe personar som er knytt til kvarandre ved ekteskap og slektskap i både opp- og nedstigande linje med foreldre og born, og kollaterast slektskap med sysken (Skirbekk & Kjølsrud, 2018). Den norske familieinstitusjonen vart tidlegare rekna som stabil. På 1950 og 1960-talet var kjenneteikna tydelege; først truloving, deretter ekteskap og til slutt born. Kvinnene var heimeverande og mennene var ute og arbeidde. På denne tida skilte den norske familien seg ut i forhold til andre land; det var få skilsmisser, og familiene heldt saman (Skirbekk & Kjølsrud, 2018). Omgrepet *kjernefamilie* var og daglegdags på denne tida. Kjernefamilie vert definert som ein familietype med to foreldre, som oftast mann og kone, og deira felles born, både eigne og adopterte (Schackt, 2018). Dette var norma og eit bilet på kva som kunne kallast familie, og omgrepet blir også brukt i dag.

I dei siste tiåra før tusenårsskiftet gjekk den typiske familien gjennom store endringar. Familie- og samlivsformene og familiemønster vart i større grad mangfaldige, og det same kan seiast om i dag. Fleire familiarar består av berre éin biologisk forelder, enten mor eller far. I denne utviklinga har og familieomgrepet i forhold til husstand endra seg (Skirbekk & Kjølsrud, 2018). Husstandane i dag rommar fleire typar voksenpersonar og andre relasjoner enn det tradisjonelle sambuarskapet, til dømes einslege forsørgjarar, sambuar til forelder,

steforeldre, besteforeldre, homofile og lesbiske par, i tillegg til både stesysken og halvsysken. Sjølv om ikkje foreldra sine nye livspartnarar og nye sysken er familie i familierettsleg forstand, kan det for mange vere viktigare kven ein opplever å høyre saman med, enn den formelle nemninga på familie. Familie kan for mange vere menneske som har valt å leve saman med kvarandre, utan omsyn til offisielle definisjonar (Skirbekk & Kjølsrud, 2018). Då reknar ein familie på sosialt grunnlag. Desse tendensane viser seg i An-Magritt Jensen og Sten-Erik Clausen rapport frå 2000: *Barndom: forvandling uten forhandling? Samboerskap, foreldreskap og søskenskap*. Der skriv dei at syskenforhold kan sjåast på som eit syskenhierarki, der nokon syskentypar er lett å definere, då det er stor semje om dei, medan andre forhold kan vere vanskelegare å slå fast (Jensen & Clausen, 2000, s. 66). Årsaka til dette er grunna dei nye familiedanningane som oppstår i samfunnet, og dannar ulike familiemønster. Både biologiske band og felles heim kan skildre eit syskenforhold. Men også subjektive kjensler og opplevingar av eit syskenforhold er med på å definere omgrepene, det same som definerer omgrepene familie øvst i avsnittet (Jensen & Clausen, 2000, s. 67). Dette fortel at omgrepa *sysken* og *syskenrelasjonar* er opp til kvar einskild å leggje mening i, og fleire kan ha forskjellig forståing og oppfatning av kva dei ulike omgrepa tyder for dei. Truleg baserer mange definisjonen og meaningane sine kring sysken på grunnlag av eigne erfaringar, då det ofte er det «normale» for ein. På den måten kan det fort oppstå usemje, utfordringar og misforståingar når ein diskuterer og samtalar om ulike typar syskenforhold med andre.

På grunn av endringane i familierelasjonane kan born oppleve å byte heim og husstand opp til fleire gonger. Turid Noack og Torkild Hovde Lyngstad (2012, s. 66) hevdar at familiar har blitt meir omskiftelege, og fleire foreldre går frå kvarandre no enn tidlegare. I etterkant vil gjerne foreldra stifte nye familiarar på kvar sin kant, og på den måten kan borna oppleve å få fleire ulike sysken. Nokon syskenforhold er vedvarande, medan andre vert oppløyst (Noack & Lyngstad, 2012, s. 66). Foreldra finn seg nye sambuarar som gjerne har sine eigne born frå før, og slik får borna i familiene stesysken. Dei kan og få halvsysken der deira biologiske mor eller far har fått born med den nye sambuaren. Nokon par opplever gjerne utfordringar med å få eigne born sjølve, og vel å adoptere eller vere fosterfamiliar. Andre vel gjerne å få born gjennom assistert befrukting. Ut i frå dette kan ein sjå at dagens familiar kan vere samansette av mange forskjellige personar til ei kvar tid, og ha forskjellig tilknyting til kvarandre. Det same gjeld syskenflokkene. På grunnlag av dette vel eg å kalle familiarar med ulike syskenrelasjonar og voksenpersonar for *samansette familiar*.

1.3 Litteratur og samtid, tidlegare forsking og struktur

Litteratur og samfunn hand i hand

Samfunnet vert avspegla i den realistiske barnelitteraturen, og på den måten vert dei forskjellige familiekonstellasjonane og syskenrelasjonane også portrettert. Litteraturen er ein arena som kan lyfte fram problemstillingar kring ulike syskenforhold, og behandlar dette både implisitt og eksplisitt i tekstane. Ofte kan syskenrelasjonane vere hovudkonflikt eller tema i bøkene, eller forholda kan ligge som eit bakteppe eller sekundærtema. Tendensar i samfunnet vert spegla i både barne- og vaksenlitteratur.

Sjølv om barnelitteraturen tek opp situasjonar ein kan møte på i livet, kan ein ikkje forvente at heile det store mangfaldet vert skildra. Fleire forfattarar har sjølv valt å skrive barnebøker der dei tek opp dagsaktuelle tema, då dei ikkje har funne passande litteratur når dei trond det som mest. Hagerup grunngjev utgivinga av boka *En bror for mye* (2016) med at ho sjølv som yngre hadde hatt behov for ei bok der ho kunne identifisere seg med protagonisten si oppleving av både sorg, urettferd og nye sysken (Østgaard, 2016). Ofte kan barnelesarar identifisere seg med karakterar i litteraturen, og behovet for å vete at ein kanskje ikkje er åleine i ein vanskeleg situasjon, kan vere med på å gjere situasjonar tryggare for borna. At forfattarar sjølv skriv litteratur dei har sakna, viser at behovet for ein type litteratur som tek opp bestemte tema, oftast kjem til syne når du sjølv står i situasjonar der du kunne trengt å støtte deg til noko eller nokon. Samstundes kan ein og trekkje inn det empatiske perspektivet, der lesaren blir kjend med og lettare kan setje seg inn i andre sine situasjonar via tilgang til dei gjennom litteraturen, uansett om dei opplever det sjølv eller ikkje. Desse perspektiva blir ein del av den avsluttande diskusjonen i oppgåva, i kapittel 5; «Avsluttande drøftingar».

Tidlegare forsking

Tidleg i startfasen av oppgåva vart det gjort innleiande søk på syskenrelasjonar i barnelitteratur. Det kan sjå ut til at det er gjennomført noko forsking på dette emnet.

Kramer, Noorman og Brockman publiserte i 1999 artikkelen «Representations of Sibling Relationship in Young Children's Literature», der dei studerte korleis syskenforhold vert representerte i barnelitteraturen. I alt undersøkte dei ulike psykiske forhold som

syskenforhold, syskenrivalisering, syskenkjærleik, syskensjalusi, og brør og systrer i 261 barnebøker, og dei såg på korleis syskenforhold vart framstilt (Kramer et al., 1999, s. 558). Mellom anna studerte dei forhold som inneheldt positive aspekt ved syskenforhold, som varme og omsorg, engasjement, konflikthandtering og ynskje om å ta vare på og oppretthalde syskenforholdet, samt negative som krangling og erting, rivalisering og konkurranse mellom syskena (Kramer et al., 1999, s. 559). Dei retta og fokus mot korleis lærarar kan velje ut litteratur til elevane sine der ulike syskenforhold vert skildra, for å kunne styrke borna sine eigne relasjonar til deira eigne sysken. Resultata syner at 52% av utvalet skildrar positive aspekt, medan 48% skildrar forhold som kan kategoriserast som negative (Kramer et al., 1999, s. 563-564). Bøkene kan likevel ikkje berre plasserast i ein av kategoriene. Opp mot 70% av litteraturen dei undersøkte, 184 av bøkene, inneholder både positive og negative aspekt. Tendensen i desse bøkene er at dei først skildrar negative forhold, til dømes konfliktar og usemje mellom syskena, som gjennom samhandling utviklar seg mot forhold der syskena viser kjærleik, omsorg og verdset kvarandre. Forskarane summerte med at majoriteten av bøkene representerer ambivalente kjensler som er vanlege i syskenforhold (Dunn & Kendrick, 1982, ref. i Kramer et al., 1999, s. 565).

Ruth Lyn Meese (2012) har forska på korleis lærarar kan bruke barnelitteratur til å diskutere ulike aspekt kring fosterborn og adopsjon. I artikkelen «Modern Family. Adoption and Foster Care in Children's Literature» (2012) vert det poengtatt korleis lærarar kan bruke barnelitteratur som identifikasjonsfaktor i undervisning, der nokon av elevane i elevgruppa består av born som bur i fosterfamiliar eller er adopterte. Meese (2012, s. 136) meiner at barnelitteratur kan vere med på å skape auka forståing hjå elevane kring dei forskjellige familiesamansettningane i samfunnet i dag. Dette gjeld for både born som veks opp i foster- og adopsjonsfamiliar, men også born som veks opp saman med sine biologiske familiar, då kunnskapen kring foster- og adopsjonsborn er viktig for alle. Meese (2012, s. 133) framhevar korleis lærarar må vere medvitne i språkbruken sin, og ikkje differensierte og lage stereotyper med omgrepene bruken. I artikkelen poengterer ho at lærarar ofte er lite førebudde til å handtere spørsmål og samtalar som omhandlar born sin familiesituasjon. Vidare må lærarar vere med på å underbyggje påstanden om at sjølv om ikkje dei genetiske fellestrekka er til stades, veks born opp i omsorgsfulle familiar med kjærleik til kvarandre. Dette kan lærarar mellom anna gjere ved å tenkje over språkbruken sin, og oppgåvene dei gir til elevane.

Med etterhald om at andre forskingar er utelate, kan det sjå ut til at studien min kan tilføre noko nytt innan det barnelitterære fagfeltet. Oppgåva er relevant då den behandler syskenrelasjonar ein finn i dag. Både i samfunnet og i litteraturen er det eit mangfald av ulike syskenforhold.

Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er bygd opp av fem kapittel. Etter innleiingskapitlet vert det gjort greie for avgjerande kriterium i utveljinga av tekstutvalet, samt presentasjon av dei tre bøkene. Deretter vert metode og teori presentert. Kapittel fire består av analysane av *Motorsykkelmysteriet* (Bruheim, 2014), *Fly, Thea! Fly!* (Bratlund, 2015) og *En bror for mye* (2016). Avslutningsvis, i kapittel fem, blir funna drøfta, der både fellestrek og ulikheiter mellom dei tre bøkene vert kommentert. Funna i dei tre samtidsromanane vert og drøfta i lys av bokmeldingar og tidlegare forsking.

2. Presentasjon av materiale

Forskinga i denne oppgåva består av ein tekststudie av tre bøker for born og unge:

Motorsykkelmysteriet (2014) av Magnhild Bruheim

Fly, Thea! Fly! (2015) av Bente Bratlund

En bror for mye (2016) av Linde Hagerup

Materialet inneholder familiar med ulike syskensamsetningar, mellom anna adopsjonsborn, fosterborn, biologiske sysken og stesysken. Alle tre bøkene består av familiekonstellasjonar der nokon har flytta inn, og familiene er i endring.

Oppgåva er avgrensa til å ta utgangspunkt i tre bøker. På den måten vil ikkje materialet gi ei oversikt over korleis alle bøker med syskenrelasjonar er. Forskinga tek heller eit djupdykk i dei tre bøker, og dei vert ståande som representantar på området.

2.1 Kriterium for materiale

I arbeidet med å gjere utval av materiale gjekk eg ut frå fleire kriterium. Eit kriterium var at bøkene skulle vere realistisk litteratur som omhandla ulike familie- og syskenkonstellasjonar. Sjølv om forskjellige familiekonstellasjonar har, som tidlegare nemnt, eksistert i mange år, vel eg å ta utgangspunkt i samtidslitteratur. Det er for å kunne rette blikk mot tendensar i samfunnet. På den måten vil eg kunne sjå på fleire ulike relasjonar, då det som nemnt finst forskjellige syskenrelasjonar. Difor vart det eit kriterium at bøkene har blitt utgitt dei siste fem åra, mellom 2013 og 2017.

Eit anna kriterium har vore at synsvinkelen og perspektivet har vore hjå borna, slik at ein som leser får tilgang til kjensler og meiningar karakterane har. Sjølv om omrent alle borna i familiene i den utvalte litteraturen kan karakteriserast som stesysken i og med at dei ikkje har biologisk tilknyting, kan relasjonane vere ulike alt etter kva situasjon og forbindelse dei har. Andre kriterium eg har gått ut i frå har vore målgruppa bøkene er meint for, nemleg at dei høver for born i alderen 8-13 år. Dette valet har eg gjort då eg vil sjå vekk frå biletbøker og

dei typiske bøkene som omhandlar born som vert enten storebror eller storesyster. Med bakgrunn i dei nemnde kriteria har eg kome fram til dette utvalet:

2.2 Motorsykkelmysteriet (2014) av Magnhild Bruheim

Motorsykkelmysteriet er fyrste bok i ein serie som handlar om Stine og Stian på 12 år. Stine og mora Lisbeth flyttar inn til Stian, systera hans Malin og faren deira, Jarle. Mora til Stian døydde for nokre år sidan, og no er faren hans i eit forhold med mora til Stine. Stine veit ikkje kven faren hennar er, då mora drog til utlandet for å bli gravid med assistert befrukting. I boka blir det skildra korleis forholdet til Stine og Stian er, i tillegg til at dei opptrer som detektivar då dei blir vitne til fleire dramatiske situasjonar i gata dei bur i. Stine og Stian har vakse opp i to ulike familiar, og har difor forskjellig syn på kva ein familie inneber. Stian poengterer ofte overfor Stine at ho ikkje veit kven faren er, og han synes dette er veldig rart. Stine forstår ikkje kvifor han er så oppteken av dette, då det alltid har vore ho og mora åleine, noko som har fungert godt for dei. Stine har ikkje hatt noko interesse rundt faren tidlegare, før Stian byrjar å prate mykje om det. Begge er veldig opptekne og fullt klar over at dei ikkje er biologiske sysken, og poengterer dette fleire gonger. I boka får lesaren også innblikk i Stian sitt forhold til storesystera Malin, og korleis Stine synes det er å få ei eldre syster. Malin havnar midt oppi det dramatiske som skjer, og det gjer detektivarbeidet til Stian og Stine utfordrande. Syskenforholda blir sett på prøve. Annan kvart kapittel skiftar synsvinkel mellom Stine og Stian, slik at lesaren får innsyn i begge sine kjensler og tankar kring familiesituasjonen og alt det dramatiske som hender. Dei dramatiske hendingane utviklar seg i mange retningar, det same gjer forholda og relasjonane i den nye syskenflokkon. I denne boka møter ein på ulike syskenforhold som biologiske sysken og stesysken.

2.3 Fly, Thea! Fly! (2015) av Bente Bratlund

I boka *Fly, Thea! Fly!* møter lesaren Thea som flyttar inn til Mie og Markus, og foreldra deira Hilde og Tor Arne. Mora til Thea er sjuk, og ikkje i stand til å ta vare på henne. Far hennar hører me særslite om, anna enn at han har vore fråverande i heile livet til Thea. Thea slit med å finne plassen sin i den nye fosterfamilien, og ho føler at ho ikkje hører til nokon stad, verken i den nye heimen eller på skulen. Ho har alltid vore glad i å teikne og male, og arbeid med dette blir difor friplassen hennar der ho får utløp for kjenslene sine. Thea deltek på eit målarkurs, og her skjer det noko med henne som person. Kunstferdigitetene hennar utviklar

seg, og det same gjer kjensla om tilhørsle i den nye familien. Kunstopplevingane og tilhørsla i familien påverkar kvarandre. Gjennom boka får lesaren innsikt i korleis det er å vere fosterborn i ein annan familie, då din eigen ikkje klarar å ta vare på kvarandre. Boka dreier seg mest om korleis det er for eit fosterborn som ikkje føler seg som ein del familien, og korleis Thea brukar kunst for å drøyme seg vekk og skildre kjenslene sine. Også i denne boka møter lesaren biologiske sysken i Mie og Markus, men hovudvekta av innhaldet handlar om det å ha og vere fostersysken.

2.4 *En bror for mye* (2016) av Linde Hagerup

Sara er ni år, og bur saman med systera Emilie og foreldra deira. Steinar på fem år flyttar inn til Sara og familien då mora hans døyr. Sara og Steinar har vore mykje med kvarandre opp gjennom åra, og Sara har sett på Steinar som ein liten irriterande gut. Foreldra til Sara er mykje med Steinar og prøver å hjelpe og støtte han i den utfordrande situasjonen. Det blir vanskeleg for Sara å tilpasse seg den nye situasjonen i familien, og ho klarar ikkje heilt å bestemme seg for kva ho synes om den nye broren. Ho meiner at Steinar får for mykje merksemd og kjærleik, og føler at kvardagen no har blitt heilt forandra etter at Steinar flytta inn. Ein kveld overhøyrer Sara ein samtale mellom foreldra om at det hadde vore betre for Steinar om han hadde hatt storebrør i staden for storesyster. Dette bestemmer Sara seg for å gjere noko med. Sara går inn i rolla som Alfred når ho er heime, ein storebror for Steinar. Ho kler seg ut som ein gut, og endrar haldninga til korleis det er å ha fått seg ein ny bror. I rolla som Alfred klarar Sara å vise meir omsorg og vere eit meir støttande familiemedlem for Steinar, og forholdet mellom Sara og Steinar utviklar seg. Sjølv om Sara likar å vere Alfred, er det Sara ho helst vil vere. I slutten av boka har forholdet mellom Sara og Steinar blitt betre, og Steinar ser at Alfred faktisk er Sara, og at det fungerer best for begge to. Som i dei to andre bøkene i utvalet får lesaren innsikt i syskenrelasjonar med biologiske sysken, men og sysken som blir adoptert inn i familien. Av tekstutvalet er *En bror for mye* den einaste boka som har omgrep om syskenrelasjonar i tittelen, noko som er interessant med tanke på kva tema dei ulike bøkene tek opp.

3. Metode og teori

3.1 Nærlesing og motivanalyse

Ein litteraturvitenskapleg analyse vert av Per Thomas Andersen, Gitte Mose og Thorstein Norheim (2012, s. 18) definert som lesaren sin måte å tolke tekstar på. Ein må vise og grunngje korleis ein les ein bestemt tekst, og kvifor ein gjer det på den måten. Nærlesing er den metodiske tilnærningsmåten til tekstane i denne oppgåva. Nærlesing stammar frå den metodiske grunnregelen frå nykritikken; *close reading*. Ved denne metoden behandlar ein teksten som eit estetisk objekt (Andersen et al., 2012, s. 20). I nærlesinga av utvalet vil eg gjennomføre ein *motivanalyse*. Rolf Gaasland (1999, s. 118) brukar påfølgjande definisjon på analysemetoden, sjølv om han karakteriserer den som generell og upresis: «Et motiv er den hendelsen, karakteren eller settingen en tekst handler om». I motivanalyse er det sentrale motiv i teksten som legg føringar for kva som bør studerast og analyserast (Andersen et al., 2012, s. 22). Motivet i denne oppgåva er framstillinga av syskenrelasjonane lesaren møter i bøkene i tekstutvalet.

Andersen et al. (2012, s. 23) påpeiker bruken av relevant teori for å heve nivået på ein litterær motivanalyse, då den blir som eit hjelpemiddel for å skildre og forstå teksten. Slik blir teorien med på å opne opp ulike sider ved litteraturen (Andersen et al., 2012, s. 23). Bøkene i utvalet sin eigenart er forskjellig, men samstundes kan ein dra parallelar mellom dei. Det er fokuset på framstillinga av syskenrelasjonar i barnelitteraturen som legg føringar for kva teori som vert nytta i denne masteroppgåva. Eg rettar fokus mot dialogane til karakterane, og støttar meg difor til Mikhail Bakhtin (1984) sin teori om polyfoni og fleirstemmigheit. I dialogane vil eg studere språket og omgrep karakterane brukar, og sjå kva kriterium og verdiar karakterane legg til grunn i omgrep som definerer ulike syskenrelasjonar. Her nyttar eg Stanley Cavell (1979) og hans teori om daglegspråk. Vidare vil eg sjå om karakterane forhandlar om kriteria og verdiane som ligg nedfelt i språket, både hjå den einskilde karakteren i indre drøftingar, men og mellom karakterane i ytre dialogar.

3.2 Bakhtin - polyfoni i indre og ytre dialogar

I arbeidet med å studere syskenrelasjonar i samansette familiar, vil eg som nemnt fokusere på romankarakterane sine indre og ytre dialogar. Då kan ein sjå vurderingane og tankane karakterane gjer seg kring den nye situasjonen. Mikhail Bakhtin (1984) sine studiar av det dialogiske i skjønnlitteratur bidreg til å sjå korleis karakterane diskuterer med seg sjølv og kvarandre om dei ulike syskenrelasjonane. Han var den fyrste til å omtale Fjodor Dostojevskij sin litteratur med omgrepene *polyfoni*. Med polyfoni meinte Bakhtin (Børtnes, 1993, s. 165) at karakterane til Dostojevskij var *fleirstemmige* i den indre dialogen, altså at fleire stemmer i medvitet samtala saman. Den indre dialogen deler Bakhtin i to forskjellige dialogar; *mikrodialogen* og *den store dialogen*. Mikrodialogen handlar om interne drøftingar og tankar, der det er to eller fleire stemmer som er i dialog og samtalar med kvarandre (Larsen, 2006, s. 106). Den store dialogen omfattar samfunnsdiskursen (Moe, 2014, s. 54). Det handlar om forholdet mellom forfattar og karakterar (Larsen, 2006, s. 107). Bakhtin sin teori om fleirstemmigheit har i ettermiddag hatt stor betyding for litteratur- og språkvitskapen både i Russland og resten av verda (Børtnes, 2009). Fokuset i denne oppgåva er retta mot mikrodialogen som karakterane fører, og korleis syskenrelasjonane kjem til syne i fleirstemmigheita til karakterane. Samstundes vil dei ytre dialogane også bli retta fokus mot, der eg vil sjå korleis dei grunngjev forståinga si og forhandlar om relasjonane. Slik har dei ytre og indre dialogane direkte samanheng, då utsegna til syskena kan påverke korleis karakterane diskuterer med seg sjølv undervegs og i etterkant av samtalane deira.

Bakhtin vart særleg kjend etter at han publiserte essayet *Problemer i Dostojevskij's diktning* i 1928. Der karakteriserte han Dostojevskij sin litteratur som polyfonisk, og omgrepet henta han frå musikkteorien. Frå musikkverda kan ein samanlikne polyfoni og fleirstemmigheit med alle stummene i eit kor som fell saman i ein samklang (Bakhtin, 2003, s. 160). Ved å kalle romanane for polyfoniske, meinte Bakhtin (1984, s. 6) at litteraturen og karakterane hadde eit mangfold av sjølvstendige stemmer og medvit, altså ein polyfoni av fullverdige stemmer. Karakterane har eit mangfold av individuelle medvit som diskuterer med kvarandre, og alle desse stummene er likeverdige.

Her skildrar Bakhtin den dialogiske diskursen, som ein motsetnad til den monologiske diskursen. Den monologiske diskursen i litteratur vert karakterisert med at karakterane vert styrt av forfattaren sin vilje, manipulasjonar og ideologiar (Børtnes, 1993, s. 167). I

monologisk diskurs er forfattaren den allvetande skapar av sitt verk, og styrer over det. Ut frå forfattaren sitt medvit blir karakterar og skjebnar sett saman i ei objektiv verd. Forfattaren sin eigne ideologiske posisjon dominerer verket, og vert styrande for både verket og karakterane (Bakhtin, 1984, s. 7).

I dialogisk diskurs er derimot autoriteten opphøga, og forfattar og lesar vert ståande som likeverdig med karakterane (Børtnes, 1993, s. 167). Karakterane har eit mangfald av likestilte medvit. Det er dette mangfaldet av likestilte medvit som samtalar med kvarandre, og deira verd, som skildrar den dialogiske diskursen. Med grunnlag i dette meiner Bakhtin (Børtnes, 1993, s. 167) at karakterane vert frie, og kan motseie forfattaren, og slik sett ikkje vere underdanige. Den monologiske strukturens *enten – eller* med forfattarstyrt preg, må vike for eit *både – og* der karakterane og forfattaren er jamstilte (Børtnes, 1993, s. 168). I monologisk diskurs er forfattaren høgste instans, medan i dialogisk diskurs er forfattar, karakter og lesar jamstilte. Bakhtin (2003, s. 14) skildrar det gjennom å seie at «Det litterære kunstverket er ikke lenger gitt innenfor forfatterens monologiske univers, men forfatteren trer ned på samme plan som romanheltene, går i dialog med dem, og romanen rommer flere «tankeuniverser», ikke bare forfatterens eget».

Bakhtin sin teori om polyfoni og fleirstemmige karakterar har møtt sin motstand. Fleire peika på at Bakhtin overdreiv når han karakteriserte Dostojevskij sine karakterar som polyfoniske og fleirstemmige. Karakterane kan ikkje stå utanom forfattaren sin regi, slik som i dialogisk diskurs, og forfattaren vil alltid ha makta over dei og det som skjer (Pollard 2008, Shields, 2007, ref. i Moe, 2014, s. 55). Bakhtin hevda og at absolutt all litteratur er polyfonisk, mellom anna lyrikk og drama, og det har hausta kritikk frå fleire hald (Larsen, 2006, s. 113).

To eller fleire stemmer i ein dialog

For at det skal vere ein dialog, må det vere minst to eller fleire stemmer som drøftar saman. Stemmene har sin eigen identitet, og står alltid i relasjon til kvarandre. Dei kan også opptre som forskjellige personlegdommar, og somme gonger kan ein oppleve at andre sine stemmer og ytringar tek del i den interne drøftinga (Moe, 2014, s. 54). I indre dialogar peikar stemmene både framover og bakover når dei diskuterer: «Enhver ytring peker bakover til tidligere ytringer som den vil besvare, og den peker fremover mot fremtidige ytringer, som den vil foregripe» (Bakhtin, 2003, s. 14). Samstundes vil tidlegare stemmer gi liv og nyansar

til diskusjonen, med at dei ytrar og diskuterer med nye stemmer (Petterson, 2000, ref. i Moe, 2014, s. 54). Kvar enkelt stemme har si personlege mening som innehold spørsmål som er retta mot nokon, og forventar eit svar. I interne diskusjonar utforskar alle dei forskjellige stemmene eit tema, diskuterer og vurderer kring det, og kjem fram til eit mogleg svar eller resultat. I den ideelle dialogen er alle stemmene likeverdige, og dei får fortelje si historie i samspel med andre, utan at nokon vert underordna. For å kunne handtere kaoset i liva våre, treng ein å diskutere med seg sjølv, og mikrodialogen kan vere fylt av kampar og drøfting. Når ein fører indre samtalar, kan ein utvikle sitt eige perspektiv på seg sjølv og omverda, uavhengig om ein har same utgangspunkt eller ei (Moe, 2014, s. 54). Det som kjenneteiknar fleirstemmigheit i indre diskusjonar, er at fleire sider vert lyfta fram og drøfta;

Polyfoniens kjerne består nettopp i at stemmene forblir selvstendige, og som sådanne forenes de i en enhet av en høyere orden enn homofonien. Hvis man skal snakke om den individuelle viljen, foregår det nettopp en sammenføring av flere individuelle viljer i polyfonien, det finner sted en prinsipiell krysning av en enkelt individuell viljes grenser. Man kunne si det slik: Polyfoniens kunstneriske vilje er viljen til å føre sammen mange viljer, viljen til begivenheten (Bakhtin, 2003, s. 161).

Når dei ulike stemmene hjå menneske og karakterar diskuterer saman, forhandlar dei med kvarandre. Bakhtin (1984, s. 28) hevdar at fleirstemmigheita gjer at ein vert tvinga til å møte og konversere med mellom anna sitt «doble» eg, med djevelen, med sitt alter ego og med sin eigen karikatur. Ein tek opp ulike problemstillingar for å handtere utfordringar og finne svar på konfliktar. Fleire tankar, problemstillingar og løysingar vert lyfta fram og diskutert. Desse karakteristikkane kjenneteiknar polyfoniske karakterar. I den indre dialogen er til og med sanninga ein personlegdom, eller ei stemme, som går inn i eit forhold og dannar relasjonar med andre personlegdommar i fleirstemmigheita. Sanninga vert ein samtale- og drøftingspartnar (Bakhtin, 1984, s. 31-32). Det mest essensielle i polyfonisk litteratur er kva som skjer når medvita samhandlar. Det er deira gjensidige påverknad og gjensidige avhengigkeit som løftar fram polyfonien (Bakhtin, 1984, s. 36).

Ein måte karakterar kan gå i dialog med seg sjølv på, er når andre sine utsegn, eller ord og omgrep ein har lest og høyrd, gjer seg til kjenne som stemmer i medvitet. Dette kan og vere ord ein har gjort seg opp ei mening om, eller uttrykk med allmenn forståing, stemmer og ytringar (Larsen, 2006, s. 105). Det vert desse einskilde stemmene ein har dialogar med.

Andre sine stemmer, meininger og ytringar vert synlege, og karakterane kan og omtale seg sjølv i tredje person. Fleire av desse meiningsytringane blandar seg og tek del i den indre diskusjonen. På den måten vert den interne samtalens prega av forskjellige stemmer med forskjellige meininger, og skapar dialog hjå karakteren (Larsen, 2006, s. 106).

Når karakterar er i dialog både med seg sjølv og andre, og slik vurderer ulike situasjonar, spelar konteksten inn. Bakhtin (2003, s. 14) forklarar dialogar og dialogisme som «en språkteori som alltid betrakter språklig praksis som kontekstbundne ytringer». Konteksten som ytringa er ein del av, påverkar både det som vert sagt, og kva mening som ligg bak utsegna (Holm & Skorgen, 2006, s. 8). Difor må ein vere medviten over kva situasjonar dei ulike dialogane og ytringane er ein del av. Det spelar inn på forståinga av omgrep, og korleis samtalane utartar seg.

Bakhtin og fleirstemmigheita opnar for at syskenrelasjonar kan kome til syn

Bakhtin sine tankar om indre monologar og dialogar, og i denne samanheng den dialogiske diskursen, vil vere relevant for analysen av tekstuvalet i denne oppgåva. Mange av karakterane sine meininger, deira usikkerheit, bestemtheit og kjensler, kjem i større grad til uttrykk i dei indre dialogane, og vil difor vere med å synleggjere kva dei føler om den nye familiesituasjonen og dei nye syskena. Dei ytre samtalane mellom karakterane vil og synleggjere relasjonane mellom syskena, og vise både semje og usemje kring forholdet mellom dei. Her kan mellom anna karakterane gi uttrykk for sine eigne kjensler og vurderingar av forholda deira, og skape diskusjonar mellom kvarandre, samstundes som dei kanskje ikkje torer å ytre si eigentlege mening. Karakterane kan vere både usamde og samde i om dei ser på kvarandre som sysken og familiemedlemmar eller ikkje, og samhandlinga deira vil vere med å vise kva forhold dei har. Dei ytre dialogane er og med på å skape fleirstemmigheit i romanane som heilskap, då dei kan vise forskjellige tydingar og oppfatningar av kva som vert veklagt i det å vere sysken. Dei kan vise at det nødvendigvis ikkje er noko fasitsvar på korleis syskenforhold skal og bør vere. På den måten vil dei ytre dialogane vere grunnlag for vurderingane til karakterane i dei indre dialogane, samt vise korleis karakterane gjer eigne tankar og meininger til kjenne ovanfor syskena sine.

Ytringar med historisk arv

Helge Vidar Holm og Torgeir Skorgen (2006, s. 7) viser i boka *Dialogens tenker. Nordiske perspektiv på Bakhtin* til eit sitat av Bakhtin der han meiner at kvar ytring har ei historisk arv i seg, samstundes som den bør sjåast på som ei ny hending. Når ein er i dialog med både seg sjølv og med andre, byggjer ein på allereie eksisterande språklege og biletlege konvensjonar, samstundes som ein kan vere med å gje uttrykk ny betydning (Holm & Skorgen, 2006, s. 9). Det skjer både i samspel med andre, men og i den indre dialogen ein fører, der forhandlinga av omgrep vert til etter at meinings og verdiane kjem til syne. Dei eksisterande språklege og biletlege konvensjonane Bakhtin nemner, kan ein knyte direkte til Stanely Cavell (1979) og forhandling om kriterium og verdiar som oppstår i språkbrukarane sitt daglegspråk. Dette handlar om korleis omgrep ber med seg ei forståing og meinings. Cavell sine synspunkt om verdiforhandling vert nærmere presentert i neste delkapittel.

3.3 Cavell - daglegspråkets avsløringar

Når ein person går i dialog med seg sjølv eller andre, brukar han, som nemnt, tidlegare etablerte språklege konvensjonar (Holm & Skorgen, 2006, s. 9). Språket gjer at ein kan forhandle og diskutere med seg sjølv i den indre fleirstemmigheita, og med andre i ytre dialogar. Ved hjelp av Stanley Cavell sin daglegspråkfilosofi vil eg studere språket i dei indre og ytre konversasjonane. Cavell hevdar at det ligg kriterium i dei enkelte omgropa ein vel å bruke, som gjer seg til kjenne når ein brukar språket i møte med andre. Kriteria er med på å avdekkje verdiar den einskilde språkbrukaren har (Mulhall, 1998, s. 9). Verdiane kjem til syne når det oppstår forhandling om kva kriterium som kjenneteiknar dei ulike omgropa, altså kva forståing ein har av meiningsinnhaldet i dei. Er det usemje om eit omgrep, vil partane gjennom samtale vise forståinga si, og deretter drøfte med kvarandre. Denne drøftinga kan og føre til at den einskilde går i forhandlingar med seg sjølv, og endrar sine eigne kriterium for enkelte omgrep etter påverknad frå andre. Ved å studere kva omgrep karakterane i utvalet nyttar, både i indre og ytre dialogar, kan ein på den måten sjå korleis syskenrelasjonane kjem til syne. Vidare vil forhandlinga mellom karakterane og hjå den einskilde vise kva dei legg i dei ulike omgropa, og korleis dei definerer forholdet mellom kvarandre.

Cavell publiserte i 1979 sitt mest kjende filosofiske verk, *The Claim of Reason*, der han drøftar språket og moglegheitene det gir. I denne oppgåva vil eg bruke ein oversett versjon av

Agnete Øye, kalla *Erfaring og det hverdagslige* (1998). Boka er ei samling av Cavells essays frå *The Claim of Reason* (1979). Stephen Mulhall (1998) har skrive innleiingskapitlet, der han samlar tankane til Cavell om daglegspråk og kriterium ein finn i språket. Her summerer han opp vesentlege trekk frå Cavells filosofiske verk, og eg vil difor bruke Mulhall (1998) si innleiing i utgreiinga av Cavells daglegspråkteori.

Kriterium i språket

Daglegspråket kan fortelje mykje om kvar enkelt språkbrukar, og kva som betyr noko for ein. Når Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) framhevar korleis daglegspråket er med på å tydeleggjere kriterium som er viktige for ein, definerer han kriterium på denne måten; «[kriterium er] språklige bestemmelser som ligger til grunn for kompetente språkbrukeres dom om hvorvidt noe faller inn under et bestemt begrep». Kriterium er altså med på gje ord og omgrep meiningsinnhald, og viser kva forståing og verdiar som er viktige for den einskilde. Når språket er i bruk i dialogar, vert det automatisk ein diskusjon og forhandling om kriteria til dei ulike omgropa. Som presisert i innleiinga til dette kapitlet, kan det bli reist spørsmål om kva ein legg i omgropa ein brukar. Slik kan det bli synleg om ein deler kriteria med andre, eller om det oppstår usemje.

I denne samanheng vurderer ein som språkbrukar kva som høver best og tel inn under forskjellige omgrep. Cavell (1998, s. 224) meiner at noko «teller fordi det passer eller *spiller en rolle*». Når han brukar omgrepet «teller», meiner han ikkje å telje som i å summere opp, det handlar om å etablere medlemsskap eller tilhørsle; det tel for meg. Å skape medlemsskap handlar om å danne *grammatiske objekt*, og om å gi objektet ein bestemt verdi eller interesse (Cavell, 1998, s. 224). Det dreier seg om å sjå kva ein legg i dei ulike omgropa, og kva kriterium og verdiar ein meiner er med på å definere og gi uttrykka meaning. Eit døme i denne samanhengen kan vere bruken av preposisjonar, og korleis dei tydeleggjer forståinga av ulike omgrep. Dei kan fortelje korleis ein viser eigarskap til enkelte ting. På den måten kan språket og ordbruken til karakterane, mellom anna ved bruk av preposisjonar og andre omgrep, vere med å synleggjere forholda mellom syskena, noko eg vil kome nærmare inn på i dei tre analysane.

Ved studium av språket i skjønnlitteratur er Cavell oppteken av korleis kriteria kjem til syne (Kallestad, 2012, s. 235). Mellom anna vert dei synlege ved at litterære karakterar nyttar

språket i dialog med kvarandre. Kriteria kjem og til syne i indre dialogar der karakterane forhandlar med seg sjølve om kva verdiar dei har, og gjennom kva ord dei vel å bruke. Her kan ein knyte samanheng til Bakhtin og at kvar einskild fører interne dialogar. Gjennom karakterane sine vurderingar av kriterium og språket, viser litteraturen situasjonar der lesaren vert utfordra til å ta stilling til desse kriteria og verdiane som ligg implisitt i språket og handlingane. Når lesaren heile tida vurderer og forhandlar om kriteria, kan han føle at han blir dratt i fleire retningar, og ikkje klarar å bestemme seg for kva verdiar han verdset i størst grad. Det same gjeld i sjølve litteraturen, der karakterar som er i dialog, kan bli klar over både sine eigne og andre si vektlegging av verdiar, haldningar og meininger.

Kriteria i språket viser orda sin leksikalske mening, deira grammatikk, og gjer at det vert etablert ei gjensidig tilpassing mellom språk og verd (Mulhall, 1998, s. 9). Det krev ei personleg vurdering av språkbrukaren for å avgjere om det er samanheng mellom språket og verkelegheita i den bestemte konteksten (Mulhall, 1998, s. 11). Enkelte omgrep kan vere lettare å stadfeste meiningsa til enn andre. Konkrete omgrep som *fuglar* kan vere lett å definere, medan andre omgrep, gjerne abstrakte, kan vere meir utfordrande. Kjensler og opplevingar kan vere vanskeleg å definere og kan i større grad variere frå person til person. Den einskilde sine erfaringar og opplevingar kan her liggje til grunn og vere med å påverke eit omgrep si mening. Og ein gjer alle seg ulike erfaringar. Gjennom språket kan ein difor finne ut kva forhold ein har til kriteria og verdiane som ligg i dei enkelte omgrepa. Kva språk ein nyttar, men også fråveret av munnleg tale i enkelte samanhengar, kan vere med på å avdekkje verdiar, haldningar og meininger.

Forhandling om kriterium i omgrep

Når Cavell (1998, s. 224) talar om kriterium i språket, byggjer han på Wittgenstein sin teori. Wittgenstein hevdar at når ein ikkje forstår kva som ligg i eit omgrep, eller er usamd om kva det inneber, startar ein med å erkjenne kriteria i omgrepet. Deretter kjem ein fram til om ein deler forståinga eller ikkje. Her oppstår det som Cavell (1979, s. 34) kallar for forhandling. Cavell (1998, s. 224) seier seg samd i Wittgenstein sin ide om kriteria, og tydeleggjer kva han legg i det;

Wittgenstein bruker denne ideen, sammen med ideen om grammatikk, for å beskrive, og på en måte forklare, hvordan språket står i forbindelse med (og forteller om) ting, hvordan tingene faller inn under våre begreper, hvordan vi individuerer ting og

navngir, bestemmer oss for navn, hvorfor vi kaller tingene det vi kaller dem – spørsmål om hvordan vi avgjør hva som skal *telle* som instanser av begrepene våre; denne tingen teller som et bord, denne andre som et menneske, denne andre igjen som en gud. Å snakke er å si hva som teller.

Cavell (1998, s. 59) skil mellom å finne ut kva eit ord tyder og å finne ut kva eit ord *eigentleg* tyder. Å finne ut kva eit ord tyder, gjer ein ved å slå opp i ei ordbok og finne definisjonen. Når ein skal finne ut kva ordet *eigentleg* tyder, veit ein allereie kva som står i ordboka. Ein føler av ein eller anna grunn ei trøng til å begynne å filosofere, og på den måten oppstår det forhandling. Samstundes påpeikar Cavell (1998, s. 57) at grunnen til at ein blir nysgjerrig på korleis ein annan person brukar eit ord, er at ein mistenkjer eller opplever at denne personen brukar omgrepet på ein uvanleg måte. Dersom omgrep blir brukt på det du sjølv vurderer som normal måte, vil ein ikkje reagere. Den uvanlege måten kan også vere at ein person brukar ordet feil i forhold til di førestilling av den korrekte måten.

Språkleg fellesskap og kontekst

Cavell (1998, s. 53) peikar på det normative i språket når det er i bruk. Vår sosiale bakgrunn, familie, alder og utdanning med meir, er med på å påverke våre haldningar og verdiar, og dette kjem til uttrykk gjennom språket. Me er alle unike individ med forskjellige bakgrunnar og historier, og slik er det ikkje gitt at ein har den same forståinga av kvart enkelt omgrep. For å kunne finne ut om ein har lik forståing av ulike omgrep, må ein, i følgje Cavell (1998, s. 54), forstå kva det inneber å faktisk snakke saman. Å snakke saman er å handle saman, og det kan gi oss vanskar. Aktivitetane ein gjer når ein kommuniserer gjennom språk med andre er kompliserte, og dei er forbundne med kvarandre på kompliserte måtar. Alle oppfattar omgropa si meaning på ulike vis, og somme omgrep kan ha større forskjell alt etter kven som kommuniserer i lag. Yrke, sosial status, samfunnsskilnadar, alder og geografiske skilnader kan vere med å påverke forståinga. Dei sosiale skilnadane vil altså ligge til grunn for forståing av ulike omgrep (Cavell, 1998, s. 54).

Sjølv om sosiale skilnader viser forskjellar i korleis ein definerer omgrep, er alle språkbrukarar deltagarar i eit språkleg fellesskap. Det grammatiske språket er eit fellesskap der språkbrukarane gir meaning til omgrep som har samanheng med kvarandre i ulike kontekstar (Mulhall, 1998, s. 11). Språket vårt har ein felles kulturell plattform og ein historisk dimensjon. Det viser at ein kan ha felles verdiar, og dette verdifellesskapet kan

delast med andre gjennom språket. Samstundes er den felles kulturelle plattforma og den historiske dimensjonen også noko som ligg til grunn for reforhandlingar, då verdiane og forståinga ein har, kan som nemnt vere forskjellige.

Val av omgrep ein brukar er avhengig av kva kontekst dei skal brukast i. Ut frå konteksten vert gyldigheita og betydinga til omgrepa vurderte. Cavell (Mulhall, 1998, s. 10) meiner at avgjersla om eit omgrep er riktig nytta innanfor ein bestemt kontekst, vert og eit spørsmål om også omgrepa det er forbunde med, kan bli brukt innanfor denne konteksten. Mange av omgrepa kan ligge i grenseland mellom fleire nettverk av omgrep, og det kan difor vere utfordrande å lage klare grenser for desse nettverka. Slik kan det oppstå usemje om bruken og innhaldet i omgrepet har vore korrekt. Cavell (1998, s. 53) hevdar det er fleire ting som spelar inn på forståinga av ord og omgrep i kommunikasjon med andre:

«Fordi det å si noe aldri er *bare* å si noe, men å si noe med et bestemt tonefall og i riktig sammenheng, mens man utfører en aktivitet som passer til det man sier, er det ytrede uttrykket bare et åpenbart trekk ved det som skjer når vi snakker».

Her poengterer og trekkjer han igjen fram viktigeita av konteksten og på kva måte orda vert formidla. Både tonefall, samanheng og aktivitet til det ein seier, påverkar korleis andre oppfattar det som blir ytra. Det verbale er berre ein del av det som kjem til uttrykk når ein kommuniserer, og slik kan desse ulike faktorane påverke eigne og andre si forståing av omgrep.

Forhandling gjennom språket i bruk

Studiar av språklege kriterium og indre dialogar i litteratur, som denne oppgåva vil rette fokuset mot, er gjort tidlegare. Åse Høyvoll Kallestad nyttar Cavells daglegspråkteori i sin analyse av boka *Bølgebiter* (1998). I artikkelen «Verdimøter i Hilde Hagerups roman *Bølgebiter*» (2012) ser ho på verdiane som ligg nedfelt i teksten, korleis desse vert behandla og korleis både karakterane og lesaren må ta val om kva verdifellesskap dei ynskjer å høyre til i (Kallestad, 2012, s. 232). I artikkelen trekkjer Kallestad og inn Bakhtin og hans tankar om fleirstemmigheit, og ho ser på korleis karakteren Anna samtalar med seg sjølv og forhandlar om kva verdifellesskap ho vil vere ein del av; «Anna trekkes mot Emma og det nye fellesskapet hun har skapt rundt seg, samtidig som hun tar avstand fra det» (Kallestad, 2012, s. 237). Her må karakteren forhandle om kva verdiar som er viktige for henne. I romanen gjer

pronomenbruken til karakterane dei ulike fellesskapa synlege, og viser både avstand og deltaking. Karakterane brukar omgrep som «de» og «vi», «Emma og jeg» og «Emma og guttene» for å understreke kven som hører til i dei ulike verdifellesskapa (Kallestad, 2012, s. 238-239). Språket er med på å understreke og fortelje kva verdiar ein har og kva fellesskap ein hører til i.

Forhandlingar om syskenrelasjonar i litterære dialogar

Når ein kommuniserer, er det viktig at ein forstår kvarandre. Som den allereie presenterte teorien til Cavell viser, kan ein ha forskjellig forståing av innhald og betyding av omgrep på ulike måtar, noko som kan føre til misforståingar og tvitydigheit. Vidare kan desse misforståingar føre til forhandlingar både i indre og ytre dialogar. I denne samanheng vil eg studere karakterane sitt språk, for å avdekkje kva kriterium og verdiar dei vektlegg når dei brukar dei enkelte omgropa. Slik kan ein lettare forstå korleis dei opplever syskenforholda. Denne studien vil mellom anna rette fokus mot ord som *familie*, *sysken*, *syster*, *bror*, og korleis personane i bøkene brukar personlege pronomen og eigedomsord som *meg*, *deg*, *oss*, *mitt*, og *vårt*. Til dømes kan karakterane sin bruk av «*deg*» og «*meg*» vise forskjellar, samt om dei brukar «*ditt*» og «*mitt*». Ein kan også avdekkje om det skjer ei utvikling i forholdet gjennom språket, til dømes om ordbruken endrar seg fra nemnde «*ditt*» og «*mitt*», til «*oss*» og «*vårt*», der dei i større grad omtalar kvarandre og omgjevnadane som eit fellesskap. På den måten kan ein sjå om dei nye syskena får innpass i fellesskapet, som i denne samanhengen både kan vere syskenflokken og familien. Mellom anna nyttar karakterane fleire omgrep som omfattar den samansette familien, som «min familie», «vår familie» og «storfamilie», «mitt hus og min heim», «vårt hus», «sysken» og «stesysken». Analysen vil ta eit djupdykk i slike omgrep, og avdekkje kva kriterium og verdiar ulike karakterane legg i desse, samt om det oppstår forhandling både hjå den einskilde karakteren og mellom karakterane.

Ved å ta utgangspunkt i omgropa karakterane brukar, kan ein vidare studere om dei forhandlar om forståinga av dei. Både i dei indre og dei ytre dialogane. Kanskje gjer dialogane med dei nye syskena til at karakterane går i forhandling med seg sjølv om kva verdiar dei legg i dei ulike omgropa, og kva verdiar som er viktige i fellesskapa dei no er ein del av. Dersom syskena og karakterane i utvalet går inn i forhandling både med kvarandre og seg sjølv om kva ulike omgrep tyder, kan dei kome til einighet og lettare forstå kvarandre. Noko som igjen kan vere positivt i relasjonsbygginga deira. Samstundes kan desse forhandlingane gå i stå og

føre til fleire og større misforståingar. Både semja og usemja som kan oppstå er moglege scenario i syskenrelasjonane eg vil undersøkje nærare i analysane av bøkene.

4. Nærlesing av tre barneromanar

4.1 *Motorsykkelmysteriet*

I *Motorsykkelmysteriet* møter lesaren eit nytt syskenpar som opplever å vere både samde og usamde, og begge syskena drøftar omstenda både i indre og ytre dialogar. Boka er den fyrste i ein serie på tre bøker som omhandlar Stine og Stian. Bruheim skapar både eit krimplott og ei framstilling av eit familieliv beståande av to familiar samansett til éin. Stine og Stian løyser mysterium og er detektivar, samstundes som dei prøver å handtere den nye familiesituasjonen. Forholdet deira utviklar seg gjennom eit felles mysterium, der blant anna storesyster Malin har ei rolle, og dei må saman finne ut av dette. Forholdet deira er dynamisk, og endrar seg i stor grad gjennom heile boka. Det er primært forholdet mellom Stine og Stian som vert skildra, samstundes som forholda deira med Malin og får merksemd, men meir som ei sekundær handling. Boka er bygd opp av 37 korte kapittel, der 36 av kapittelnamna består av enten «Stine» eller «Stian». Kapitteltittelen er avhengig av kven som har synsvinkelen, og fordelinga er nokså lik, då protagonistane er tildelt annankvart kapittel. Unntaket er det siste kapitlet, kapittel 37, der tittelen er «Stine og Stian», og dei får eit felles kapittel i lag (Bruheim, 2014, s. 219). Dette kan fortelje noko om handlinga og utviklinga i boka. I tillegg har kapitteloverskriftene ein praktisk funksjon. I og med at kapitla byter synsvinkel mellom Stine og Stian, vert det lettare for lesaren å halde oversikta over kven dei fylgjer.

Dialogar og kriterium i språket hjå Stine og Stian

Som nemnt i teoridelen, nytta Bakhtin omgrepet *mikrodialo*g då han karakteriserte korleis eit menneske kan samtale med seg sjølv (Moe, 2014, s. 54). Med det meiner han at kvart einskild menneske har ei fleirstemmigheit i seg, noko som betyr at fleire sider ved personlegdommen samspelar og samtalar med kvarandre. Ofte skjer dette i refleksjonar over noko, eller i målet om å løyse eit problem. Då kan fleire ulike sider av ei sak bli lyfta fram, og ein drøftar med seg sjølv om ulike synspunkt og kva som er det rette. Slik Bakhtin (1984, s. 31-32) hevdar ein fin fleirstemmige karakterar i litteraturen, ser ein at karakterane i *Motorsykkelmysteriet* samtalar og drøftar med seg sjølv. Stine og Stian sitt forhold startar med utfordringar og dialogen dei i mellom er prega av misforståingar. Dei indre og ytre dialogane heng nøye saman, og det som kjem til uttrykk gjennom dei ytre dialogane, samsvarar ikkje alltid med dei

indre dialogane til karakterane. I sine indre dialogar reflekterer både Stine og Stian over syskenforholdet deira, den nye familiesituasjonen og dei andre syskena. I dei ytre dialogane diskuterer dei kor vidt dei reknar kvarandre som sysken eller ikkje, og dei forhandlar om ulike omgrep.

Forskjellige utgangspunkt

Allereie på fyrste side vert lesaren presentert for både Stian og Stine, frå Stine sin synsvinkel. Her får lesaren innsikt i kva begge protagonistane tenkjer om det å bli ein større familie, både gjennom deira indre samtalar og dialogen dei i mellom. Dei nye syskena har eit litt ulikt utgangspunkt for kva dei synes om den nye familien. Stine er positiv og vil bli betre kjend med den nye broren sin, medan Stian viser lite interesse og har negative haldningars. Stine prøver å tydeleggjere for Stian at dei har mykje til felles; namna deira er nokså like, dei er begge 12 år, dei bur i same hus og går i same klasse. Ho synes difor at tilhøva ligg til rette for at dei skal få eit godt syskenforhold. Her blir ulike kriterium Stine har til omgrepet sysken tydeleg, mellom anna alder, namn og sosiale likskapar. Fellestrekk Stine argumenterer for er ikkje grunnlag nok for Stian, og han påpeiker at dei i alle fall har ulike fargar, då Stine er mørk og Stian er lys;

- Stian og Stine. Namna passar saman. Vi kunne vore tvillingar. Kanskje mange trur vi er det.
[...]
– Hei, er du døv? Eg snakka til deg, sa Stine.
– Vi er ikkje eingong i slekt, svarte han utan å sjå opp.
– Men det er jo rart, sa ho ivrig. – Namna er nesten like, vi er begge 12 år og går i same klasse. Nå bur vi i same huset.
– Resten er ulikt. Stian lukka boka og såg endeleg opp. – Du er mørk, eg er lys. Du pratar heile tida, eg pratar berre passe mykje.
– Synes du ikkje det er fint å bli ein større familie? Å bu i eit stort hus?
– Huset vi budde i før, var nesten like stort. Og vi var ein passe stor familie, til mamma døydde.
Stine hadde gledd seg sinnsjukt mykje. Heile livet hadde det vore berre henne og mora i ei lita blokkleilegheit. Nå var dei fem, mamma, Jarle, Malin, Stian og henne. Berre det å få ei storesøster på 16! (Bruheim, 2014, s. 3-4).

Ut frå tekstuddraget kan ein sjå at Stine sine tankar om den nye familiesituasjonen kjem til syne både gjennom samtal med Stian og gjennom dei indre refleksjonane hennar. Ho tenkjer på korleis det kjem til å bli når familien er utvida til å innebere fem stykk. Stine gler seg til å få ein større familie, og har sett fram til dette. Sjølv om ho har hatt det fint med å berre vere

henne og mora, kan det ut frå dette utdraget sjå ut som at det har vore einsamt, og at ho lenge har ynskja seg ein større familie og fleire sysken. Stine har to foreldre med born og sysken som kriterium for ein familie. Ho prøver og å få Stian i tale og få han til å setje ord på kjenslene sine, men han er lite mottakeleg og har bestemt seg for at ting var betre før. Stine fokuserer på likskapane mellom dei, medan Stian ser ulikskapar. Tross deira fellestrek, vert dei her ståande som kontrastar mot kvarandre.

Som nemnt i teorikapitlet, hevdar Cavell (1979, s. 34) at forståinga av eit omgrep kan vere ulik frå individ til individ, og at det kan oppstå usemje om ord si tyding og mening. Det viser seg mellom anna gjennom kva kontekstar omgrep vert brukt i, og kva ein vektlegg som tyding av dei. Utdraget viser kva både Stine og Stian har som kriterium til det å vere i slekt og i familie, og dei er usamde. Slik Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) hevdar at kriteria ein har til ulike omgrep kjem til syne i språket, viser teksten korleis både Stine og Stian opplever omgrepet familie. Stine meiner kriterium som sosiale fellestrek er kriterium for omgrepet, som utsjånad og bustad. Stian har DNA som kriterium, og seier; «vi er ikkje eingong i slekt». I og med at dei ikkje har felles DNA, reknar ikkje Stian Stine som ein del av sin familie, og han fokuserer på mangelen av biologisk tilknyting. Det fortel at Stine og Stian har ulik forståing av familie, og dei deler ikkje dei same kriteria som ligg nedfelt i omgrepet. Det at dei har noko forskjellig forståing av omgrepet familie fortel at syskenforholdet i starten ber preg av usemje, misforståingar og diskusjonar, og dei får difor ikkje den beste starten til å utvikle og byggje vidare på syskenforholdet deira.

Ulike opphav

Stian si forståing av omgrepet familie vert synleg når han spør Stine om familien hennar. Han lurer på korleis det er å ha vakse opp utan far, og tergar henne med dette. Han gjer eit stort nummer ut av det, og Stine vert etter kvart irritert. Samtidig som han plagar Stine med det, kjem hans forståing av omgrepet meir til syne;

- Er det ikkje rart å aldri ha hatt ein far?
- Kvifor er det rart? Du har jo ikkje mor lenger.
- Det blir noko heilt anna. Eg har jo ei mamma, sjølv om ho er død. Eg har bilde av henne, og minne inne i hovudet.
- [...]
- Så du veit at det trengst både eggcelle og sædcelle, sa han ertande. – Du kunne jo ha sove den timen de lærte om det.
- Mamma skaffa seg ei sædcelle, så enkelt er det. Ho ville ha meg, ho bar meg i magen,

fødde meg, og vi to har budd saman heile tida. Ingen andre. Punktum.

Han drog munnen ut i ein flir, som om han gjorde litt narr av henne.

- Eg er like god som alle andre, la ho til, i tilfelle han var i tvil om at ho var eit like heilt menneske med berre ein forelder.

- Sikker på det? Han smilte enda breiare og la til: – Og det er jo rart likevel, da. Sædcella kjem jo frå eit menneske. Lurer du ikkje på kven han er? Korleis han ser ut, for eksempel.

- Tenkjer aldri på det. Kan vi snakke om noko anna?

- Men tenk at det kan vera kven som helst. Kanskje har du møtt han på gata. Kanskje snakka med han. Kanskje han er far til ei venninne av deg. Alt slikt.

- Kvifor skal eg ha slike dumme tankar? Mamma er mor mi, ferdig med det.

- Veit ikkje ho heller kven han er?

- Det var jo berre ei sædcelle, har eg sagt, sa ho irritert. – Dessutan fekk ho den i utlandet. Og nå gidd eg ikkje snakke meir om det (Bruheim, 2014, s. 4-5).

Utdraget viser igjen at Stian og Stine si oppfatning av omgrepene familie er forskjellig, og prega av deira eigne erfaringar. For Stian kjem ikkje Stine frå ein normal familie, då hans kriterium til omgrepene inneber både mor og far. I ein familie treng det ikkje vere to foreldre for Stine, for ho held det å berre ha vakse opp med mor. Dei er fortsatt ein familie sjølv om dei har vore to. At Stian og Stine har ulike oppfatningar av kva ein familie er og bør vere, kan vere ein av grunnane til at Stian ikkje ser på Stine som ein del av familien, og difor får syskenforholdet ein vanskeleg start. Slik Cavell (1998, s. 54) påpeiker at sosiale skilnader som yrke, sosial status, samfunnsskilnader og alder kan påverke den einskilde si forståing av ulike omgrep, spelar også erfaringar inn. Utdraget viser at erfaringane til Stine og Stian påverkar deira forståing av omgrepa. Tilhøva dei har vakse opp i, er for dei normale, og ein ser at deira kriterium for somme omgrep er tufta på eigne erfaringar.

Sjølv om Stine ikkje vil innrømme det for seg sjølv og andre, blir ho påverka av Stian sine utsegn om familien og faren hennar. Det plagar henne meir og meir, og Stian set tankane i gang hjå henne. Stian og Stine hamnar midt i noko dramatisk, der det skjer både påkøyrlar og ran. Fleire hendingar vert knytt til romfolk og ein romleir som ligg rett ved sidan av deira nabolag. Stian kjem igjen innpå faren til Stine, og kven han kan vere;

- Du... før du går, sa han og greip ein idé, - ... den jenta i leiren liknar i grunnen litt på deg.

- På meg? Kva meiner du?

- Ja, ikkje kroppen, sjølvsagt, jenta er lita og tynn, mens du i grunnen er kraftig. Stian lo inni seg over ansiktsuttrykket til Stine.

- Seier du, din pingle, sa ho tydleg irritert.

- Men sidan de liknar, så tenkte eg at kanskje pappaen din er frå romfolket.

- Ikkje kødd.

- Du må jo ha det mørke håret og auga frå nokon. Har du ikkje tenkt på det? Mora di er heilt lys og blåøygd. Da må det mørke vera frå far din.
- [...]
- Tenk så rørande ei historie, da, sa han vidare. – Plutseleg finn du den delen av familien din som du aldri har kjent. Som henta ut av eit fjernsynsprogram. Stian fekta med hendene og gjorde seg til.
- Kan du ikkje slutte? Stine stod der med auga fulle av tårer.
- Så rørande at hovudpersonen sjølv må gråte (Bruheim, 2014, s. 62-63).

Stian påpeiker fleire gonger at dei har ulike opphav, og er difor ikkje i familie. Samstundes som han gjer det for å poengtere det overfor Stine, ertar han henne også. For Stine sin del er det ikkje morosamt i det heile, og det sårar henne. Dette utdraget, og korleis Stian snakkar med Stine angåande donasjon, fortel at måten Stine har blitt til på, ikkje er noko han tykkjer om. For Stian består ein familie av eit born med ei mor og ein far, ikkje eit born som har blitt til gjennom assistert befrukting og har éin forelder. Tidlegare utdrag der Stine forklarar til Stian at ho vart til gjennom donasjon frå utlandet, viser at ho eigentleg ikkje har tenkt så mykje over opphavet hennar, og at det for henne har vore naturleg å aldri ha hatt ein far. Men med Stian sine gjentekne forsøk på å poengtere dette, gjer det noko med henne. Ho vert usikker på seg sjølv, og sin eigen familie;

- Stine bladde i albumet utan å svara. Ho såg det ho hadde trudd, men aldri tenkt over før Stian hadde sagt det. – Kvifor er ingen så mørke som meg? spurte ho. [...]
- Det var noko rart med den sædcella, ikkje sant? [...]
 - Kven kom den sædcella frå?
 - Eg trur eg er mørk på grunn av den sædcella (Bruheim, 2014, s. 91-92).

Stian har tydleg påverka Stine og gjort henne usikker på kven og kva ho kan rekne som familie. Ho blir nysgjerrig på kven som er faren hennar, noko ho tidlegare ikkje har brydd seg om. Gjennom Stian sin gjentekne påpeiking av forskjellane mellom dei, går Stine inn i ein prosess der ho forhandlar med seg sjølv om omgrepel familie, og om ho har det som trengst for at ho og mora fell inn under omgrepel. Forhandlinga Stine går gjennom, meiner Cavell (1979, s. 34) skjer dersom det oppstår usemje om kriteria. Ho reforhandlar med seg sjølv. At Stine tenkjer meir og meir på faren sin, kan også ha noko med at ho og mora no bur saman med Jarle. Kanskje har det å sjå forholdet mellom Jarle og Malin og Stian vore med på å identifisere ein lengsel etter det same forholdet til ein far som dei har? Tidlegare har ikkje Stine vore så tett på eit far-born-forhold, men det blir veldig tydeleg for henne når ho no bur med dei, og ser det til dagen.

Familie

Både Stine og Stian brukar omgrepet familie ofte, sjølv om dei har forskjellig forståing av det, og kategoriserer kvarandre ulikt frå kven som hører til deira eigen familie. Dette har blitt belyst tidlegare i analysen, og er eit trekk som går gjennom store delar av boka. Når Stian snakkar om familien sin, føyer han og til «normal». Han reknar sin eigen familie som ein normal familie, då han har vaks opp med to foreldre som bur saman, noko som syner seg å vere eit kriterium for han. Forståinga hans av omgrepet er ut frå eigne erfaringar og opplevingar. I Stian sine auger har ikkje familien til Stine vore normal, og dette poengterer han overfor henne;

- Eg er i alle fall heldig som hadde to foreldre som elsa kvarandre så høgt at dei laga barn saman, sa han fordi han var irritert. - Ein normal familie, med andre ord. [...] - Det seier du for å trøyste deg sjølv, sa Stine (Bruheim, 2014, s. 21).

Det kan sjå ut som han seier dette for å såre Stine, for at ho skal føle at ho har ein «unormal» familie, og at ho på den måten skil seg ut frå andre familiar. Her vil Stian poengtere og understreke at dei kjem frå to ulike familiar. Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) framhevar at når ein brukar språket, prøver ein å gjere slik at forståinga av språk og verd passar saman. Det kan vere både lett og vanskeleg å forstå og leggje meining til abstrakte omgrep, til dømes kjensler, og slik skape samanheng. Ordet «normal» kan og vere vanskeleg for mange å definere. Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) peikar i same stund på at vår forståing av eit omgrep ofte kan vere basert på eigne erfaringar, noko som mange truleg knyter til omgrepet normal. Det normale er gjerne det ein kjenner best til sjølv, og som ein er vane med. Slik Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) peikar på erfaringar og tilpassinga mellom språk og verd, viser teksten at både Stian og Stine gjer nettopp det, ved å knyte «normal» opp til slik dei har opplevd familiene sine, nemleg gjennom sine eigne erfaringar. Dei har difor forskjellig forståing og kriterium til omgrepet. Når Stine og Stian påpeiker dette, ser ein at det vert vanskeleg for dei, spesielt Stian, å kategorisere kvarandre under det same fellesskapet, under same familie. På den måten vert det vanskeleg for dei å sjå på kvarandre som sysken, då sysken fell inn under omgrepet familie. Dei kategoriserer seg ikkje som sysken i det heile, og difor vert syskenrelasjonane fråverande. Dei same linjene kan ein trekke til det Cavell (1998, s. 53) hevdar om det normative i språket vårt. Den sosiale bakgrunnen, familie, alder og utdanning med meir er med å påverke våre haldningar og verdiar, og kjem difor til syne gjennom språket. Det ser me i den skildra situasjonen over, der «normal familie» vert oppfatta ulikt av Stine og Stian.

Samtidig som Stian påpeiker at Stine og mora ikkje hører til i hans familie, brukar han omgrepet når han kategoriserer, snakkar og diskuterer med seg sjølv om alle som bur i det same huset. Han lengtar tilbake til tida då dei var éin familie, og ikkje slik dei er no, nemleg ein «storfamilie» (Bruheim, 2014, s. 45). Stian må tilføye noko til omgrepet familie når han reflekterer over det. Stine sit på kjøkkenet saman med Stian og faren, og dei diskuterer ein artikkel i lokalavisa. Stian tenkjer over korleis det no har blitt, med fleire rundt bordet og samla i same hus;

Stian drog til seg avisas for å lesa. - Kva står det meir? spurde Stine frå andre sida av bordet, mens ho førte ei brødskive til munnen.

Akkurat da skulle Stian ønskje dei ikkje hadde vore ein storfamilie, at det hadde vore berre han og pappa ein roleg morgon, der dei kunne snakke åleine om avisartikkelen og ulykka. Og om dagen i dag, og kva dei skulle finne på om kvelden. Slike ting. Og Malin som sjeldan blanda seg inn i samtalen, berre teksta på mobilen og såg fjern ut som nå (Bruheim, 2014, s. 45).

For at Stian skal klare å kategorisere alle under same familie, må han føye til «stor». Han klarar ikkje å seie familie, og telje alle under same omgrep. Dette viser at han har eit ynskje om at alt skal vere som før. Det er ein daglegdags situasjon der dei sit rundt frukostbordet og samtalar saman, men i tillegg er Stine der og forstyrrar idyllen for Stian. Det kan sjå ut som at han ynskjer å ha faren sin for seg sjølv, stille alle spørsmåla sjølv, og at han ikkje er interessert i å dele han med Stine. I tillegg vert Stine og Malin samanlikna. Malin har vore den stille systera som ikkje har vore interessert i det han og faren diskuterer, men no er det fleire han må dele merksemda til faren med, og han ser på Stine som ein motsetnad til Malin, og ein konkurrent. At det i tillegg har kome ein ny morsfigur inn i biletet, er vanskeleg for Stian å handtere. Det kjem fram frå dette sitatet der dei diskuterer romfolket som bur i ein leir i nabolaget;

- Meiner du dei frå romfolket, sa Lisbeth, tilgjort roleg.
 - Kven andre? Det er jo fleire av dei folka som er kriminelle, sa Malin. – Resten plagar vanlege folk med tigginga si.
 - Slik snakkar vi ikkje om våre medmenneske her i huset, sa Lisbeth sint og søkte hjelp hos far til Stian med blikket. [...]
- Ufred. Stian likte ikkje måten Malin og Lisbeth snakka saman på. Slik var det aldri da dei var berre tre. Eller da dei var fire og ein lykkeleg familie.
- Det er mitt hus også, sa Malin like ampert. – Og du er heldigvis ikkje mora mi (Bruheim, 2014, s. 46).

Etter hendinga på kjøkkenet, diskuterer Stian med seg sjølv. Han stiller spørsmål ved kvifor oppførselen til Malin har blitt slik den er no. Slik Bakhtin framhevar korleis personlegdomane stiller spørsmål og lyfter fram moglege løysingar, viser teksten at Stian har spørsmål han undrar seg over og stiller seg sjølv (Petterson, 2000, ref. i Moe, 2014, s. 54). Han lurer på om den nye familiesituasjonen har innverknad på oppførselen til Malin; «Malin var forandra, før var ho blid og morosam å vera saman med. Nå var ho tverr og vanskeleg. Vart ein slik av å bli ungdom? Eller var det fordi ho hata å måtte tilpasse seg ein ny familie?» (Bruheim, 2014, s. 47). Spørsmåla, og Stian sine moglege svar, kjem til syne og viser at han vurderer og diskuterer grunnar til Malin sin oppførsel. Utan at han seier det høgt og at nokon hører det, kanskje i ein augneblinks svakheit, omtalar han alle i huset under omgrepel familie. I Stian sine refleksjonar og indre dialog kjem dei sanne kjenslene og oppfatninga av den nye situasjonen fram, nemleg at han ser på alle som ein og same familie, sjølv om han seier «ny familie». Men dette skjer ikkje slik at Stine, Lisbeth, Malin eller faren hører det. Kanskje er han ikkje klar over det sjølv at han nemnar alle under omgrepel, og at den oppriktige meininga kjem fram utan at han veit det. Eller er det kanskje berre for seg sjølv han klarar å innrømme at dei alle fem er ein familie? Utsegna kan og tolkast som at han i utgangspunktet reknar alle fem som ein familie, og at ertinga på Stine er noko han gjer for moro skuld.

Malin har heile tida slite med å tilpasse seg den nye familiesituasjonen, både med nye sysken og ei ny kvinne som trer inn i morsrolla. Som utdraget ovanfor viser, poengterer ho at Lisbeth ikkje er mora hennar, og ho har difor ikkje råderett over henne. Samstundes som tida går, klarar Malin likevel å tilpasse seg den nye familien betre og betre. I ein dialog med Malin, Jarle og Stine vert ho irritert over at dei alle må ete felles middag i lag om kvelden, og viser dette tydeleg; «Herregud, sa ho og himla med auga. – Kor teit familie går det ann å ha? Akkurat nå var Stine nesten einig med henne» (Bruheim, 2014, s. 181). Både Malin og Stine grupperer alle fem under éin og same familie på ein naturleg måte, utan at det vert kommentert av nokon. Kriteria til omgrepel familie har vore til forhandling og fått endra betydning for dei. Ingen reagerer på at dei reknar kvarandre som familie. Tidlegare ville Stine eller Stian ha bite seg merke i dette, men ingen set spørsmål ved det. Dei vert alle sett på som ein del av eit fellesskap, nemleg deira familie. På den måten viser utdraget at omgrepel familie har vore til revurdering og forhandling hjå alle syskena, både Stine, Stian og Malin. Familie- og syskenforholda har utvikla seg med tida som hjelp. Samstundes varierer karakterane sine tankar og kjensler om nettopp denne nye familien, sjølv om dei no ser på kvarandre som verdige medlemmar. Foreldra deira prøver stadig å lage til aktivitetar som skal

samle familien og styrke forholdet mellom borna og foreldra, og mellom syskena, og dette blir avslørt av både Stine, Stian og Malin. Stine vil eigentleg ikkje vere med på den nemnde middagen, då ho og Stian har krangla og er uvenner;

Det var ingen vits i å dukke opp til middagen nå. Ho hadde jo sendt melding om at ho ikkje kom, så nå kunne dei få sitja der og juble for Stian i fred for henne. [...] Alle var sikkert skuffa, ikkje minst Stian, som skulle feirast. Dette var eit av dei velmeinande forsøka for å samle alle til ein stor og sterk familie (Bruheim, 2014, s. 192).

Sjølv om dei omtalar kvarandre som familie, viser utdraget at Stine gjennomskodar foreldra sine forsøk på og plan for å samle familien. Syskena er medvitne om at foreldra ynskjer at dei skal vere éin familie, og forstår kvifor dei vil det. Det fortel at sjølv om dei reknar kvarandre som familie, er dei fortsatt medvitne om at dei kjem frå to forskjellige familiar som skal samlast til éin.

Mitt og ditt? Eller vårt?

Stine og Stian har, som tidlegare nemnt, ulike forventingar og meningar om den nye familiesituasjonen. Stine har vist glede over å få større familie, medan Stian heller vil ha det slik det tidlegare har vore. Og dette har Stian gitt uttrykk for til Stine fleire gonger. Likevel augnar Stine eit lite håp for at ting kan bli betre, då Stian seier noko som gjer ho glad;

- Motorsyklisten stoppa. Var det ikkje rett framfor huset vårt?

Det var vanskeleg å vita sikkert på denne avstanden, men Stine var einig i at det såg slik ut. - Kan det ha noko med typen som gøydde seg i hagen å gjera? spurde ho og vart varm inni seg da Stian sa «huset vårt» (Bruheim, 2014, s. 17).

Sjølv om Stian har vore tydeleg på at dei er to separate familiar som bur under same tak, vert Stine glad for å høre at han omtalar huset deira som noko felles dei deler. Det gir ho ei varm kjensle at dei alle hører til under «vårt». I teorikapitlet vart det presentert at Cavell meiner språkbruken kan vere med å fortelje noko om språkbrukaren, til dømes kva som har verdi for han. Han hevdar mellom anna at noko «teller fordi det passer eller *spiller en rolle*», og «å telle» handlar om etablere medlemsskap eller tilhøyrsla (Cavell, 1998, s. 224). Dersom ein ser på utsegna til Stian om «huset vårt» der han pratar om Stine og Stian sin heim, ser ein at han nemnar heimen deira som eit fellesskap dei begge hører til i. Dei tel under det same verdifellesskapet. I og med at Stine ikkje reagerer verbalt på ordbruken, oppstår det ikkje forhandling, og ho viser dermed at ho støttar seg til Stian sitt utsegn. At ho er samd med

Stian, vert endå tydlegare då ho poengterer at ho «vart varm inni seg», då han omtala huset deira som noko felles. Stine gjer ei personleg vurdering i forhold til om det er samsvar mellom ord og verd i konteksten, noko ho meiner det er (Mulhall, 1998, s. 11). Det kan hende at Stine får eit håp om at dei i framtida skal få eit godt og fungerande fellesskap, der alle blir sett under ein og same familie. Utdraget viser, slik Kallestad (2012, s. 238-239) påpeika i artikkelen om *Bølgebiter*, at karakterane heile tida vurderer og forhandlar om kva verdifellesskap dei høyrer til i, og kven som tek del i det. Sjølv om Stian er tydeleg overfor Stine at dei ikkje er i slekt og ikkje kan rekne kvarandre som sysken, deler dei likevel nokre kriterium som gjer at dei høyrer til i det same verdifellesskapet; nemleg heimen deira.

Konteksten er noko som påverkar språkbruken, og Cavell (1998, s. 53) meiner at «det å si noe aldri er *bare* å si noe». I dette utdraget spelar konteksten ei stor rolle for å forstå kva verdiar som gjeld for karakterane. Stine og Stian er i ein vanskeleg og skummel situasjon, då det er mykje dramatikk som hender rundt heimen deira. Mannen som har vore innblanda i ein påkøyrsel har gøynt seg i hagen deira. I Stine og Stian sine tidlegare diskusjonar om kven dei høyrer saman med i ein familie, har det vore mest for å irritere og poengtere overfor kvarandre at dei ikkje er i slekt, i kontekstar der samtalen deira har vore i fokus. No er konteksten ein heilt anna rundt dei, og forholdet dei imellom har ikkje fokus i samtalen. Det primære og viktigaste er å finne ut kva som skjer, og kvifor deira fellesskap vert innblanda. Slik kjem deira ekte, indre verdiar og synspunkt til syne. På den måten ser ein at konteksten som Cavell framhevar, påverkar Stine og Stian sin dialog med kvarandre, og at verdiane deira kjem til syne. Stian gløymer seg nesten, og opprettheld ikkje den tøffe, ertande oppførselen sin når han seier «huset vårt».

Sysken eller stesysken?

Både Stine, Stian og Malin brukar omgrep som omfattar ord som sysken, syster og bror. Karakterane varierer i om dei set merkinga «ste» framfor eller ikkje. Bruken av «ste» er med på å synleggjere syskenrelasjonane mellom dei, og kjenslene deira kring forholda. Kva dei tenkjer og synes om syskena sine, kjem til syne både i indre dialogar, og dialogar dei i mellom.

Tidleg i boka, som tidlegare utdrag viser, då Stian spør Stine ut om kven som er hennar biologiske far, brukar Stine forskjellige nemningar på Stian. Nemningane kjem til syne i den

indre dialogen hennar der ho reflekterer over kva Stian har sagt til henne; «Jammen kunne det vera irriterande å ha ein bror. Eller ein liksom-bror. Kanskje vart det ikkje så moro likevel. Å vera ein stor familie» (Bruheim, 2014, s. 6). Sitatet viser at Stine går inn i syskenforholdet med utgangspunkt i å kalle Stian ein bror. Ho har forventningar til korleis det er å få ein bror, men det er ikkje alltid det blir som ein hadde trudd, og den kjensla kjenner Stine på no. Åtferda til Stian gjer at ho revurderer om ho faktisk vil kalle han ein bror, og ho vert tvilande til om han høver til kriteria ho har til omgrepet. Difor gir ho han nemninga «liksom-bror». Cavell (1979, s. 34) peiker på denne usikkerheita som ein ser at Stine kjenner på, som noko som kan oppstå når ein vurderer ulike kriterium. Usikkerheita gjer at Stine ikkje er sikker på kva ho skal kalle han. Tidlegare i analysen vart det trekt fram at Stine såg på sosiale forhold som utsjånad, bustad og alder som kriterium for å vere i familie. No vert også oppførsel ein del av kriteria hennar. Gjennom kriteria som Stine har for omgrepet bror, synleggjer dei kva verdiar og haldningar ho står inne for. For ho gjeld ikkje berre biologisk utsjånad, og til dels biologisk tilknyting, men ho vektar også åtferda tungt.

At Stine vektlegg åtferd i kven som høver i kategoriane sysken, syster og bror, kjem tydleg fram fleire stader i boka. Etter at Stine og Stian har funne ut at Malin kan ha noko med Motorsykkelmanne å gjere, han som køyrdet på ein gut og stakk av, vert dei nøydde til å ta det opp med henne. Då fråskriv Stine seg alt ansvaret overfor Malin, og overlét det til Stian. Det grunngjev ho i at det er hans syster, og her blir det genetiske gjeldande også for Stine. Stine er tross alt berre ei «ste-syster» for Malin; «Stine sa ingenting. Stod berre og såg på. Dette fekk Stian ordne. Det var hans søster. Slik kunne altså ei storesøster oppføre seg. Kanskje like greitt å ikkje ha nokon» (Bruheim, 2014, s. 19). I denne situasjonen er dei tydeligvis ikkje systrar likevel. Stine er i dialog med seg sjølv, og snakkar med ei oppklarande stemme om korleis det kan vere å ha ei storesyster. Her er det tydeleg at ho forhandlar med seg sjølv. Kjenslene til Stine overfor Stian og Malin varierer i stor grad, og ho kjenner på ein ambivalens om ho vil kalle dei for sysken eller ikkje, og det å ha ein større familie. Stine vil vere ei fullverdig syster for både Malin og Stian, samstundes som det er godt å skulde på at dei berre er «stesøskene» når dei hamnar i vanskelege og utfordrande situasjonar. Igjen ser ein at konteksten påverkar kva forståing ein kan av ha av enkelte omgrep, slik konteksten påverkar Stian til å seie «huset vårt» (Bruheim, 2014, s.17).

I etterforskinga av det som hende, må Stine og Stian gje forklaring til politiet. Ein politimann stiller Stian nokre spørsmål om kva som hende og kven som var der; «Og da gjekk du med

søster di, sa politimannen til Stian. - Nja, Stine er berre stesøster, altså» (Bruheim, 2014, s. 24). Her ser ein at Stian fortsatt ser på Stine som ei stesyster, og ikkje eit fullverdig medlem av sjølve familien han har. Han kallar ho for ei syster, men må hengje merkelappen på. Det er tydeleg at han har eit behov for å korrigere politimannen. Det kan sjå ut som at han ikkje vil bli identifisert i eit fellesskap med Stine, då han tilføyer «altså» på slutten av setninga, som at det skal vere logisk for politimannen som spør han, at dei ikkje er sysken av kjøt og blod. Truleg vil han poengtere det overfor Stine og, slik at ho veit kva Stian føler om deira slektsskap.

Stian si tydeleggjering kjem godt til syne då både han og Stine seinare må prate med Malin om det som har skjedd. Før dei går opp til henne, har dei ein dialog om korleis dei skal gjere det. Stian er klar på at det er han som skal ta ansvaret og få det gjort, med på poengtere og understreke at det er han som er i slekt med henne;

- Vi går og snakkar med henne. Stine var allereie på veg.
- Vent, stoppa Stian henne. – EG går og snakkar med henne.
- Kvifor berre du? Det blir urettferdig. Stine vart småsur.
- Malin er søstera mi. Du sa jo sjølv i går at ho ikkje liker deg. Viss ho har noko å skjule, så tilstår ho berre viss det er til nokon ho stoler hundre prosent på (Bruheim, 2014, s. 29-30).

Dei tre siste utdragene viser at både Stian og Stine er medvitne over syskenrelasjonane mellom dei, og at dei ikkje vil rekne kvarandre som sysken, då må dei i tilfelle leggje til merkelappen «ste». På dette tidspunktet deler dei kriteria som ligg i omgrepene syster. Dei to siste utdragene viser at Stian gjer det klart at han har berre éi syster, og det er Malin. Det kan sjå ut som han gjer det for å poengtere overfor Stine at ho ikkje er del av syskengjengen. At Stian reknar Malin som syster, og ikkje Stine, ser ein når Stine spør korleis praten med Malin gjekk; «Kva sa ho? - Det blir mellom søster mi og meg, sa han, plutselig irritert fordi ho stod og tjuvlytta. [...] – Eg lovde å ikkje tyste, sa Stian og kjende at det var moro» (Bruheim, 2014, s. 38). Her viser han i tillegg kva kriterium han legg i det å vere syster og bror for han, nemleg at ein kan stole hundre prosent på kvarandre. Og så langt har ikkje forholdet til Stine og Stian utvikla seg.

Overfor Stine har Stian eit eigarskap over systera Malin, då den biologiske tilknytinga for han avgjer om dei er sysken eller ikkje. Gjennom bruken av eigedomsord i utdraget over, vert dette tydeleg, då han seier «Det blir mellom søster mi og meg» (Bruheim, 2014, s. 36).

Gjentekne gonger vert det i samtalens om Malin presisert at ho er syster hans, ikkje Stine si. I og med at Stian seier «huset vårt» går han med på at Stine er ein del av heimen og at dei bur i lag. Men Malin har han for seg sjølv, då han seier «søster mi».

Stine gjer og som Stian, og gir syskena merkelappen «ste». Motorsykkelmanen, han som kørde på ein gut, har fått nyss i at Stine og Stian er detektivar på fritida. Stine og Stian har no fått augo opp for kven som kørde Malin heim på motorsykkelen. Stine møter han, og han spør henne om ho er veslesystera til Malin. Ho korrigerer han; «Stine? [...] – Veslesystera til Malin? – Stesøster» (Bruheim, 2014, s. 81). Her ser ein at også Stine har behov for å justere ordlyden, og fortelje at dei berre er stesysken. Slik fleire døme har vist til no, vert alle syskena omtala som stesysken, forutan Malin og Stian som er biologiske sysken.

Kva Stine tykkjer om Stian, vert tydelegare for henne i ein dialog med Julie, ei klassevenninne. Dei pratar om Stian, og Julie spør ho rett ut kva ho tykkjer om han;

- Han er stebror din, ikkje sant? Julie venta ikkje på svar før ho spurde vidare. – Liker du han?
 - Stine vart overraska over spørsmålet. – Stian er jo ok, sa ho.
 - Er han ikkje litt rar? Julie kom tettare inntil henne, som om dei snakka om noko fortruleg.
 - Orda til Julie kjendest som ei kald regnskur. – Rar? sa ho. – Kva meiner du med det? Han er vel heilt vanleg.
 - Han diltar alltid med oss jentene heim frå skolen, for eksempel, sa Julie. – Har han ikkje venner?
 - Klart han har, sa Stine for å forsvara han.
 - Han verkar litt klengete.
- Stian rar og klengete? Stine hadde aldri tenkt slike tankar. Akkurat nå kjendest det som kritikk mot ein bror, sjølv om han berre var stebror (Bruheim, 2014, s. 80).

No er det omgrepet rar, i samanheng med stebroren, som er til forhandling hjå Stine. Som tidlegare nemnt i analysen, kan det oppstå forhandling om kva kriterium som hører til ulike omgrep. I denne samanheng vurderer og forhandlar Stine omgrepet rar (Cavell, 1979, s. 34). Stine og Julie har tydeleg ulik oppfatning av både Stian og kva omgrepet inneheld, og Stine meiner at Stian ikkje fell under den same kategorien. Det meiner derimot Julie, og venninnene deler dermed ikkje dei same kriteria. Også her kan det sjå ut som at både Stine og Julie definerer omgrepet ut frå eigne erfaringar og opplevingar, og difor samanfell ikkje deira kriterium, slik Cavell (1979, s. 34) meiner kan skje. Samstundes har dei begge ulike relasjonar og kjennskap til Stian, noko som kan påverke om dei plasserer han under omgrepet eller

ikkje. Når Julie vil omtale Stian som rar, passar det ikkje med Stine si oppfatning av han, noko som set tankane hennar i sving. I den indre dialogen hennar drøftar og forhandlar ho korleis ho skal få dette til å stemme. Stine og Julie si ueinigkeit kan sjåast i samanheng med Cavell (1998, s. 57) si påpeiking av korleis eit omgrep blir brukt. Han hevdar at ein ikkje reagerer på bruken av eit ord, dersom ein er samd i bruken, kriteria som fell innanfor omgropet og konteksten det er brukt i. For Stine vert Julie sin bruk av ordet rar lagt merke til, og stemmer ikkje overeins med hennar eigne tankar kring Stian og omgropet. Ho reagerer, og er usamd i Julie sin karakteristikk av Stian. Stine og Julie si ueinigkeit kan ein sjå i lys av Cavell og korleis han seier at alle er individ tek del i eit språkleg fellesskap (Mulhall, 1998, s. 11). Det språklege fellesskapet legg grunnlag for forståinga vår av omgrep, men også våre eigne erfaringar og opplevingar er med på å gje ord og uttrykk meining. Her ser ein at Stine gjer ei personleg vurdering av gjensidigheita mellom språk og verd, basert på både det språklege fellesskapet og eigne erfaringar ho har gjort seg (Mulhall, 1998, s. 11). For Stine passar det ikkje å karakterisere Stian som rar, medan for Julie er Stian sin mangel på vene noko som gjer han nettopp det.

Når Stine vurderer på kva måte Stian fell inn under omgrepet eller ikkje, kjem og hennar syn på Stian fram. Ho opplever Julie sin påstand som sårande, like sårande som om ho skulle ha snakka om ein bror. Stine tenkjer altså på Stian som ein heilt vanleg bror, der ho må minne seg sjølv på at han faktisk berre er ein stebror. Utan at Stine er klar over det, kjem hennar indre meiningar fram då ho blir tatt litt på senga og kjapt må svare for seg. Det er ikkje samsvar mellom kjenslene hennar og korleis ho uttrykkjer seg om han. Ho forsvarar Stian og fortel om grunnar som kan påverke Julie i hennar oppfatning av han. Også her ser ein at konteksten spelar inn.

Stine og Stian har tydelege krav til kva det inneber å vere sysken, både når det gjeld deira opphav og oppførsel. Stine har lenge ynskt seg ei syster, og tidlegare utdrag viser at ho er glad for å få ei storesyster på 16 år. Når Malin og Stine er saman, kjem det fram at ho kunne ynskt at ho og Malin hadde det like fint som «ordentlege» systrer eller sysken (Bruheim, 2014, s. 56). Stine har tydeleg klare forventingar til korleis forholdet mellom to systrer er, men hennar forhold med Malin har ikkje utvikla seg så langt enno. Parallelt med at tida og handlinga i boka går framover, har forholdet mellom Stine og Malin framgang, og utviklar seg i den retninga som Stine lenge har ynskt;

- Du..., begynte ho. – Atte nå som den fine jakka di er stolen... eg har ei jakke som er litt for lita. Kanskje den kan passe deg?

Stine kjende ei glede skyte opp i seg. Ho kunne ikkje hugse at Malin hadde banka på døra hennar ein einaste gong i løpet av vekene dei hadde budd saman. Og nå skulle ho få arve klede, slik som ordentlege søskjen gjorde (Bruheim, 2014, s. 93).

Eit kriterium Stine legg i det å vere systrar, er at dei arvar klede av kvarandre. Fleire gonger påpeiker Stine at ho kunne ynskt at ho og Malin kunne vere saman slik sysken er; «Tenk om dei kunne ha det like fint som mange ordentlege søstrar hadde? Om dei kunne ledd saman og fortalt kvarandre ting som ingen andre visste» (Bruheim, 2014, s. 56). Stine har tydeleg krav og forventingar til korleis systerforhold kan vere, mellom anna at ein ler saman og fortel kvarandre hemmelegheiter. Ho gir uttrykk for kva krav og kriterium ho har til eit systerforhold, og det ynskjer ho å oppleve sjølv med Malin.

Som tidlegare nemnt, utviklar syskenforholda seg som tida går, og Stine, Stian og Malin vert betre kjende med kvarandre. Forholda svingar, men dei vert meir og meir stabile der dei er mindre prega av usemje. Både Stian og Stine sitt forhold til Malin er utfordrande, då ho er innblanda i alt det dramatiske som hender. Stine og Stian sine relasjonar har ein positiv framgang og dei kommuniserer betre i lag. Dialogen deira er ikkje prega av usemje i så stor grad som tidlegare, og dei ser at dei er samde i fleire diskusjonar og vurderingar. Samstundes tergar dei kvarandre, og nærmar seg eit syskenforhold dei fleste kan kjenne til. Dei har medkjensle med kvarandre, viser meir forståing for kvarandre sine familieforhold, og ynskjer å dele opplevingar saman. Når det nærmar seg slutten av boka, og Stine er på tokt på eige hand for å løyse mysteriet om eit forsvunne maleri, kunne ho ynskje at Stian hadde vore der, og ho gler seg til å fortelje han alt ho har funne ut. I samband med dette vert Stine lenge borte, og Stian, Lisbeth og Jarle dreg ut for å leite etter henne. Det som hender vidare kan ein sjå på som eit vendepunkt i boka og i syskenrelasjonane. Stine kjem gåande, og Stian har aldri vore så glad før;

Så stod ho der. I ei brun, kort jakke, den ho hadde arva etter Malin etter at hennar eige vart stulen. Med det lange, mørke håret i ein hestehale. Ho var så fin der ho stod. Den nye søstera. Stian hadde aldri vore så glad for å sjå nokon før. (Bruheim, 2014, s. 221).

Stian har vore den som har slite mest med å tilpasse seg endringane i familiesituasjonen av han og Stine. Tidlegare gjorde Stian narr av utsjånaden til Stine, og både fargane hennar og kroppsfasongen hennar var noko han kommenterte. Men no er han glad for å sjå henne att, og han har sakna henne. Han gjer det tydeleg for seg sjølv og lesaren, det han tidlegare ikkje har

villa innrømme og godta; han har fått ei ny syster. Ikkje ei stesyster, som han tidlegare har kalla ho, men ei skikkeleg, ordentleg syster. Stine og Stian har blitt betre kjende med kvarandre som tida har gått, og deira felles oppgåve med å oppklare mysteria rundt dei, har gjort at syskenforholdet og relasjonane deira har utvikla seg i ein positiv retning. Dei har fått eit godt syskenforhold som fungerer for dei.

Syskenforhold i utvikling

Der Stian ikkje såg på Stine som ein del av familien då dei ikkje har biologisk tilknyting, har han no endra oppfatning om kva kriterium som ligg i omgrepa *familie* og *sysken*. Han har forhandla med seg sjølv, blitt meir kjent med Stine, og reknar henne no som ein del av familien. Det har skjedd ei utvikling i syskenforholda, og Stian har reforhandla og endra kriteria som ligg i omgrepa. No består ikkje kriteria lenger av genetikk og DNA, men kven ein bur med og brukar mykje tid saman med. Han har forhandla med seg sjølv om kva som ligg i omgrepet, gjerne med påverknad frå Stine, og har no eit anna syn på kva ein familie er.

Medan Stian har hatt ei gradvis og lineær revurdering av familie- og syskenomgrepa, har Stine si kurve variert. Ho hadde eit utgangspunkt der ho såg på både Stian og Malin som sysken, men har vurdert og revurdert underveis heile tida. Desse observasjonane fortel at syskena har hatt ulike tilnærmingar i tilpassinga av den nye familien, men kome fram til den same konklusjonen; dei ser på kvarandre som familie og sysken. Malin har hatt den same kurva som Stian, der ho gradvis har blitt vane med den nye familiesituasjonen, der ho ser på både Lisbeth og Stine som ein del av familien.

4.2 Fly, Thea! Fly!

I denne romanen blir lesaren, som tittelen viser, kjende med Thea. Ho er eit fosterborn som flyttar inn til syskena Mie og Markus, og foreldra deira Hilde og Tor Arne. Thea si biologiske mor er innlagd på psykiatrisk sjukehus, og ho kan difor ikkje fortsetje med å bu med henne. Situasjonen er vanskeleg og utfordrande. Thea er lei seg for at ho ikkje kan bu med mora, men samstundes glad for at ho har kome inn i ein god og varm familie som viser henne omsorg og kjærleik.

Thea sine forhandlingar i fleirstemmig dialog

I teoridelen vart det presentert korleis Bakhtin skildrar at alle menneske fører indre dialogar med oss sjølv, og er fleirstemmige (Larsen, 2006, s. 106). Den indre dialogen synleggjer fleire ulike stemmer som bur i kvar einskild menneske, som diskuterer og søker løysing på ulike problemstillingar. Ein får ulike synsvinklar og synspunkt på gitte situasjonar, og kvart einskild menneske går inn i forhandling med mål om ei løysing på eit problem. Både Stine og Stian gjorde det i *Motorsykkelmysteriet*, og som me skal sjå, gjer Thea det same i *Fly, Thea! Fly!*. Thea blir dratt i ulike retningar når det gjeld kjenslene hennar om mora og fosterfamilien ho no har flytta inn til. Ho strevar med å setje ord på kjenslene sine i ytre dialogar, men også i sine eigne indre dialogar. Gjennom dei indre dialogane får lesaren kjennskap til tankar, kjensler og utfordringar ho møter på.

Verdiar og kriterium Thea forhandlar mykje om, ligg i omgropa familie og sysken. Studie av språket i dialogane og kva verdiar som ligg til grunn i omgropa, viser kva som er viktig for Thea. Ho reflekterer over korleis ho har hatt det tidlegare med mora, og korleis ho har det no i sin nye familie. Slik Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) meiner at erfaringane påverkar verdiar og kriterium ein verdset, kan ein sjå at Thea sine erfaringar tek del i forhandlingsprosessen som føregår. Erfaringane hennar vert stilt opp mot kvarandre som kontrastar, og samanlikna i fleire situasjonar. I og med at Thea stadig strevar med å finne sin plass og står midt i mellom den gamle og nye familien, tenkjer ho mykje på dette. Ho vurderer ofte i tankane sine korleis ho skal løyse utfordringane.

Kriteria som Thea forhandlar om er mellom anna glede, humor og fellesskap rundt måltid og kjøkkenbordet. Dei vert synlege gjennom hennar stadige samanlikning av hennar gamle og

nye familie. Kriteria ho har for familie har stor innverknad på korleis kriteria for syskenrelasjonar er i denne romanen. I forhold til karakterane og syskena i *Motorsykkelmysteriet* har syskena i *Fly, Thea! Fly!* eit noko anna utgangspunkt for kva dei tenkjer om å få fleire sysken. Mie og Markus deler i større grad dei same kriteria Thea har til familie, og dei innlemmar Thea på ein sjølvsagt måte i syskenfellesskapet. Dei går ikkje inn i forhandling med henne om korleis syskenforholdet skal vere, anna enn at dei vil at Thea skal ta del i det dei har saman som familie. Kriteria blir på den måten samanfallande mellom syskenrelasjonane og familierelasjonane. I denne romanen er det Thea sine utfordringar og hennar prosess for å kunne dele desse kriteria med resten av familien, som vert problematisert og skildra. Ho drøftar med seg sjølv, og brukar ulike verkty som påverkar prosessen med å bli ein del av fellesskapet i den nye familien.

Kva er ein familie?

Thea har eigne kriterium for kva ho meiner inneber å vere ein familie. Parallelt med handlinga som skjer i boka, og opplevingane hennar i den nye familien, vert kriteria hennar revurderte og dei er stadig til forhandling. Fleire av dei har ho tidlegare ikkje opplevd i familien sin saman med mora si. Både det at ho ikkje har erfart det, og at det er noko ho har sakna, er mellom anna grunnlag for at ho ser på dei som ein viktig del av det å vere familie. Krava Thea har, og forhandlingane ho driv med, spelar inn på korleis ho klarar å ta del i den nye familien, og i starten distanserer ho seg difor frå Mie, Markus, Hilde og Tor Arne.

Latter og glede

Noko av det fyrste Thea legg merke til i den nye familien er at dei brukar mykje tid saman, og opplever latter og glede med kvarandre. Latteren kring henne i det nye huset vert som ein markør på at ho ikkje passar inn i familien, då ho ikkje klarar å ta del i den uansett kor mykje ho prøver:

TV-en står på i stova. Nokon ler der inne. Eg bur her, men eg hører eigentleg ikkje til. Mamma er sjuk. Det er difor eg måtte flytta hit til Hilde og Tor Arne og Mie og Markus.

Dei er snille. Dei prøver alt dei kan å få meg til å kjenna meg heime.
No ler dei igjen.

Eg kunne vore saman med dei der inne. Dei seier alltid at eg må koma.

Eg stirrer ned på det kvite, tomme arket.

Saknar eg mamma?

Eg lukkar augo.

Eg kan aldri hugsa at mamma har ledd slik som dei gjer her. Mamma er nesten aldri glad.

Og eg, er eg glad?

Eg skulle gjerne vore det. Vore slik som dei her i huset. Men eg greier det ikkje. Eg kjenner meg som ein framand, same kor snille dei er (Bratlund, 2015, s. 5-6).

Familien som Thea er flytta inn i, kan sjåast på som eit idealbilete på den perfekte familie, ikkje minst den perfekte fosterfamilie. Latteren sit laust, dei brukar mykje tid saman, har det moro i lag, og både foreldra og borna i familien inviterer Thea inn i fellesskapet. Samstundes småkranglar både Mie og Markus enkelte gonger, og syner korleis syskenforhold kan vere. Utdraget over viser at det er mykje latter kring dei, noko Thea tydeleg legg merke til, og det gjer noko med henne. Som påpeika tidlegare meiner Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) at kriterium i daglegspråket synleggjer kva verdiar som er viktige for ein, og det ser ut som at glede, latter og samhald er viktige verdiar i Thea si forståing av omgrepene familie. Kriteria viser kva ho vektlegg i ein lukkeleg familie med eit godt familieforhold, noko som blir forsterka av den stadige påpeikinga og oppattakinga av latteren i familien. Latteren som ho sjølv ikkje klarar å ta del i. Thea har ikkje sjølv erfart denne latteren Mie og Markus opplever med foreldra. Ho har få erfaringar med godt humør i heimen sin, og der Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) meiner at eigne erfaringar ofte ligg til grunn og påverkar vår oppfatning av ulike omgrep, ser ein at Thea stadig relaterer det nye som skjer tilbake til hennar gamle familie. I denne samanhengen kan det sjå ut som at mangelen på erfaringar med godt humør gjer at ho ser på det som ein viktig verdi, og at det er noko ho saknar og lengtar etter. Det blir verkeleg tydeleg at latter er viktig for henne, ut i frå alle situasjonane ho nemner der Mie og Markus ler. Til og med i keisame situasjoner som å gjere lekser, ler dei saman. Kvar gong Thea høyrer at dei har det moro i lag, stikk det i henne og ho får det vondt inni seg;

Heime hjelper Tor Arne Mie og Markus med leksene.

Eg høyrer latteren til Mie og Markus.

Tor Arne klarar å lage moro ut av alt. Til og med det å gjera lekser.

Det vonde stikket kjem tilbake i meg. Same kor snille dei er, så høyrer eg ikkje til her (Bratlund, 2015, s. 37).

Som analysen viser, ser Thea på latter som eit viktig kriterium i det å vere familie. Thea påpeiker at ho ikkje klarar å ta del i denne latteren, uansett kor mykje ho prøver. Tidlegare vart det påpeika at både Mie og Markus inviterer Thea inn i fellesskapet. Dette har ho som sagt streva med å ta del i, men nokre stunder slepp Thea seg laus og deltek;

Eg tar av meg skoa, og klatrar opp på trampolinen. I det same gjer Mie eit hopp, og eg fyk over ende. Eg ligg der og kravlar med føtene opp.

Mie ler høgt. Ho ler så ho hikstar.

Eg må le, eg også.

- Berre vent, seier eg.

Så hoppar vi saman. Vi finn ein rytme så det går bra.

Brått kjenner eg at eg er glad. Eg må nesten stogga opp for å kjenna etter. Og så mister eg balansen.

Mie strekkjer hendene mot meg og vil at vi skal hoppa saman, og eg grip hendene hennar. Så hoppar vi nokre gonger før vi begge går rett på rumpa.

Vi ligg der og ler så vi ikkje kjem oss opp at.

Då oppdagar eg Markus. Han står der med ballen under armen og ser på oss.

- Kom og bli med, ropar eg.

Det stikk i meg då eg ser kor glad han blir. Han er så stille at det er lett å gløyma han (Bratlund, 2015, s. 52-53).

I denne situasjonen blir Thea med i leiken, og ho opplever den same latteren som ho i lang tid har beundra dei andre for. Ein kan sjå at når ho blir med på leiken og får det same gode humøret dei har i familien, har ho det betre. Ho tek del i kriteria som kjenneteiknar ein lukkeleg familie, og på den måten tek ho del i fellesskapet. Utdraget viser også glede ho har av syskena sine. Ho synes det er moro å vere saman med dei, og lærer seg å kjenne både Mie og Markus. Mie er sprudlande og frampå, og viser stor interesse til Thea. Markus er meir roleg og stille, og går litt forsiktig fram. Ved å bruke tid saman med syskena vert det lettare for henne å ta del i fellesskapet. Latteren har vore eit viktig kriterium for Thea, samt eit kriterium den nye familien har. Det er undervegs i tilvenningsprosessen Thea klarar å ta del i kriteria.

Å vise takksemd gjennom handlingar når språket ikkje strekk til

I tillegg til latter, viser teksten også andre verdiar Thea har. Tidlegare har ikkje det å klemme kvarandre vore noko som kjenneteiknar ein familie for Thea. Men som ein skal sjå, driv Thea stadig med indre forhandling, og det å gi ein klem blir til slutt ein verdi og eit kriterium for familie for henne. I ein situasjon der Hilde spør Thea om korleis ho har det, viser ho henne kjærleik med å omfamne henne:

- Du veit vi bryr oss om deg. Du må koma til meg om det er noko.

Ho strekkjer armane mot meg som om ho vil klemma meg. Eg stivnar, og ho lar armane falla. Ho har nok merka at eg ikkje er van med klemming. Når nokon vil klemma, blir eg heilt stiv og rar. Det er ikkje det at eg ikkje vil, det er det at eg ikkje kan. Det var ikkje noko klemming heime.

Her i huset klemmer alle.

Eg har lyst til å seia til Hilde at eg synest ho er snill, at dei alle er snille. Og at eg har det heilt topp her hos dei. Men eg greier ikkje få fram eit ord (Bratlund, 2015, s. 11).

Å gi ein klem er noko uvant for Thea, og ho frys til når Hilde prøver å famne om henne. Omsorga og kjærleiken Hilde og resten av familien viser henne gjennom ein klem, er ny for Thea, og ho veit ikkje korleis ho skal opptre i forhold til det. Her tydeleggjer Thea at hennar erfaringar med klemmar er fråverande. Ved eit seinare høve får Thea ein ny ein klem av Hilde, og Hilde bryr seg ikkje om at ho frys til:

Og så slår ho armane om meg og klemmer meg.

- Du er så flink med fargar, Thea.

Eg ser på alt det blå og er ikkje heilt sikker på om det er rett. Men Hilde klemmer meg igjen. Ho bryr seg ikkje om at eg stivnar.

Og så er det greitt, akkurat no (Bratlund, 2015, s. 13).

Det har skjedd ei utvikling hjå Thea, og det grunna forhandling om kriterium til omgrepet familie. Kanskje har ho og blitt meir vane med at det er slik denne familien viser kjærleik til kvarandre, og dermed fått eigne erfaringar med det. Å få ein klem av Hilde er ikkje så gale likevel. Gjennom noko så lite som ein klem, viser Thea korleis kjenslene hennar er i utvikling, og korleis ho med tida føler seg meir som ein del av familien. Sjølv om Thea stivnar og ikkje klarar å gjengjelde klemmen i like stor grad som ho kanskje ynskjer, ser ein at Hilde ikkje bryr seg om det, og ikkje Thea sjølv heller. Det viser ho med å påpeike til slutt at «så er det greitt, akkurat no».

Utdraga over viser korleis verdiar og haldningar Thea har, kjem til uttrykk nettopp gjennom språket, og forhandlinga om kriteria som ligg implisitt i det. Samstundes kan også fråveret av munnleg tale vere med på å vise verdiar ein står for, noko som Thea viser i utdraget over.

Ikkje berre vert verdiane hennar synlege gjennom språket, men også gjennom handlingar og non-verbal kommunikasjon. Ein klem vert eit symbol på forhandlinga Thea har gått gjennom i forhold til familieomgrepet. Tidlegare var ikkje klemmar ein del av kriteria og verdiane, men forhandlinga har ført til at ein klem no betyr noko for Thea. Omsorga som kjem til syne gjennom klemmane, er noko Thea verdset, og er ein viktig verdi for henne. Omgrepet familie er til forhandling både gjennom verbal og non-verbal kommunikasjon. Handlingane viser tydleg korleis forhandlinga føregår, det same gjer språket. Det blir tydeleg korleis Thea gradvis får endra forståing av kriteria og verdiane i omgrepet.

Thea er heile tida oppteken av at ho vil fortelje den nye familien at ho har det bra hjå dei og at dei er snille med henne, men ho får det ikkje til. I fleire situasjonar har ho lyst å seie til Markus og Mie at ho likar å vere i lag med dei, men orda kjem ikkje ut. Thea har kjensler det er vanskeleg å formidle til andre, og det viser korleis det er utfordrande å definere og setje ord på abstrakte omgrep som nettopp kjensler (Mulhall, 1998, s. 11). Difor vert Thea sine handlingar hennar måte å vise at ho er glad i dei og takkar for at ho får vere hjå dei, då ho ikkje klarar å uttrykkje det språkleg. Å vise at ho set pris på den nye familien og at ho ser at dei prøver å inkludere henne, gjer ho ved å bruke tid saman med dei nye syskena.

Samstundes som Thea set pris på at familien inviterer henne inn i fellesskapet deira, strittar ho også i mot ved å ikkje ta i mot innbydinga frå dei. Ved fleire høve stiller Thea seg sjølv spørsmål ho søker respons på, som «er eg glad?» (Bratlund, 2015, s. 6) og «Likar dei å ha meg her?» (Bratlund, 2015, s. 7). Slik stiller stemmene i den interne dialogen spørsmål til kvarandre (Moe, 2015, s. 54). I sitata over stiller nettopp fleirstemmigheita i Thea spørsmål til andre stemmer, men her let svaret vente på seg. Thea opnar opp for samtalar kring problemstillingar ho ynskjer svar på, men ingen stemmer responderer. Spørsmåla blir liggjande og sveve som uløyste, og som noko ho heile tida søker tilbakemelding på. Sjølv om handlingane til Hilde, Tor Arne, Mie og Markus kan sjåast på som gode svar til spørsmåla Thea stiller, klarar ho ikkje å ta det innover seg og tru på det. Diskusjonane og drøftingane mellom dei ulike stemmene i tankane hennar, kjem ikkje fram til noko resultat. Difor veit ikkje Thea kva ho skal føle, og ein ser at ho enno ikkje er ferdig med å diskutere med seg sjølv.

Tryggleik

Det å føle seg trygg er også eit av fleire kriterium Thea legg i det å vere familie. Det å vere trygg er viktig for henne, og ho poengterer det fleire gonger når ho ser kor godt Mie og Markus har det heime med foreldra. Det er nesten så ho blir frustrert for at ho ikkje har kjent på den same tryggleiken sjølv:

Latteren til Mie og Markus når heil ut her til meg.

Eg knyter hendene i lomma.

Det er så urettferdig. Nokon får vera glade og le heile tida. Dei har noko den høyrer saman med, nokon som bryr seg om dei. Dei slepp å vera redde for å måtta flytta eller kva som vil skje.

Nokon høyrer til i ein familie der alt er greitt.

Kvífor er ikkje mamma frisk og glad? (Bratlund, 2015, s. 37-38).

Å høyre saman med nokon og at dei bryr seg om deg, er noko Thea verdset. Thea har kanskje ikkje kjent på denne tryggleiken i like stor grad tidlegare. Ho opplever at Mie og Markus er trygge og opplever kjærleik og omsorg i heimen sin, og det er noko ho ynskjer sjølv. I samband med tryggleik vert latter og glede igjen poengtert som noko som bør vere til stades i ein familie. Vidare ser ein frå utdraget at Thea har ein redsel for at ho kanskje må flytte vidare frå den nye familien sin etter ei stund. Ho veit ikkje kor lenge ho skal vere der, og difor er det vanskeleg for ho å knyte for sterke band med familien i tilfelle ho må dra frå dei. Frykta for at ho kanskje må flytte viser ho fleire stader. Ein dag vert ho for sein heim til middag, noko som skuffar Hilde og Tor Arne. Ho fryktar det verste, nemleg at ho ikkje får bu der lenger, då ho har brote ein lovnad. Igjen sit dei ved middagsbordet og samtalar;

Eg vågar ikkje sjå opp. Det er så stille ved middagsbordet. Mykje stillare enn til vanleg.

Hilde sender meg mat, men ho er annleis i andletet.

Det snurpar seg i magen min.

Er dei sinte på meg?

Vil dei senda meg bort no?

Eg ser på Hilde og Tor Arne og Mie og Markus. Dei som høyrer saman.

[...]

- Beklagar at eg vart sint, Thea.

Ho sukkar.

- Eg blei redd for deg. Eg visste ikkje kor du var. Ho held blikket mitt.

- Det er fordi eg bryr meg om deg, seier ho.

- Så eg får bu her framleis?

Hilde blir ståande med handduken i lufta.

- Men snille deg, sjølvsagt får du bu her.

Ho kjem bort og slår armane om meg.

- Thea, du høyrer til hos oss no.

Og så står eg der og har lyst å grina igjen.

Eg må vera heilt sprø (Bratlund, 2015, s. 46-47).

I denne situasjonen opplever Thea at det blir sett både grenser og krav til henne av både Hilde og Tor Arne. Med ei gong ho opplever konfliktar med nokon, tenkjer truleg Thea alltid det verste. Då overtyder ho seg sjølv om at ho ikkje høyrer heime i familien, og at det er Mie, Markus, Hilde og Tor Arne som høyrer saman i eit fellesskap. Sjølv om alle i familien stadig forsikrar henne om at ho er ein del av dei, trur ikkje Thea på det, og føler seg difor ikkje trygg på at dei vil ha henne der. Det kan bety at Thea har vakse opp i ein heim der ingen har sett grenser og krav til henne, og heimen har gjerne vore ustabil. Når Thea skuffar eller noko

uføresett skjer, trur ho at ho må flytte. Igjen ser ein korleis Hilde prøver å forsikre henne om at ho hører til. Det kan sjå ut som at Thea meir og meir innser at dei meiner det dei seier, då ho har lyst å grine. Hilde brukar same ordlyd som Thea i tidlegare utdrag, nemleg «hører til», som Thea meiner kjenneteiknar ein familie. Familien inkluderer og reknar Thea som ein del av fellesskapet, og prøver å forsikre henne om dette. Sjølv om dei er skuffa over henne, føler Thea seg trygg, då ho veit at uansett kva som skjer, vil dei ikkje at ho skal flytte ut. Dette er med på å gjere Thea fortruleg med at ho hører til i familien.

Thea har ei god venninne i klassen som ho lettare klarar å uttrykkje kjenslene sine over. Mathilde bur saman med foreldra og syskena sine, og Thea synes ho er heldig som har ein familie rundt seg. Men etter ein samtale med Mathilde, forstår ho at ho ikkje alltid har det så godt ho heller:

Eg skal til å le. Mathilde med det store huset og to foreldre og ein eldre bror som studerer. Men så ser eg tårer i augo hennar.

- Eg er annleis enn alle heime. Bror min, han er akkurat som mamma og pappa. Dei jobbar og er travle og bryr seg berre om ting (Bratlund, 2015, s. 57).

Når Mathilde fortel om dette, forstår ikkje Thea heilt kva ho meiner, og utdraget viser eit av fleire kriterium ho har til kva ein god familie bør innehalde. I og med at Thea berre har vakse opp med ei mor med utfordrande heimeforhold, trur ho gjerne at om ho hadde hatt ein far og sysken til stades, ville alt ha vore så mykje betre. Men samtalen med Mathilde viser henne at det nødvendigvis ikkje er slik. Thea ser at både ho sjølv og Mathilde ikkje passar inn i familiene sine, sjølv om det er på ulike grunnlag. Dette gjer noko med Thea. For det første viser det henne at det er lov å vere annleis, og at ein nødvendigvis ikkje må kjenne på dei kjenslene det er forventa av ein. For det andre viser det at den biologiske tilknytinga ikkje nødvendigvis treng å vere avgjerande for om ein føler seg heime i ein familie eller ikkje. Det handlar like mykje om tryggleik og kjærleik. Denne samtalen påverkar Thea i den retninga at ho forstår betre at ho har lov å ta i mot omsorga som familien gjev henne, den som ho kanskje tidlegare ikkje har våga å kjenne på. Gjennom dette klarar Thea tydelegare å sjå kjærleiken som både Mie, Markus, Hilde og Tor Arne viser henne.

Fellesskap rundt bordet

Ein stad der familien ofte samlast, er ved måltida rundt kjøkkenbordet og i stova. Der samtalar familien i lag, ler og viser omsorg for kvarandre. Det ser ein mellom anna i fleire av

utdraga som allereie er nemnde i analysen. I fleire samanhengar kommenterer Thea for seg sjølv korleis familien har det rundt måltida, og at dei har eit godt samhald. Det ser ut som at Thea ikkje har opplevd det same i like stor grad før, då ho mellom anna kommenterer maten og kor koseleg dei gjer måltida;

Inne er det varmt. Inne er det kakao og brødkiver. Dei andre sit alt ved bordet.
Eg finn plassen min.
Hilde sender rundt brødkorga.
Det kjennest som om eg sit der heilt aleine, endå eg er der saman med dei.
Eg er ikkje svolten, men tar ei brødkive likevel (Bratlund, 2015, s. 39-40)

Thea distanserer seg frå familien sin, og skapar eit skilje mellom dei. Det kan ein mellom anna sjå i utdraget over, der ho sjølv står utanfor og ser *inn* der det er varmt, kakao og brødkiver på bordet. Igjen ser ein tydeleg kontrasten mellom Thea og den nye familien. Det at Thea står og observerer familien, kan samanliknast med kjensla Thea har; at ho står utanfor familien, omrent åleine, og ser inn på kor godt dei har det saman. Gjennom denne samanlikninga skapar ho avstand og kontrastar mellom seg sjølv og den nye familien. Det same gjer ho når ho føler ho sit der åleine, endå dei andre er til stades. Samstundes som ho skapar distanse mellom seg sjølv og familien, kan ein i utdraget sjå at ho og skapar eit visst eigarforhold til enkelte ting. Slik Cavell (1998, s. 224) meiner at språket synleggjer kva som tel for den einskilde, ser ein at ordbruken til Thea viser at ho gradvis finn sin stad i familien; sjølv om ho føler seg einsam, refererer ho til «plassen min». Ho plasserer seg rundt bordet, men ho plasserer seg og som ein del av fellesskapet. Ho ven seg gradvis til tanken og det nye livet i den nye familien, og ein ser at ho er i forhandling om ho høyrer til i familien eller ikkje.

Fellesskapet familien deler kring måltida, opplever også Thea når ho har bursdag. Tidlegare har det ikkje vore markering av den store dagen, men no er det annleis. Når familien er ute og et på restaurant, tillét Thea å tenkje på seg sjølv og resten som ein «vanleg» familie, og reflekterer over kva andre måtte tenkje når dei ser dei;

Det er mange folk der, endå det er kvardag. Mange familiar også. Og Hilde, Tor Arne, Mie, Markus og eg sit der som om vi var ein heilt alminneleg familie. Ingen som ser oss, veit at eg berre er fosterbarn. Alle ser berre ein familie som er ute og et saman. Akkurat no vil eg lata som om vi er ein skikkeleg familie (Bratlund, 2015, s. 73).

Thea ser på seg sjølv som «berre eit fosterborn», og ikkje som eit medlem av familien. Men ho tykkjer det er fint å kunne late som at dei er ein stor og lukkeleg familie, om ikkje anna

enn for ei lita stund. Thea reflekterer i sin indre dialog, og vågar å sjå på seg sjølv og familien med eit anna perspektiv enn tidlegare, ho ser på seg sjølv og familien «utanfrå». I og med at Thea kommenterer dette, kan det sjå ut som at dette er noko ho ynskjer seg, nemleg å ha ein «heilt alminneleg familie». Ho synes det verkar fint når ho no tillét seg å kjenne på det. Den nye familien hennar, Hilde, Tor Arne, Mie og Markus, legg opp til at ho skal få ta del i den nye familien, men det er Thea sjølv som må gjere endringane og våge å sleppe taket frå mora og sin tidlegare familie. Det er ikkje tilfelle at ho skal kutte kontakten med mora, men det handlar om at Thea skal få seg ein trygg, omsorgsfull heim, og det får ho betre i den nye familien. Utdraget viser og at ho gir nemningar til familien som «alminnelig» og «skikkelig». Dette kan ein samanlikne med Stian i *Motorsykkelmysteriet* som tenkjer «normal» familie. Begge karakterane tilføyer ei nemning til familie for å tydeleggjere at dei har kriterium til nettopp det å vere ein familie.

Å ha sysken og å vere storesyster

Både Mie og Markus inviterer Thea med inn i fellesskapet. Utvalet av bøker i denne masteroppgåva skildrar ulike syskenforhold, og alderen på karakterane i dei forskjellige bøkene er og ulik. I *Motorsykkelmysteriet* er Stine og Stian på same alder, medan i *Fly, Thea! Fly!* er aldersspennet mellom dei ulike syskena større. Difor vert også syskenrelasjonane og forholda ulike. Mie er seks år, Markus er sju år, medan Thea er 12 år. Slik sett har syskenforholda i dei ulike bøkene forskjellige utgangspunkt. Medan forholdet mellom Stine og Stian var prega av usemje og sjalus, går både Mie, Markus og Thea inn i det nye syskenforholdet med eit litt anna utgangspunkt. Mie og Markus viser glede over at Thea tek del i deira familie heilt frå starten, og viser at ho høyrer til i familien. På den måten underbyggjer Mie og Markus påstanden om at familien deira er eit idealbilete på den perfekte fosterfamilie. Dei synes det er kjekt å få ei storesyster, og Thea påpeiker fleire gonger at dei ser opp til henne. Ho nemner dei fleire gonger, og ut i frå tankane hennar ser det ut som ho omtalar dei med stor beundring;

Mie kryp tettare inn til meg.

- Filmen er litt skummel, seier ho.

Augo hennar dansar.

Ho er berre seks år og alltid like ivrig. Markus er meir stille. Han er sju år og eldst, men Mie er likevel den tøffaste.

Likar dei å ha meg her?

Mie smiler til meg, eg merkar at ho ser opp til meg.

Eg skulle vore blidare og gladare, men eg greier det ikkje (Bratlund, 2015, s. 7).

Mie vender seg til Thea, og viser at ho vil vere med henne. Ho gir uttrykk for at ho likar den nye storesystera si, og at storesystera skal ha ein trøystande og beskyttande rolle. Utdraget handlar i stor grad om kriterium for kva ei storesyster er. Både frå Mie og Thea sin ståstad. Mie kryp inntil henne, og for henne har ei storesyster ein beskyttande rolle, som tek vare på småsyskena sine. For Thea er det tydeleg å sjå kva ho legg i det å vere storesyster fleire stader i boka, og sjølv om Thea brukar tid saman med syskena, er det somme stunder vanskeleg for henne å fylle dei krava ho meiner ligg i det å vere storesyster. Slik Cavell (Mulhall 1998, s. 11) meiner at alle språkbrukarar høyrer til i eit språkleg fellesskap, og der har felles forståing av enkelte omgrep, viser utdraget at både Thea og Mie deler dei same kriteria til det å vere ei storesyster. Thea er stadig i forhandling med seg sjølv om korleis ei storesyster er og kva ho bør gjere, og om ho klarar å fylle krava til det. Slik Bakhtin (1984, s. 31-32) hevdar at ein kan gå i dialog med sanninga, viser teksten at Thea forhandlar med sanninga. Ho veit at ho skulle vore blidare og gladare, for det er i bunn og grunn slik ho erkjenner situasjonen, og ho oppelever at det er forventa av henne. Thea har fått ein ny heim, ein ny familie, dei viser omsorg, kjærleik og tryggleik, og har teke i mot henne med opne armar. Syskena viser vilje til å bli kjende med henne, og vil la ho ta del i syskenflokken. Difor burde ho vore blid og glad. Men kjenslene vil ikkje følgje med. Når Thea undrar seg over om den nye familien hennar faktisk likar henne, kan ein sjå på Mie sine handlingar som eit svar. Mie smilar og beundrar Thea, og Thea ser det, men klarar likevel ikkje heilt å ta det innover seg.

Forsking gjort av Stocker, Dunn og Plomin (1989, ref. i Edwards, 2012, s. 56) viser at brør og systrer i fosterfamiliar ikkje nødvendigvis er mindre nære kvarandre enn sysken i familiar utan fosterborn, sjølv om dei kan ha enkelte utfordringar. Og det er tilfelle i den nye familien til Thea. Både Mie og Markus vil knyte tette band til Thea, noko ho sjølv også vil, men ikkje heilt får til. Utfordringane Thea og familien møter på, handlar om Thea sine kjensler og om ho klarar å ta del i den nye syskenflokken, og det vert familien si største utfordring.

Hilde er den som har hovudansvaret for å integrere Thea inn i familien, og Thea påpeiker at ho til og med får betalt for det; «Tor Arne er gått på arbeid. Han jobbar på ein bilverkstad nede i byen. Hilde er heime heile dagen. Eg er jobben hennar. Sprøtt» (Bratlund, 2015, s. 9). I og med at Hilde er heimeverande, er ho mykje saman med Thea. Hilde har stor betydning for Thea, og Thea gir fleire gonger uttrykk for at Hilde er ein trygg og god person å ha rundt seg. Samstundes nemner Thea dei nye syskena sine ofte, og i forskjellige samanhengar. Ho brukar

mykje tid saman med dei, tenkjer på korleis dei har det og kva dei gjer på, og inviterer til felles aktivitetar med dei. Det fortel oss at borna og syskena i familien er viktige for at Thea skal føle seg velkommen og klare å tilpasse seg omveltingane som skjer i livet hennar. Ho støttar seg til dei, hjelper dei, føler seg ansvarleg for dei og ser på dei som ein viktig del av familien. Hilde kjem ut for eit uhell der ho brenn seg på handa, og Thea må ta seg av Mie og Markus. Både Mie og Markus vert redde for mora og byrjar å grine, og Thea trøstar dei og forsikrar seg om at det ikkje er farleg. For å få dei på andre tankar, spelar dei kort, og igjen ser me at Thea brukar mykje av tida si saman med dei;

Eg lokkar med kortspel, men først då Hilde seier at ho vil bli heilt fin igjen, blir dei med meg.

Vi spelar lygaren.

Markus vinn to gonger. Han er kjapp. Det er berre eit år mellom Mie og Markus, men det verkar som meir.

Mie blir sur, eg må lokka henne til å spela meir. Så juksar eg litt slik at ho vinn. Eg trur Markus merkar det, eg blunkar til han. Mie blir i godt humør (Bratlund, 2015, s. 129).

Utdraget viser at Thea hjelper til, og prøver å få syskena på andre tankar. Ho vil at dei skal vere i godt humør, og gjer det som trengs for at det skal skje. Det kjem til syne at Thea har faste kriterium og verdiar ho meiner inneber i det å vere storesyster. Mellom anna skal storesystrer trøyste når noko vondt skjer, og passe på småsyskena sine. Storesystrer skal også la småsyskena vinne, sjølv om det i blant krev juks. Thea sine handlingar viser at ho gjer det som samsvarar med kriteria ho har til det å vere storesyster. Det einaste ho vil er at syskena skal vere blide og fornøgde. Utdraget viser oss fleire forventingar og kriterium som for Thea ligg i det å vere eldst i syskenflokken. Det viser at Thea i denne situasjonen klarer å utføre dei kriteria og forventningane ho har til den rolla.

Dei same slutningane om at syskena er viktig for Thea, kan ein trekkje ut frå fleire utdrag. Når Thea ser eit maleri på ei kunstutstilling, fangar ho augeblickleg opp eit bilet med ei kvinne i ein kvit kjole som går mot eit lys ute i naturen. Maleriet ber tittelen «Du vel din veg». Når Thea prøver å tolke dette maleriet, vandrar tankane hennar til familiesituasjonen hennar; «”Du vel din veg”. Kan ein alltid velja? Mamma kan ikkje velja seg frisk. Eg kan ikkje velja meg ein heim med mi eiga mor og min eigen far og eigne sysken. Kva kan ein velja? Kva kan eg velja?» (Bratlund, 2015, s. 23-24). For Thea består ein familie av både mor, far og sysken, og utdraget viser at foreldre og sysken er viktig for henne. Ho stiller spørsmål

og gir oppklarande svar til seg sjølv i den indre dialogen. Det same fokuset på sysken ser ein og når Thea og Mie teiknar i lag, og Thea er glad for at ho får bruke tid med Mie;

Eg viser henne ein lett måte å gjere det på.

Ho er så ivrig. Ho prøver igjen og igjen. Og så ser ho opp på meg som om eg skulle vore eit idol eller noko slikt.

Det er litt fint.

- Du er flink, seier eg.

Då strålar ho.

Eg har ingen søsken. I alle fall ingen eg veit om.

For eg veit jo ikkje kven som er far min, og om han har fleire ungar. Mamma nektar å snakka om det.

Eg var eit uhell, seier ho.

Det er ikkje akkurat noko stas å vera eit uhell (Bratlund, 2015, s. 63-64).

Augneblinken etter vert Markus med å teikne, og ho ser gleda hans med at dei gjer noko saman. I dette utdraget viser Thea oss at ho likar å vere saman med syskena sine, og ho reflekterer over at ho lenge har vore einebarn. Her får lesaren og vete at ho ikkje har hatt noko farsfigur i livet sitt, og at ho ikkje veit kven hennar biologiske far er, noko som og kan ha påverka korleis ho har hatt det heime med mora og hennar syn på kva ein familie er. Når Thea talar om familién sin, vel ho å kommentere at ho ikkje har sysken, i alle fall som ho veit om. Det viser at ho er oppteken av å ha sysken, og at det er noko ho kanskje kunne ha ynskt seg. At ho brukar så mykje tid med dei nye syskena sine underbyggjer dette, og viser at det å ha sysken er ein viktig del av ein familie for Thea.

I ein situasjon der Thea er med Mie og Markus, drøymer ho seg vekk og kunne ynskje dei var syskena hennar på ordentleg:

Eg set meg i sofaen ved sida av Mie. Ho kryp tett inn til meg og legg hovudet på skuldra mi. Ho er så sot.

Eg skulle ønskja at ho var søstera mi på ordentleg.

[...]

Mie ser opp på meg, og eg smiler til henne.

I kveld er alt godt (Bratlund, 2015, s. 126).

Medan Thea er med Mie og Markus tenkjer ho at alt er godt. Ho er trygg, er med syskena sine, og har det mykje betre enn kva ho har hatt på lenge. Igjen viser utsegna kriteria Thea har for det å vere i familie, og det å ha sysken, nemleg at ein føler seg trygg, har det godt, opplever glede og samhald. Og syskena er med på gje Thea desse kjenslene og opplevingane.

Ho trivst i selskapet deira, og ho blir glad når ho ser gleda dei viser saman med henne. Dei inviterer ho inn i fellesskapet, og når ho torer å vere med, har ho det mykje betre. Ein ser her at Thea går gjennom ei forhandling og ei endring, der ho tek meir del. Ho ynskjer det sjølv, og ho kunne ynskje at dei var syskena hennar på ordentleg. Samstundes ser ein at ho likevel har eit behov for å distansere seg frå familien, då ho omtalar seg sjølv som utanforståande i forhold til resten. Forhandlinga hennar går framleis føre seg, og det viser at ho fortsatt vektar det biologiske som grunnlag for kven ho omtalar som sysken. Det genetiske blir difor eit kriterium for kva det inneber å vere sysken, slik fleire av protagonistane i utvalet i denne oppgåva viser.

Idealbilete på ein familie som samstundes ikkje er perfekt

Tidlegare i analysen vart det framheva at familien til Mie og Markus kunne sjåast på som eit idealbilete på den perfekte fosterfamilie. Thea ser sjølv at familien er god og omsorgsfull, og for ho er den eit ideal på korleis ein familie bør og skal vere. Samstundes er ikkje Thea så glad i det altfor perfekte, og likar når ting ikkje går heilt etter planen. Det ser ein når barnevernet er på oppfylgingsbesøk for å sjå korleis Thea har det i den nye familien;

Då høyrer eg Mie og Markus inne på rommet deira. Dei kranglar, og Mie skrik så det ljomar.

- Dumming!

Stemma hennar er høg og skarp.

Hilde reiser seg og skundar seg inn til dei. Eg ser på henne at ho ikkje likar dette. Ho vil nok at alt skal vera berre fint når barnevernssdama er der. Men eg kjenner at eg likar det. Det finst ikkje noko verre enn det som er altfor perfekt. Ein blir så sliten når alt berre er smil og supert heile tida (Bratlund, 2015, s. 18)

Thea vil ikkje ha det perfekte, og likar når det er litt støy rundt henne. Det perfekte kan minne henne på korleis ho føler det overfor mora, og at ting ikkje alltid har vore så bra heime. I dei to andre bøkene i utvalet kan ein sjå at bråk frå syskena er noko som forstyrrar protagonistane i svært stor grad, men i *Fly, Thea! Fly!* er det for Thea berre eit sunnheitsteikn og teikn på noko godt når syskena bråkar. For ho er det slitsamt når ein alltid må streve etter det perfekte. Tidlegare har ikkje Thea hatt sysken, så det kan tenkjast at det er godt for ho å høyre litt bråk og leven i heimen, i motsetnad til tidlegare.

Kontrastane mellom dei to familiene

I delkapitlet over der det blir kommentert at latter, glede og klemming er viktige verdiar for Thea i ein familie, ser ein korleis Thea stadig samanliknar hennar nye og gamle familie. Ho driv heile tida og set dei opp som kontrastar mot kvarandre, og synleggjer kor stor skilnad det er mellom dei. Latteren Thea framhevar, er eit illustrerande døme på dette. Mie, Markus, Hilde og Tor Arne ler stadig vekk saman, i motsetnad til ho sjølv og mora. Ho set seg sjølv og mora opp som kontrastar mot den nye familien. Når Thea heile tida påpeiker dei store forskjellane mellom familiene ho har vore og er ein del av, fører det til at avstanden mellom dei vert stor. Til meir den nye familien til Thea ler og inviterer ho inn i fellesskapet, til større vert avstanden mellom ho sjølv, mora og den nye familien. Truleg har det vore mindre glede og uttrykt kjærleik i hennar tidlegare familie, og det kan sjå ut som det er noko Thea har sakna.

Avstanden Thea heile tida skapar mellom seg sjølv og den nye familien, fører til at ho føler ho ikkje hører til i noko verdifellesskap i det heile. Samstundes blir ho dregen meir og meir mot den nye familien, og i takt med utviklinga av kunstferdigheitene sine, torer ho meir og meir å sleppe seg laus og ta del i fellesskapet deira. For invitasjonen frå den nye familien står ved lag. Det er Thea sjølv som må tote å gripe fatt i den. Denne vurderinga Thea heile tida driv med i sin indre dialog, ser ein og som eit funn i Kallestad (2012, s. 237) sin analyse av *Bølgebiter* (1998), der Anna i den nemnde boka gjer akkurat det same. Der kriteria for Anna er uoppnåelege i forsøka på å høyre til i fellesskapet med «Emma og guttene» ser ein at Thea sjølv meiner ho ikkje hører til i fellesskapet med den nye familien; ho deler ikkje genetikk med dei og ho klarar ikkje å ta del i samhaldet i heimen. Difor verkar det for henne som det er uoppnåeleg og umogleg å ta del i familien. Ho repeterer og gjentek dette for seg sjølv, med ein overtydande tone. Samstundes er ho redd for å bryte ut av fellesskapet ho har med mora. Dette gjer til at ho føler ho ikkje hører til i den nye familien.

I analysen av *Motorsykkelmysteriet* såg ein korleis pronomen og eigedomsord vart brukt for å tydeleggjere kva og kven som høyre saman. Til dømes ved bruk av omgrep som «min» og «vårt». I tillegg såg ein at nemningar som «ste» vart foydd til omgrepa syster og sysken. Denne måten å setje merkelapp på seg sjølv og sine nye sysken, gjer også Thea i *Fly, Thea! Fly!*. Men Thea gjer det ikkje heilt på same måte. Ho viser ikkje tydeleg distansen mellom henne og den nye familien med nemningar på syskena, men ved å kategorisere seg sjølv som

eit fosterborn, noko ho gjer fleire gonger. Ho gjer det ikkje slik at andre hører det, men i sine indre tankar. Ein kan sjå at ho har eit behov for å påpeike at ho er eit fosterborn, og ikkje eit fullverdig medlem av den nye familien; «Eg ser mot Hilde og lurar på kvifor ho ville ha meg her. Eg er visst det første fosterbarnet dei har» (Bratlund, 2015, s. 7). Det same gjer ho når ho drøymer om at i framtida skal ho bli ein kjend kunstnar; «Eg vil læra så mykje eg kan. Og ein dag skal eg visa dei alle. Fosterbarnet Thea skal bli berømt!» (Bratlund, 2015, s. 93). Mykje har skjedd mellom dei to drøftingane Thea har i den indre dialogen, men merkelappen er fortsatt til stades. Thea trur at merkelappen ho set på seg sjølv kjem til å vare med henne i mange år, og at å vere fosterbarn er noko som definerer henne uansett i kva situasjon og kontekst det måtte vere, og ikkje berre i familiesamanheng.

Som ein kan sjå, distanserer Thea seg frå familien ved fleire høve. Mellom anna er kontrastane mellom familiene hennar med på skape denne distansen. Det kan virke som ho ikkje torer å tru på det gode, nemleg at ho har kome til ein varm og omsorgsfull familie med foreldre og sysken som viser omsorg og stiller krav. Truleg er ho redd for å ta del i familien, i frykt for at ho skal gløyme mora, ha det betre hjå dei enn tidlegare, eller at ho ein dag må flytte frå dei. Det kan vere skummelt, samstundes som ho får dårlig samvit. Difor gjentek ho fleire gonger at ho ikkje hører til i familien, og det er Mie og Markus og foreldra som er eit fellesskap. Uansett kor mange gonger dei fortel og viser at ho er ein del av dette fellesskapet, torer Thea ikkje å tru på det. Det syner ho mellom anna med å understreke at ho er eit fosterborn.

Thea sin måte å heile tida overtyde seg sjølv om at ho ikkje hører til, fungerer som ein negasjon i teksten. *Negasjonsprinsippet* kan koplast til apofatisk teologi, som fortel korleis det er umogleg å skildre Gud og det guddommelege gjennom ord (Kallestad, 2004, s. 209). Det fører til at ein heller må skildre kva han *ikkje* er, altså gjennom negativar. Åse Høyvoll Kallestad (2004, s. 209) har gjort ein studie av litteratur som skildrar Gud på denne måten, og påpeiker at Jon Fosse sin karakter Olai «erfarer [...] språkets utilstrekkelighet». Han klarar ikkje å formulere kva Gud er, og nærmar seg Gud gjennom negativar; «Gud er ikke allmektig, Han er ikke allvitende, Han er ikke en del av denne verden» (Kallestad, 2004, s. 209). Slik Olai må seie kva Gud *ikkje* er, gjer Thea det same. Ho klarar ikkje å setje ord på kjenslene sine, anna enn å påpeike at ho *ikkje* hører til, slik fleire presenterte utdrag viser. Thea tydeleggjer korleis ho ikkje finn sin plass, då ho ikkje klarar å ta del i kriteria ho meiner hører til omgrepene familie.

Å setje ord på kjenslene sine gjennom kunstopplevingar

Som tidlegare påpeika, slit Thea med å setje ord på kjenslene sine. Ho har lyst til å fortelje både syskena og Hilde og Tor Arne at ho trivst hjå dei, og at ho ser at dei gjer alt dei kan for at ho skal føle seg trygg. Likevel klarar ho det ikkje. Som vist tidlegare, prøver ho å gjere det gjennom handlingane sine, og ta del i aktivitetar med syskena. Samstundes klarar ho å uttrykkje seg gjennom ei av dei store interessene hennar, nemleg å arbeide med kunst og måleri. Thea ser ein reklame for ei kunstutstilling, og biletet på reklamen bergtek henne; «Eg må trekkja pusten. Hjarta mitt byrjar å slå fortare, hardare. Det er noko heilt spesielt med dette biletet. Det er ei kvinne i kvit kjole der» (Bratlund, 2015, s. 15). Thea klarar ikkje å gløyme måleriet, og det vekkjer stadig kjensler i henne; «[eg] gler meg så det dansar i meg. Og det fordi eg skal få sjå eit bilde, eit måleri, av ei dame på veg inn i lyset. Eit bilde som er heilt magisk» (Bratlund, 2015, s. 19-20). Difor dreg ho og Hilde til utstillinga, og det er ingenting Thea blir så glad for, enn at Hilde vil vere med. Då dei kjem fram og Thea ser måleriet, og på ny vekkjer det kjensler i henne:

Og så ser eg tittelen på bildet.

Ein støyt går gjennom meg.

«Du vel din veg».

Eg står her og ser på bildet, og alt anna blir borte. Eg høyrer ikkje stemmene, høyrer ikkje latteren, eg ser berre kvinna som står der i tåka og vel å gå mot lyset.

«Du vel din veg».

Kan ein alltid velja?

Mamma kan ikkje velja seg frisk. Eg kan ikkje velja meg ein heim med mi eiga mor og min eigen far og eigne søskener.

Kva kan ein velja? Kva kan eg velja [sic]

Det prikkar i armane mine, prikkar i hovudet, som om noko veldig viktig skjer. Som om bildet fortel meg noko eg ikkje må mista (Bratlund, 2015, s. 23-24).

Ut i frå utdraget kan ein sjå at kunsten appellerer og talar til Thea. Den gjer noko med henne, både mentalt og fysisk. Det kan sjå ut som at biletet vert ein identifikasjonsfaktor for Thea, der ho kjenner seg att, og set seg sjølv inn i situasjonen til kvinna i måleriet. Både biletet og tittelen skildrar søken etter lyset, villigheita til å handtere og løyse utfordringar, noko som Thea kan kjenne seg att i. Måleriet set tydlege spor hjå Thea, og brenn seg fast i minnet hennar. Ho tenkjer stadig på det, og må tilbake og sjå det ei gong til. Ho og Mathilde drøftar kva måleriet kan bety, og Mathilde trur kvinna ventar på nokon. Thea trur at ho ventar på å fly (Bratlund, 2015, s. 44). Det å fly vert viktig for Thea i ettertid, og det viser att i hennar eiga kunstutøving. Ho teiknar fleire fuglar og reflekterer over korleis fuglane kan fly av garde;

Eg finn fram eit kvitt ark og byrjar å teikna fuglar. Heile arket blir fullt av fuglar.
Fuglar som har løfta vengene sine for å fly.
Undrast korleis det er å sveva der oppover alt.
Sjå alle ting frå lufta. Kjenna at ein kan fly der ein vil. Gjera det ein vil.
Eg ser ned på arket. Lagar ein fugl til. Ein som enno ikkje har løfta vengene sine. Men
det er like før. Han sit der, heilt, heilt klar (Bratlund, 2015, s. 118)

Truleg teiknar Thea seg sjølv utan at ho er klar over det. Kanskje er det største ynskje til Thea
å kunne fly der ein vil og gjere det ein vil. På den måten vert fuglar eit viktig motiv ein finn
att i kunsten hennar, men og gjerne eit symbol på noko ho sjølv vil oppnå. I kunsten drøymer
ho seg vekk og tenkjer på det ho vil. Ho har eit ynskje om å kome seg framover i livet, at
mora skal bli frisk, og at ho sjølv skal få kjenne på gleda ho ikkje har kjent på lenge.

Måleriet på kunstutstillinga inspirerer Thea, og ho startar å utøve kunst sjølv. I arbeidet med
dette klarar Thea i større grad å formidle kjenslene sine;

Blyanten byrjar gå over arket. Det er som om fargane lever sitt eige liv. Det er som om
fingrane bestemmer sjølve og eg berre ser det som blir til.
På arket framfor meg er det ein stor, blå himmel. Himmelten er full av stjerner. Og så
blir det ei stor, grøn eng, full av blomar.
Midt på enga står ei dame. Ho har ikkje kvit kjole, men raud. Håret hennar er brunt, og
det dansar kring hovudet.
På høgre handa hennar sit det ein fugl. Han er klar til å fly.
Det er mamma som står i blomeenga, ho står der med ein fugl på handa. Ho har løfta
handa så fuglen kan fly.
Brått kjenner eg at eg gråt. Salte tårer glir inn i munnvika.
[...]
Og eg ser på bildet igjen. Ser på fuglen.
Vil han våga å fly? (Bratlund, 2015, s. 82-83).

Her ser ein tydeleg korleis kunstinteressa hennar påverkar korleis ho klarar å uttrykkje
kjenslene sine. Det er mora si ho teiknar, og truleg er ho sjølv fuglen som sit på handa. Thea
ynskjer å vere ein fugl som kan sleppe taket, fly av gårde og starte på nytt med blanke ark.
Men enno klarar ho ikkje dette, og fuglen sit framleis på same stad og held seg fast.

Kunst og måleri viser seg å vere ein viktig del av identiteten til Thea. Kunsten som språk
bidreg til at Thea klarar å uttrykkje kjenslene sine, og slik klarar ho i større grad å forhandle
med seg sjølv om kva fellesskap ho høyrer til i. Interessa hennar for måleri er og med på å
skape fleire relasjonar med syskena, då ho inviterer dei med i utøving av interessa si. Ved å

inkludere syskena i kunstopplevingane sine, og omtale dei i samanhengar der ho pratar om familie, viser ho at sysken er eit av kriteria ho har til omgrepet familie, slik Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) hevdar at kriterium er «språkbrukeres dom om hvorvidt noe faller inn under et bestemt begrep». I høve eit målarkurs Thea deltek på, vil ho måle ei hand med inspirasjon frå ein gut ho har møtt der, Joss. Thea strevar med motivet og vert ikkje nøgd med resultatet. Ho treng ein modell, og Markus vert eit naturleg val for henne. Han blir stolt og glad når ho spør, og ho beundrar kor tolmodig han er (Bratlund, 2015, s. 138). Her ser ein tydeleg ei utvikling i Thea, og der ho tidlegare ikkje involverte andre i kunstopplevinga sine, deltek både Mie, Markus, Mathilde og Joss. Ho inkluderer syskena sine dersom ho strevar, og syskena viser stor glede i å dele den store interessa til Thea;

Litt etter står Markus i dørropninga. Han berre står der og seier ingen ting.

- Vil du også teikna? spør eg.

Han nikkar.

- Gutar teiknar også, seier han.

- Ja, seier eg.

- Fuglar? spør han.

- Viss du vil. Eller du kan teikna fly, eller kva du har lyst til.

Og så smiler han. Han smiler ikkje med heile andletet, slik som Mie gjer, men det er lett å sjå at han er nøgd.

- Eg vil teikna fly, seier han.

- Her, seier eg og teiknar eit eksempel til han.

Og han jobbar alvorleg med å få til det eg viser. Han tar seg god tid og er nøyaktig.

- Vi kan lata som vi flyg, du og eg, seier eg.

Eg dyttar han forsiktig i armen.

- Du med flytet ditt, og så er eg ein fugl.

Då ler han.

- Det er berre teikning, seier han (Bratlund, 2015, s. 64-65).

Sjølv om kanskje verken Markus eller Thea er klar over det, ser ein frå utdraget at Thea inkluderer Markus i tankane hennar om at ho ein dag ynskjer å fly vekk. Markus synes det er morosamt og forstår ikkje kva det har å bety for Thea, og understrekar at det «berre» er ei teikning. Men for Thea har det ei heilt anna betydning.

Når klumpen i magen forsvinn

Som tida går, blir Thea flinkare til å ta del i fellesskapet i familien, samt sette ord på kjenslene sine, då mellom anna med påverknad av kunstinteressa hennar. Bursdagen til Thea kan sjåast på som eit skilje mellom det som har vore, og det som er. Ein kan tydeleg sjå i teksten at Thea

har gått gjennom ei utvikling og kjenner seg trygg saman med den nye familien, samt at ho er glad for at mora hugsar dagen hennar;

- Gratulerer med dagen!

Så har ho hugsa det. Hjarta mitt slår litt fortare. Og stemma til mamma er den gode stemma, den utan gråt i.

Mamma høyrest ut slik ho kunne vera når dagane var gode.

Eg heldt hardt om telefonen. Brått tenkjer eg at ho skulle vore her, men saman med Hilde og Tor Arne og Mie og Markus og meg. Vore her og vore frisk. (Bratlund, 2015, s. 70-71)

Thea ynskjer at mora kunne vore der saman med henne. Men ein ser og at Thea har funne seg meir til rette med den nye familien sin, og at ho og vil vere med dei på denne dagen. Det syner seg når Thea reflekterer over telefonsamtalen: «Brått tenkjer eg at ho skulle vore her, men saman med Hilde og Tor Arne og Mie og Markus og meg». Ho nemner alle i familien, inkludert seg sjølv, og ser på dei i større grad som eit fellesskap ho er ein del av.

Tekstutdraget viser at Thea ynskjer å ha både mora og sin nye familie i livet sitt. Noko som kan tyde på at Thea byrjar å innsjå at ho har det betre hjå den nye familien. Ho forstår at mora hennar ikkje alltid klarar å gje henne dei beste rammene ho treng for å få ein god oppvekst. Samstundes har ikkje Thea lyst å gje slepp på mora, og ho er fortsatt ein viktig del av henne. Thea set pris på samhaldet og kjærleiken frå mora, og samhaldet, kjærleiken og tryggleiken frå den nye familien. Tryggleiken vert gjerne den faktoren som er mest tydeleg forskjellig i dei to familiene Thea no er ein del av.

Fleire utdrag viser at Thea reflekterer over familieforholda sine. Ho held kontakten med mora, og dreg av og til på besök til henne. Kjenslene til Thea overfor mora har hindra henne i å ta del i det nye fellesskapet, men den indre dialogen hennar viser lesaren at ho i større grad ser på seg sjølv som ein integrert del av den nye familien. Ho vil ikkje reise frå dei;

Eg tenkjer på at eg skal til mamma. Viss mamma er betre, så kan det vera OK å møta henne, men på den andre sida, viss mamma blir frisk no, så må eg flytta frå Hilde og Tor Arne og Mie og Markus. Flytta frå Mathilde og målarkurset, og frå Joss.

Eg skammar meg fordi eg ikkje ønskjer at mamma skal bli heilt frisk riktig enno. Men ho kan vera betre. Slik at ho har det bra (Bratlund, 2015, s. 100).

Fleirstemmigheita til Thea samtalar med kvarandre, og ho vurderer situasjonen frå fleire perspektiv (Bakhtin, 1984, s. 28). Thea kjenner på skam, då ho i større gard ynskjer å vere hjå den nye familien enn hjå mora. Utdraget viser og at Thea forstår at ho har det betre der ho er

no, og det beste for mora er at ho får den hjelpa ho treng. Tidlegare har Thea alltid fått ei vond kjensle og ein klump i mange både før og etter ho har besøkt mora, men ein dag merkar ho at noko er annleis; «Eg ser ut bilvindauga, og så slår ein tanka [sic] ned i meg. Eg sit her og har vore hos mamma, og eg har ingen klump i magen. Så rart» (Bratlund, 2015, s. 116). Sitatet viser at parallelt med at tida har gått, har Thea akseptert at mora er sjuk og treng hjelp, og at ho har det betre i den nye familien sin.

Å våge å fly

I slutten av boka summerer Thea for seg sjølv kva som gjer ho lukkeleg. Det er lukka ho heile tida har vore på søkeren etter, og som ho heile tida har streva for å oppnå. Og lukka er nær. Lukka er der no;

Det har ikkje vore enkelt med mamma.

Mamma har det så vondt, og då er det vondt for meg også. Men så er det så mykje godt. Hilde og Tor Arne og Mie og Markus. Og Mathilde. Og så målarkurset og utstillinga vi skal ha. Og Joss. Det dansar i meg berre eg tenkjer på han.

Brått veit eg kva bilde eg no skal mala.

Ikkje kvinna som går mot lyset, men ein fugl med store, vide venger som flyg høgt, høgt og fritt.

Eg veit kva eg skal kalla bildet: «Fly, Thea! Fly!» (Bratlund, 2015, s. 158-159).

Thea har gjennomgått ei stor personleg utvikling, og måleriet og tittelen vert ståande som ein metafor på prosessen hennar. I starten brukte ho negasjonar og «fosterbarn»-nemninga på seg sjølv for å distansere seg frå familien. Med interessa for kunst skjedde det ei endring.

Kunstopplevingane hennar gav ho eit språk som gjorde til at ho i større grad klarde å setje ord på kjenslene sine. Og som utdraget over viser, har dette føregått i dialogiske forhandlingar med henne sjølv. Gjennom desse forhandlingane har ho gradvis vurdert situasjonar, og til slutt tatt større del i fellesskapet hjå den nye familien. Helsetilstanden til mora har vore krevjande for henne, og det har påverka henne i stor grad. Samstundes klarar ho også å sjå det gode i livet sitt, og kor godt ho har fått det i den nye familien. Dei kunstariske evnene og interessene hennar, Mathilde og Joss, Hilde og Tor Arne, og Mie og Markus har i stor grad påverka Thea og hennar personlegdom, utvikling, lukke og trivnad. Hilde og Tor Arne har gitt henne ein trygg heim med omsorg, kjærleik, latter og glede, og Mie og Markus har vist henne tilhørsle, syskenkjærleik, tryggleik og ansvar. Mange faktorar har gjort slik at Thea har fått det betre både med seg sjølv og med dei rundt henne, og syskena Mie og Markus har vore ein stor del av denne utviklinga. Syskenrelasjonane med Mie og Markus har spela ei stor rolle i Thea sin

framgang og utvikling mot eit betre liv. Ho har kjent seg velkommen i syskenflokken, og torer å ta full del i den til slutt.

4.3 En bror for mye

Tekstutvalet skildrar syskenrelasjonar frå fleire ulike synsvinklar. I *Motorsykkelmysteriet* får ein innsikt i både Stian og Stine sine tankar, og ein får vere vitne til den nye familiesituasjonen frå forskjellige vinklar; både den som får eit nytt medlem flyttande inn i familien og huset sitt, og den som flyttar inn. I *Fly, Thea!* Fly følgjer ein karakteren som flytta inn i ein ny familie. I *En bror for mye* er det Sara ein følgjer, og perspektivet er frå ein person som får eit nytt sysken flyttande inn til familien sin. Syskenrelasjonane mellom Steinar og Sara kjem i størst grad til syne gjennom Sara sine indre dialogar, både som seg sjølv og i rolla som Alfred, samt gjennom dialogen med den nye broren.

Sara i fleirstemmig dialog med seg sjølv

Også i denne teksten er dei indre dialogane hjå karakterane dominerande, og difor vert Bakhtin (1984) sin teori også relevant i analysen av denne boka. Det same gjeld Cavell (1979), i studie av språket til karakterane. I *En bror for mye* er det nettopp gjennom dei indre dialogane Sara fører ein i størst grad får tilgang til hennar relasjonar og synspunkt med og om den nye broren, Steinar. I dialogen diskuterer og forhandlar Sara med seg sjølv, og prøver å kome fram til løysingar på Steinar og hennar utfordringar gjentekne gonger. Det blir hennar måte å takle forandringane som skjer i familien på, og ho nyttar seg sjølv og Alfred som gode samtalepartnarar. Slik Bakhtin (1984, s. 28) hevdar at karakterar i litteraturen går i dialog med seg sjølv for å finne svar på problemstillingar og konfliktar, noko ein har sett Stine, Stian og Thea og gjer, viser denne teksten at Sara drøftar med seg sjølv. Sjølv om ho kan diskutere med både foreldra og storesystera, er det seg sjølv ho vender seg til i størst grad, både som Sara og som Alfred, for å kome til løysingar som kan få forholdet til Steinar til å fungere betre.

Gjennom dialogen vert lesaren kjend med kva forhold Sara og Steinar har og har hatt tidlegare. Dei har kjent kvarandre over lang tid, lenge før Steinar måtte flytte inn. Sara har ikkje vore særleg begeistra for Steinar, og synes han mest er irriterande og alt for liten. Han er tross alt berre fem år;

Det er akkurat som om de tror at jeg er like liten som
Steinar.
Han kan ikke kle på seg selv.

Han spiser godteri etter at han har pussa tenna.
Hvem andre får det?
Men han er jo så ung, sier mamma.
Bare fem år.

Ung?
Mamma?
Hallo?

Jeg synes Steinar er en idiot.
Han bare maser og er helt ubruklig til alt.
Men da pleier mamma å si at jeg må holde ut med ham når han er her, selv om jeg syns han er dum.
[...]
Men jeg orker ikke å være snill mot Steinar.
Jeg orker ikke å synes synd på ham.
Jeg er bare veldig glad for at han ikke kommer hit til jul (Hagerup, 2016, s. 12-13).

Som utdraget viser, er ikkje Sara særleg positiv til Steinar. Han er irriterande, klarar ikkje ta vare på seg sjølv og masar. I refleksjonane sine over Steinar stiller ho openbare spørsmål, som om observasjonane hennar bør vere like tydelege for alle. Desse refleksjonane synleggjer Sara i sin indre dialog før mora til Steinar døyr, og det viser at ho og Steinar aldri har hatt noko godt forhold. Mødrene deira har vore gode venninner i lang tid, og slik har Sara og Steinar blitt kjende med kvarandre. Når det grusame skjer med mora til Steinar, er det nettopp grunna vennskapen mellom mødrene han flyttar inn til Sara og familien. Slik ligg deira tidlegare relasjoner og erfaringar til grunn for starten på det nye forholdet deira, no nemleg som sysken.

Ut frå utdraget kan det også tolkast at Sara er litt sjalu på Steinar. Argumenta ho kjem med for å synleggjere at Steinar er «liten» og «ubruklig til alt», nemleg at han ikkje meistrar å kle på seg sjølv og at han et godteri, skildrar ikkje korleis han er som person og oppfører seg. Dei vert gjerne litt for enkle og usaklege. Kanskje kunne ho sjølv ynskje ho fekk ete snop etter å ha pussa tenna. Steinar har i alle år budd åleine med mora si og fått merksemda hennar, og det kan vere noko Sara kunne tenkje seg. Ho deler all merksemrd frå foreldra med systera Emilie, og kanskje ho kunne ynskje at ho fekk endå meir sjølv.

Sara gjer tydeleg uttrykk for at ho ikkje likar Steinar, både overfor seg sjølv og for resten av familien. Gjentekne gonger poengterer ho at han ikkje passar inn i familien deira, og kjenslene hennar kjem tydeleg til syne når ho får vite at han skal flytte inn; «Nei! sa jeg. – Det kan han ikke. Nå frøys jeg så jeg skalv. Det var nesten så jeg hakka tenner. – Han kan

ikke være hos oss, sa jeg. – Det går ikke! Det er helt umulig! Pappa sukka» (Hagerup, 2016, s. 29). Det er ikkje tvil om kva Sara tenkjer om Steinar, og ho legg heller ikkje skjul på det. Når Sara for seg sjølv skildrar korleis ho føler det, forsterkar det kjensla lesaren får av at dette er mot hennar vilje; «Jeg kjente en stor knute som knøyt seg fast inni halsen min. Den vokste. Den begynte å svi. Selv om jeg hadde lyst til å si veldig mye akkurat da, så greide jeg ikke si noen ting» (Hagerup, 2016, s. 29). Som ein såg at Thea ikkje klarde å setje ord på kjenslene sine i førre analyse, ser ein her at Thea har dei same utfordringane.

Den dagen Steinar flyttar inn, understrekar Sara sin motstand. Ho skildrar dette som «den verste dagen i livet mitt» (Hagerup, 2016, s. 32), og meininga hennar om Steinar har ikkje endra seg. Gjennom å samanlikne korleis det var før og etter han flytta inn, formidlar ho kva ho føler om det. Alt som Steinar gjer, irriterer Sara, og nok ein gong poengterer ho kor ung og liten han er i forhold til ho sjølv;

Så flytta Steinar inn.
På en fredag.
Det som pleide å være ukas fineste dag.
Denne uka var det den verste dagen i livet mitt.
[...]
Steinar hadde med seg en haug av klær og leker og bøker.
Og så hadde han med veldig mye Steinar.
Det er rart hvor mye plass en så liten fyr kan ta.
Han var bare en tynn gutt som rakk meg til midt på leggen.
Likevel føltes det som om både han og tingene hans var absolutt overalt (Hagerup, 2016, s. 32).

Livet før og etter at Steinar har kome inn i familien vert ståande som kontrastar, her poengtert gjennom å vise til favorittdagen i veka, fredag. Sjølv om Steinar er ung og liten av vekst, har han med seg mykje ting, og erostrar heimen, familien og livet til Sara. Det likar ho ikkje, og det blir mykje å handtere for ho.

At Sara i stor grad diskuterer med seg sjølv, kan det vere fleire grunnar til. Det kan vere at ho treng å ha nokon å diskutere det som skjer med, men veit ikkje heilt kven ho skal vende seg til. Det kan og sjå ut som at ho ikkje føler at det er nokon som forstår henne og kjenslene hennar oppi alt det som skjer. Foreldra og systera har vist engasjement og glede ved at Steinar skal bu med dei, noko som er heilt motsett frå det Sara føler. Å finne ein god samtalepartnar i seg sjølv kan ofte vere eit alternativ og ei løysing dersom ein ikkje har nokon fortrulege å vende seg til, og det blir Sara si løysing i denne situasjonen.

Sara sin medvitne bruk av familieomgrep

Fleire av karakterane brukar omgrep som omfattar familien deira i store delar av boka. Emilie, storesystera til Sara, kallar Steinar for bror med ei gong, og har ikkje dei same tilpassingsproblema som Sara. Emilie synes det er kjekt med eit nytt sysken, og vil gjerne vere systera hans; «Jeg kan være søstera di, jeg, Steinar» (Hagerup, 2016, s. 39). Det går ikkje like lett for Sara å omtale Steinar som ein bror og ein del av familien.

Slik Cavell (1998, s. 224) peikar på at språket kan fortelje oss noko om den einskilde, ved at det synleggjer kva ein ser på som viktig og kva som spelar ei rolle, viser teksten kven Sara reknar som sin eigen familie. Steinar, Sara, Emilie og foreldra sit ved kjøkkenbordet og drikk kakao. Steinar slurpar i seg kakaoen utan at nokon gir han beskjed, og dette irriterer Sara. Ho bestemmer seg for å gjere det same;

SlurpetislurpetislurpetiSLUUUUURP!!!

Endelig skjedde det noe.

- Kan du slutte med det der? sa Emilie. – Det er helt grusomt å høre på deg.
- Er det grusomt å høre på MEG? sa jeg.
- Du behøver ikke lage så mye lyd når du drikker, sa pappa. – Du er for stor til å holde på sånn.
- Men Steinar ... begynte jeg.
- IKKE! sa mamma.

- Ikke hva da? sa jeg. – Han slurper, han òg.

Plutselig merka jeg at hele familien min – mamma, pappa og Emilie – satt og så på meg med sinte øyne.

Ingen sa noe.

Alle var bare sinte.

Veldig stille, og veldig sinte.

På meg.

Alle bortsett fra Steinar, virka det som (Hagerup, 2016, s. 36-37)

Gjennom språket i sin indre samtaler, ser ein kven ho reknar som familie. Som ein ser, nemnar ho ikkje Steinar. Ho poengterer kven som høyrer med, og det er tydeleg at ho med medvit ikkje reknar Steinar som ein del av familien sin. Som Stian gjorde tidleg i handlinga i *Motorsykkelmysteriet*, er det dei biologiske fellestrekka som vert gjeldande argument for kven som er i slekt. Gjennom å sjå kven Sara reknar som ein del av familien sin, kjem syskenrelasjonane mellom Sara og Steinar til syne, frå Sara sin ståstad. Sara er ikkje interessert i å rekne han som eit familiemedlem, og på den måten vert det vanskeleg å skulle byggje relasjonar saman. Siste setning i utdraget over kan og fortelje oss noko om korleis

Steinar føler det. Det kan sjå ut som at han ikkje vert påverka av Sara sin oppførsel, og kanskje ikkje heilt forstår at herminga og slurpinga hennar er på grunn av han. Ein grunn kan vere at han er yngre og ikkje forstår at ho gjer narr av han, samstundes som det kan sjå ut ut som han ikkje bryr seg om det.

Som eg har peika på tidlegare i analysen, kan det sjå ut som at Sara er sjalu på Steinar. Ho må dele merksemda frå familien med Steinar, og det betyr at det vert mindre på henne sjølv. Det kan vere ein av grunnane til at ho difor slurpar i seg kakaoen, for at foreldra skal fokusere meir på henne. Dette munnar ut i at ho får kjeft, og ho føler seg urettferdig behandla. Det ser ein gjennom utsegna «Men Steinar ... ». Ho samanliknar seg sjølv med han, og tenkjer at sidan han ikkje får tilsnakk for det, bør ikkje ho få det heller. Fleire gonger har ho poengtert kor ung og liten han er, medan no samanliknar ho seg sjølv med han, og ho synes dei bør behandlast likt. Tidlegare har Sara vore det minste barnet i familien, men no når Steinar har flytta inn, blir ho med eitt mykje eldre og meir voksen. Det kan sjå ut som at det er ein vanskeleg situasjon for å Sara å forholde seg til, og det byr på utfordringar for henne. Å tilpasse seg dei nye endringane kan vere vanskeleg, og ho er gjerne redd for at Steinar skal ta plassen som den minste i familien og få meir merksemd og kjærleik enn ho sjølv.

Det er ulikt korleis familien tilpassar og tykkjer om den nye situasjonen. Sara er den som slit mest, medan foreldra og Emilie erkjenner Steinar som ein del av familien omrent med ein gong han flyttar inn. Dei reknar han som ein bror for Emilie og Sara, og jentene som systrene hans. For at Steinar skal bli kjend med den nye familien og deira liv, tek dei han med på ein køyretur der han blir introdusert for viktige stader for dei. Mellom anna dreg dei til skulen der Sara går, og som Steinar skal gå på i framtida. Foreldra prøver å ha ei positiv haldning, og faren seier;

Der er skolen til Sara. Der skal du begynne i første klasse neste år. Det blir fint. Da kan Sara passe på deg, vet du. Fint å ha en storesøster på skolen!
- Særlig Sara gidder det, sa Emilie. – Jeg kan være søstra di, jeg, Steinar (Hagerup, 2016, s. 39).

Sara sine haldningar og oppførsel går ikkje upåakta hen, og foreldra og Emilie ser korleis Sara oppfører og føler seg. I utdraget kjem eit av fleire kriterium som Emilie legg i omgrepet syster til syne. For Emilie er det å passe på vetebroren sin, ei oppgåve for ei storesyster. Ut frå Sara sin oppførsel og hennar utsegn, har Emilie konkludert med at Sara ikkje vil vere ei syster for

Steinar, og at ho ikkje klarar å oppfylle kriteria som ligg i det å vere storesyster. Difor tek Emilie på seg rolla med å passe på Steinar, medan Sara ikkje er interessert i det. Emilie og foreldra brukar omgrep som bror og syster om Steinar og jentene med det same, noko Sara ikkje klarar.

Mitt og ditt, ikkje vårt

Språket og bruken av eigedomspronomen hjå Sara gjer det tydeleg for lesaren korleis forholdet til Steinar er, og korleis Sara føler det. I fleire situasjonar har Sara behov for å poengtere og vise eigarforhold til foreldra, ting dei har heime og det dei opplever. Når dei drikk kakao, poengterer ho at Steinar sit på fanget til «mammaen min» (Hagerup, 2016, s. 34). Sara vil ikkje dele mora si med Steinar, og gjer det tydeleg at det er hennar mor og ikkje Steinar si mor. Dette skjer fleire gonger. Steinar slit med å sove om kveldane og nettene, og vaknar ofte. Då kjem mora til Sara inn og trøystar han;

Mamma hadde kommet inn. Hun satt på sengekanten hos Steinar.

- Mamma! sutra han. – Jeg vil til mamma!

Så la mammaen min seg under dyna inntil ryggen hans.

Hun holdt rundt ham, trøsta ham.

Hviska myke ord.

Hun sang våre sanger for ham.

Mammaen min lot som om hun var mammaen til Steinar (Hagerup, 2016, s. 46).

Sara ser på delinga av mor si med Steinar som noko vondt, og noko ho ikkje har lyst til å gjere. Måten ho reflekterer over kva som skjer på i dette utdraget, kan fortelje at ho er sjalu på at Steinar får trøyst av mora, og ho treng å forsikre seg sjølv om at ho er mora hennar, og ikkje Steinar si. Mora sine kjærlege handlingar til Steinar er noko som for Sara gjer ho til ei mamma, og Sara kunne sjølv ynskje å få oppleve det. I ord og handling forhandlar både Sara og mora hennar om kva det vil seie å vere mamma. Cavell (1979, s. 34) poengterer at det oppstår forhandling om kriteria som ligg i språket, og ein ser at både mora til Sara og Sara sjølv ser på dei kjærlege og omtenksame rørslene som noko ei mor skal gjere. Det ligg nedfelt i omgrepet. Kriteria kjem tydeleg fram når det er nettopp «mammaen min» Steinar ropar på, og mora til Sara svarar med å trøyste han slik ei mamma gjer. Eigedomspronomena Sara brukar i utdraget, fortel at ho ikkje vil inkludere Stian i hennar liv og familie. Det ser ein når ho seier «våre sanger». Ved å poengtere at det er *våre* songar, skapar ho ein distanse mellom Steinar og familien hennar. Han er ikkje ein del av den.

Når dei er på den allereie nemnde køyreturen, brukar Sara fleire eigedomspronomen for å knyte stadene og hendingane til henne og familien hennar, utan at Steinar er ein del av det;

Og så pekte de på en masse steder som er våre:

- Der er skogen vi pleier å gå i.
- Fra busslomma der borte går bussen inn til byen.
- Bortover den veien bor mormor. I det gule huset. Vet ikkje om du ser det herfra, egentlig.
- I den bakken brakk Emilie beinet da hun akte der da hun var fire år.
- Der er den største fotballbanen vi har. Vil du begynne å spille fotball, Steinar?
- Gleder du deg, Steinar?
- Gleder du deg til det nye livet ditt?
- Gleder du deg til å leve livet vårt, Steinar?
- Livet vårt.
- Gleder du deg? (Hagerup, 2016, s. 39).

Her viser Sara eigarskap til fleire stader, men Steinar slepp ikkje til. Ved å seie «livet vårt» to gonger for å poengtere at det er «vårt», viser det at Sara ser på Steinar som ein innitrengar i livet deira. Ho tykkjer det er irriterande at han må introduserast for alt dei plar gjere på. Ho forstår ikkje kvifor han må inkluderast i deira familieaktivitetar når han ikkje er ein del av familien, biologisk sett. Han har jo tross alt hatt ein eigen familie med mor og bestemor.

Den repeterande straumen av ord og setningar ho har i samtalen med seg sjølv, gjer at ein les med aukande tempo, og slik kan kjenne at frustrasjonen til Sara stig. Det same gjeld når ho på slutten vert gjentakande med «gleder du deg [...]» fleire gonger på rad, og poengterer at det er deira liv han no skal ta del i. Det kan sjå ut som at setningane i utdraget går frå å vere samtale mellom alle i bilen, til å vere noko Sara repeterer frå dei og seier til seg sjølv i sin indre dialog. Innhaldet og setningane vert korte og intense, og viser at situasjonen er overveldande for henne.

Gjentaking av setningar og omgrep er noko Sara brukar mykje, og viser frustrasjonen og irritasjonen hennar. I utdraget under viser ho korleis ho føler det når Steinar skal sove på hennar rom. Det vert ikkje berre rommet hennar lenger, no må ho dele det med han;

Mamma og pappa ommøblerte rommet mitt så det ble trangt og ikke mitt mer.
De satte inn en seng der jeg pleide å ha skrivebordet.
De redde opp med sengetøy med tegninger av fotballer på.
Så satte de inn en grå kommode som Steinar skulle ha klærne sine i.

Jeg liker ikke grått.
Jeg liker ikke fotball.
Jeg likte det gamle skrivebordet mitt.
I hvert fall bedre enn fotballer og grå kommoder.

Steinar skulle flytte inn i livet mitt.
Vi skulle sove på samme rom.
Vi skulle våkne sammen hver morgen.
Jeg skulle høre på sutringa hans, pusten hans om natta.
Jeg skulle tvinge meg til å være snill mot ham.
Jeg skulle tvinge meg til å like ham (Hagerup, 2016, s. 31).

Sara reflekterer over korleis kvardagen hennar har blitt endra etter at Steinar har flytta inn. Som alt anna ho eig, må ho no dele hennar mest private, nemleg soverommet sitt, med han. I dei to fyrste linjene i utdraget omtalar ho soverommet som ho og Steinar skal dele, som «mitt». Sjølv om Steinar også skal sove der, er det fortsatt «mitt». Steinar fell ikkje inn under fellesskapet til Sara. I tillegg seier ho seg imot alt som foreldra set inn og som er Steinar sitt, her eksemplifisert med fotballar og ein grå kommode. Sara gjentek «Jeg liker ikke» to gonger, og gjennom det repeterande språket kan det gi lesaren ei kjensle av at Sara prøver å finne noko å ikkje like med Steinar og tinga hans. Innerst inne har ho kanskje ikkje tenkt over kor store forandringar det fører til, før ho ser det med eigne auger. Då blir alt så mykje meir verkeleg og tydeleg for henne. I og med at Sara er negativ til at Steinar flyttar inn i heimen hennar, kan det tyde på at ho tek medvitne val i bruk av ord, og ho er klar over kva ho føler. Det er foreldra til Sara som gjer alle endringane på rommet hennar, og ho viser at det er mot hennar vilje med å omtale dei som «de». Ho skapar ein distanse til det som blir gjort, og viser at det er mot hennar vilje, då ting ikkje skjer på hennar premiss, og ho føler ho ikkje vert høyrt. Det kjem tydeleg fram når ho startar setningane med «Jeg liker ikke» og «Jeg skulle tvinge meg til». *Meg* og *mitt* vert ståande som kontrastar til *de* og *han*. Ved å skrive «Vi skulle» ser ho på Steinar og seg sjølv som eit fellesskap, men det står i motsetnad og kontrast til avslutninga på utdraget; «Jeg skulle». Ho vil eigentleg ikkje rekne dei som eit fellesskap. Alle desse setningsstartarane og ordvala fortel oss om relasjonane mellom Sara og Steinar, og at dei ikkje har noko godt forhold.

At Sara reknar rommet hennar som berre mitt, og at Steinar ikkje er ein del av det, viser seg gjennom språkbruken hennar fleire stader i boka; «Jeg hadde fått nok allerede før det hadde begynt. Før Steinar flytta inn. Sikkert lenge før vi feira en eneste julafoten sammen. Jeg hadde fått nok for lenge siden. Men nå lå han her og surkla på *mitt* rom» (Hagerup, 2016, s. 69). Ved

å kursivere *mitt*, ser det ut som at Sara legg ekstra trykk på at det er hennar rom, og at ho ikkje er interessert i å dele det med han. Det underbyggjer funna frå førre utdrag. At Sara mislikar det så sterkt at ho må dele rom med Steinar, fortel at relasjonane deira aldri har vore særleg positive.

Fleirstemmigheit og ambivalens

Sara sine kjensler overfor Steinar utviklar seg sakte, og foreldra sporar ikkje mykje endring i korleis ho forheld seg saman med han. Det er lite som tilseier at Sara i større grad blir vane med den nye familiekonstellasjonen. Ein situasjon viser derimot at Sara sine kjensler har utvikla seg i ein retning der ho får større aksept for Steinar. Likevel stoppar det opp akkurat der. Steinar lagar ikkje så mykje bråk som Sara hadde forventa, og ho vert difor meir open og tolerang for han. Sara tillèt seg å tenkje meir positivt om Steinar, og at han kanskje ikkje er så verst likevel, men finn fort ut at det var for godt til å vere sant;

På fredagen hadde jeg begynt å håpe på at Steinar var litt stille og sjener. For han hadde ikkje vært så ille som jeg frykta.

På en skala fra én til ti, hvor én var grusomt og ti var bra, så scora han omrent midt på.

En femmer. En sekser hvis jeg skulle være litt ekstra grei.

På lørdag skjønte jeg at jeg hadde tatt feil.

Veldig, veldig feil (Hagerup, 2016, s. 45).

Utdraget er rett i førekant av ei natt der Steinar skrik og saknar mora si, og denne skrikinga er noko som går Sara på nervane. Når Sara i den minste grad let seg tenkje positivt over Steinar, vert ho med eitt minna på om korleis han eigentleg er, og overtyda om at ho ikkje likar han i det heile. Foreldra og Emilie er fortvila over situasjonen, og vil sjølvsagt at Steinar og systrene skal gå godt overeins. Samstundes skjønar dei at dei er i ein situasjon der det krev både tid og tolmod for at det skal kunne gå seg til og bli betre.

Som tida går, vert Sara meir ambivalent over korleis ho tykkjer det er å ha Steinar buande heime hjå henne. Det kjem mellom anna til syne etter at dei har krangla, og ho har skrike ut til han at ho synes han er dum og irriterande. Sjølv om ho reagerer med kraftige, verbale uttrykk på det han har sagt og gjort, kan det sjå ut som at ho har eit snev av därleg samvit etter kraftsalva;

Jeg hadde ingen steder å gjemme meg.

Rommet mitt var ikke mitt lenger.
Stua var full av Steinars lego og småbiler.
Ute var det iskaldt.

Jeg løp opp trappa og la meg på magen på badegulvet.
Holdt armene rundt hodet.
Jeg ville gråte, men jeg ville ikke gråte.
Jeg ville ha trøst, men jeg ville ikke ha trøst.
Jeg ville være slem mot Steinar, men eg ville ikke være slem mot Steinar.

Eller ville jeg det? (Hagerup, 2016, s. 51).

Sara er i villreie, og veit ikkje kva ho føler overfor Steinar. Hennar ambivalens kjem til syn i fleirstemmigheita i den indre dialogen hennar. Stine, Stian og Thea har i dei førre analysane vist at dei samtalar med forskjellige stemmer i sin indre dialog, og ein ser at Sara gjer det same (Moe, 2014, s. 54). Slik Bakhtin (1984, s. 28) hevdar at ein samtalar både med likemenn, men og med motsetningar av seg sjølv, viser fleirstemmigheita til Sara at ho gjer det. Gjennom å samtale med seg sjølv vert usikkerheita framheva, poengtert og synleggjort. Ved å vise denne usikkerheita viser også relasjonane og kjenslene som Sara har til Steinar. På ei side vil Sara vere slem med Steinar, samstundes som ho på ei anna side ikkje vil. Ho vil ha trøyst, og ho vil ikkje ha trøyst. Sara klarar ikkje å bestemme seg om ho likar Steinar eller ikkje, og usikkerheita og tvetydigheita fortel at å få nye sysken ikkje alltid er så veldig enkelt, og at det er ein prosess ein må venje seg til. Bakhtin (Moe, 2014, s. 54) framhevar at dialogen er fylt av kampar mellom fleire stemmer, og det viser teksten her at Sara sin indre dialog består av. Ho er stadig i forhandling med seg sjølv og hennar indre stemmer om kva ho føler og vil. Lesarane får innblikk i Sara si usikkerheit gjennom det som skjer på det indre planet.

Ambivalansen Sara kjenner på kjem og til syn etter at Steinar har vore i ein krang med ein gut i barnehagen. Etter å ha brukt tida til å bli meir vane med den nye familiesituasjonen, får Sara auka forståing for at Steinar er i ein vanskeleg og umogleg situasjon. Ho skjønar at han har det vanskeleg, og at han treng ein varm og kjærleg familie til å ta vare på han. Sjølv om han og alle tinga hans har invadert Sara sin kvardag, forstår ho at ting må vere som dei er;

Jeg holdt med Trond.
Og jeg holdt ikke med Trond.
Jeg holdt litt med Steinar.
Mest skulle jeg bare ønske at jeg ikke visste at verken Trond eller Steinar fantes.

Men Steinar fantes.
Han var her.

Hos oss.

For jeg skjønte jo det.
At det på en eller annen måte var synd på Steinar.
Innerst inne visste jeg det.
Selv om jeg ikke sa det høyt.
Det er ikke alt man vet som man trenger å si høyt bestandig.

Jeg visste også at Steinar trengte noen som kunne ta seg av sutringa hans.
Jeg orka bare ikke tanken på at det måtte være oss.
Men det var oss, og sånn skulle det fortsette å være.

Det visste jeg (Hagerup, 2016, s. 66-67).

Her ser ein og eit døme på at personar kan gå i dialog med sanninga. Bakhtin (1984, s. 31-32). hevdar at sanninga i seg sjølv går inn i dialogen og dannar relasjonar med andre personlegdommar i fleirstemmigheita til ein person, og teksten viser at Sara drøftar med sanninga. Ho er innforstått med at Steinar må vere hjå dei og at det er til det beste for han, sjølv om ho ikkje likar situasjonen særleg godt. Det fortel at ho er såpass moden til å forstå at ein må hjelpe personar som er i ein vanskeleg situasjon. Hennar indre refleksjonar har ført fram til eit resultat der ho aksepterer det ho eigentleg har villa fortrengje; at det er synd i Steinar. Ho innrømmer det for seg sjølv, men ikkje for resten av familien.

Ambivalansen som Sara viser i begge utdraga over, fortel at syskenforholda er i utvikling, sett frå Sara si side. Som tida går, vert ho meir og meir medvitn over at Steinar treng hjelp, og at det er det rette å gjere. Samstundes er ho ærleg overfor seg sjølv om kva ho synes om situasjonen, og at det ikkje er noko ho har så veldig lyst til.

Rollebyte – Sara vert Alfred

At Sara ikkje har den store framgangen som krev i forholdet med Steinar, er noko som plagar foreldra, og gir dei daglege utfordringar. Etter at Sara har overhøyrt ein samtale mellom foreldra der dei diskuterer korleis det hadde vore dersom Sara hadde fått ei vetlesyster, eller om Steinar hadde hatt ein storebror, set det tankane til Sara i gang;

Steinar trodde kanskje at jeg likte han.
At jeg kunne være søstra hans på ordentlig.

Men Steinar trengte ikke meg.
Det Steinar trengte var en bror.

Det var som mamma hadde sagt den natta til pappa:
Sara skulle være en stor og sterk og snill storebror.
Det var ikke noe vanskelig i det hele tatt.
Bort med Sara, inn med en storebror.
At jeg ikke hadde tenkt på det før.
[...]
Fra nå av skulle jeg være Alfred.
Bare Alfred.
Verdens beste storebror (Hagerup, 2016, s. 71-72)

Starten av utdraget viser oss mellom anna eitt av kriteria som Sara har for omgrepene *syster*, nemleg at ein skal like sine sysken. Cavell (Mulhall, 1998, s. 9) hevdar at kriterium i omgrep vert synlege gjennom språket i bruk, og ein ser at Thea meiner ein må like sine sysken. Det reflekterer Sara seg fram til at ho ikkje gjer. Difor går ho i dialog og forhandlar med seg sjølv. Og dialogen gir henne svar. Ho kjem fram til ei løysing på problema; ho må bli ein god storebror. Bakhtin (1984, s. 28) hevdar at karakterar kan møte sitt alter ego i seg sjølv, og teksten viser at i dette tilfelle møter Sara sitt alter ego i ei rolle som ein person. Ho går i dialog med Alfred. Sara tek dialogen ytterlegare eit hakk vidare, og let ein av hennar indre personar i fleirstemmigheita, hennar alter ego, personifisere seg i ei rolle, nemleg som Alfred. Utdraget viser at Sara ikkje ser på denne løysinga som noko problem, og ho er nesten irritert på seg sjølv for at ho ikkje har kome på dette tidlegare. Det fortel at ho heile tida har hatt eit ynskje om å løyse utfordringane som har oppstått, og at ho har indre motivasjon for å skape eit godt forhold til Steinar. Lysta på å få gode syskenrelasjoner har heile tida vore der, men det har vore vanskeleg for henne å finne ut korleis ho skal få det til. Og no ser det ut som at dei er på god veg til å få eit betre syskenforhold.

Ein mogleg grunn til at Sara må gå inn i rolla som Alfred kan vere at ho ikkje likar at det er ein bror ho har fått seg. Kanskje kunne ho heller tenkje seg at det var ei syster ho fekk, i og med at ho har eigne erfaringar med ei storesyster. Med ein bror veit ho gjerne ikkje heilt kva ho skal gjere. På ei anna side kan det vere greitt for Sara at det er nettopp ein bror, og ikkje ei syster ho har fått. På den måten er ho fortsatt den yngste jenta i familien, men i tillegg har ho ein vettlebror. Sara slit med å takle all merksemda familien hennar gir til Steinar, og det er ein av grunnane til at ho opplever utfordringar med å inkludere han som ein bror.

Alfred og Sara i dialog

Etter at Sara har kome fram til ei ideell løysing på problema, skjer det ei forandring i språket hennar. Med ei gong ho ser føre seg å gå inn i rolla som Alfred, omtalar ho seg sjølv som Sara i tredje person. Tidlegare har ho brukt «jeg», medan no brukar ho konsekvent «Sara». Ho er i rolla som Alfred og konverserer med Sara i dialogen. I dialogen distanserer ho seg til det ho føler ved å snakke om Sara som ein anna person. Ho ser saka frå eit nytt perspektiv. På den måten klarar ho lettare å setje ord på kjenslene sine, og dei kjem meir til syne;

Alt dette styret om morgenen hadde irritert Sara.

Egentlig var hun ganske sint.

- Det får være grenser, hadde Sara tenkt. – Hvorfor skal Steinar alltid bli så bortskjemt?

Men Sara var ikke her lenger.

Nå var det bare Alfred som var her.

Og Alfred var glad i Steinar.

Alfred var en som smilte når Steinar kom inn i rommet.

Alfred klemte og tøysa med Steinar sånn at Steinar ble glad igjen (Hagerup, 2016, s. 78).

Tidlegare i analysen har det blitt nemnt at Sara er sjalu på Steinar og merksemda han får frå foreldra, og det ser ein att i dette utdraget, då ho meiner han er bortskjemt. I rolla som Alfred klarar Sara å reflektere over kva ho hadde kome til og gjort dersom ho hadde vore der, men no maktar ho å gjere ting annleis og det som er mest rett. Ho klarar å leggje frå seg dei vonde kjenslene ho har overfor han, og legg inn ein innsats for at han skal ha det betre. Sara klarar i større grad å sjå si eiga rolle i Steinar sin trivsel og tilvære, og ho jobbar hardt med seg sjølv for at han skal ha det bra. Ho klarar å skape eit meir balansert og nyansert syn på Steinar som Alfred, tek seg saman og klarar å sjå Steinar som den han er som person, ikkje at han har kome inn i familien og øydelagt dynamikken. Igjen peikar dette på at ho vil ha gode relasjoner med Steinar, og ho er villig til å leggje ned ein innsats for å få det til.

At Sara lettare klarar å setje ord på kjenslene sine når ho er Alfred, kjem til syne fleire stader i boka. Når ho presenterer Alfred for resten av familien, sit dei rundt frukostbordet og Steinar har ein oppførsel som ville ha irritert Sara;

Da kjente jeg at jeg var glad for at Sara ikke var her.

For dette hadde ikke Sara orka. Hun hadde blitt helt koko hvis hun hadde sittet her nå.

Hun hadde sikkert sagt slemme ting til Steinar.

Så hadde Steinar begynt å gråte.

Da ville alle de andre sagt at man ikke skal være slem mot dem som er mindre.
At man skal være litt forsiktig med å si stygge ting til broren sin.
Sara ville fått beskjed om å være snill.
Og så ville de stønne sånn at Sara skulle forstå at hun hadde oppført seg som en tosk.

Da hadde Sara blitt lei seg.
Hun hadde tenkt at de andre ikke likte henne.
Sara ville tenkt at familien hennes likte Steinar bedre enn de likte henne.
Så heldigvis for at Sara ikke var her nå (Hagerup, 2016, s. 86-87).

Igen klarar Sara å reflektere over korleis ho oppfører seg kring Steinar, og korleis han påverkar oppførselen hennar. Ho set i større grad ord på kjenslene sine. Samstundes kjem det fram at ho fryktar at foreldra og Emilie skal bli meir glad i Steinar enn henne sjølv. Men dette klarar ho berre å tenkje på når ho er i rolla som Alfred, og ikkje når ho er seg sjølv. Ho innrømmer meir og meir, og er ærleg om sine indre tankar og bekymringar som Alfred. Det som kjem fram av utdraget, er det som Bakhtin (1984, s. 36) kallar for det mest essensielle i polyfonisk litteratur. Når medvita samhandlar, er dei avhengige av deira gjensidige påverknad, og dette lyftar fram polyfonien. Og polyfonien kjem klart til synlege her, når Sara sine indre tankar og bekymringar vert synlege, og ho kombinerer rollene som Sara og Alfred. Dialogen lyftar fram hennar indre kjensler.

Kriteria ho legg i det å vere syster vert og meir synlege for henne, når ho diskuterer med seg sjølv kva Sara klarar og ikkje klarar i nærleiken av Steinar. Det neste utdraget kjem før ho bestemmer seg for å gå inn i rolla som Alfred, men som ein kan sjå, snakkar ho allereie om seg sjølv i tredje person, og ho er på god veg inn i den nye rolla før ho har bestemt seg for det;

Og så visste jeg én ting til, og det var at Sara aldri ville greie å være snill mot Steinar.
Sara ville aldri snakke rolig og vennlig til ham, smøre brødkiver med Nugatti til ham og lese høyt for ham.
Være på lag med ham når noen beit ham i stortåa.
Bygge lego eller leke gjemsel med ham.
Spille spill og tape med vilje.
Finne på egne ord med ham, og le av det samme som ham.
Lære ham å stupe fra brygga på hytta.
Gå på blåbærtur og lage pannekaker sammen etterpå.
Kort sagt: Bli søstra hans.
Aldri.

Sara ville aldri, aldri gjøre noe sånt (Hagerup, 2016, s. 67).

Aktivitetane Sara ramsar opp her, er nokre av dei ho legg til grunn i kva ei syster gjer i lag med syskena sine. Og dette hadde aldri Sara klart. Utdraget viser at ho tydeleg har klart for seg kva det inneber å vere storesysken, og kva som er forventa av ei eldre syster. Truleg grunngjев ho desse aktivitetane ut frå eigne erfaringar med storesystera si Emilie, og kva dei har opplevd saman opp gjennom åra. Det viser at syskenforholdet mellom Sara og Emilie har vore det som Sara ser på som eit godt syskenforhold, og det er det ho vil skape med Steinar.

Som utdraget viser, er Sara meir ærleg med seg sjølv i rolla som Alfred. Ho innrømmer den store frykta hennar, nemleg at familien skal like Steinar betre enn ho sjølv, og ho reflekterer over sin eigen oppførsel i lag med Steinar. Dialogen med sitt alter ego har ført til at ho lettare set ord på kjenslene sine, og har bidrige på vegen mot eit betre syskenforhold med Steinar. Desse observasjonane samsvarar med Bakhtin (1984, s. 31-32) sin karakteristikk av polyfoniske karakterar, nemleg at dei tek opp ulike problemstillingar med seg sjølv. Det kan sjå ut som at Sara har hatt behov for å få eit anna perspektiv på saka, elles hadde det kanskje teke mykje lengre tid før syskenparet hadde utvikla eit betre forhold. Kanskje hadde det ikkje gått i det heile.

Frå mitt og ditt til vårt

Når Sara går inn i rolla som Alfred, vert det ein markant endring i språket og handlingane hennar, og korleis ho brukar fleire omgrep knytt til familie. Alfred brukar i mykje større grad enn Sara omgrep knytt til det å vere sysken, mellom anna «lillebror» og «storebror». Cavell (1998, s. 224) refererer til Wittgenstein og trekker fram måten han skildrar korleis enkelte ting fell inn under bestemte omgrep, og kvifor me vel å namnge tinga for det me gjer. Når Sara er i rolla som Alfred, vert det og meir synleg kva kriterium og verdiar ho legg til grunn i dei ulike omgrepa. Både ut frå hennar indre dialog med seg sjølv, og gjennom handlingar og dialog saman med Steinar. Ho reflekterer meir over kva som fell inn under dei ulike omgrepa, i tråd med det nemnte utsagnet om Cavell over.

Fyrste møtet mellom Steinar og Alfred er prega av usikkerheit frå begge. Steinar skjønar ikkje heilt kva som føregår, og Alfred veit ikkje heilt kva han skal seie. Han stotrar og gjer alt det han trur ein storebror skal gjere med vetebroren sin, på ei og same tid;

Jeg smilte til Steinar.

- Lille ... eh ... bitte lille venn, stotra jeg. – Lillebror ... jeg mener ... broren min. Jeg kremta og retta på den blå capsen. – Har du sovet godt? Er det ikke en deilig dag? Nå smilte jeg så mye at jeg lukka øynene helt igjen. – Vil du sitte på fanget mitt? Skal vi lese en bok sammen? Eller hva med en liten brødkive med Nugatti? (Hagerup, 2016, s. 88).

Alfred er nervøs, og veit ikkje heilt kva han skal seie eller gjere. Samstundes kan ein sjå at han legg inn eit godt stykke arbeid i å få Steinar til å forstå at han er den nye storebroren hans. Både å stille spørsmål og vise at han vil gjere ulike aktivitetar med han, er Alfred sin måte å vise interesse overfor Steinar. Som tidlegare utdrag viser at mellom anna det å smørje brødkive med Nugatti er noko Sara ser på som ei oppgåve som storesysken gjer, vil ho her gjere det same for Steinar i rolla som Alfred. Det fortel at ho svært gjerne vil vere eit sysken for Steinar, og prøver så godt ho kan. Og det fungerer. Steinar byrjar å stille mange spørsmål til Alfred, mellom anna om pålegg og kva ein sommarferie er, og Alfred svarar så godt han kan. Tonen mellom dei er mykje rolegare og mindre prega av usemje når Sara er Alfred. Steinar viser større interesse overfor Alfred enn kva han har gjort med Sara, og forsikrar seg om at han er broren hans; «Heter du Alfred? sa han. – Ja, sa jeg. – Jeg heter Alfred. Jeg er storebroren din» (Hagerup, 2016, s. 92). Det same ser ein når Alfred må lære Steinar ting som han ikkje kan; «Flaks for deg at du har en storebror, sa jeg. – Jeg kan lære deg alt du ikke kan» (Hagerup, 2016, s. 109). Som ein kan sjå, har forholdet utvikla seg til å bli meir lystbetont og fredeleg med ei gong Sara er Alfred, og Sara har ei mykje rolegare framferd enn kva ho har når ho ikkje er i rolla. Det har skjedd ei utvikling i forholdet mellom dei nye syskena. Fleire omgrep knytt til familie vert stadig tekne i bruk, som sitatet over viser, og Sara vert meir innforstått, gjennom rolla som Alfred, at Steinar er eit nytt sysken i familien.

Kriteira Sara legg i omgrep som rommar sysken og familie, kjem til syne fleire stader når ho er Alfred. I sine interne diskusjonar er Sara medviten over at ho kategoriserer og legg verdi i omgropa. Mange av aktivitetane som Steinar og Alfred gjer i lag, har grunnlag frå Sara sine tankar om kva det inneber å vere storesysken;

En dag ville Steinar at vi skulle se på barne-tv sammen.
Han tok meg i hånda og leide meg bort til sofaen.
Satte seg helt inntil meg.
Steinar og Alfred. En lillebror og en storebror.
Helt på ordentlig.
Jeg la armen rundt ham.
Vi så på tv mens vi spiste nøtter og drakk smoothie.
Han hadde på seg prikkete genser og en rød strømpebukse som var altfor lang.

[...]

Jeg delte stokken i to nesten like deler.

Steinar fikk den største bunken.

Han kunne like gjerne det.

Jeg skulle jo tape uansett.

Det er sånn storebrødre gjør.

De taper med vilje.

De taper med glede.

De taper sånn at en sutrete liten bror skal bli lykkelig (Hagerup, 2016, s. 112-113).

Steinar vender seg til Sara og Alfred i mykje større grad enn kva han tidlegare har gjort. Dei brukar meir tid saman og blir betre kjent. Dette hjelper på relasjonane mellom dei, og trekkjer dei i ein positiv retning der stemninga er betre og mindre prega av usemjø og krangling.

Alfred omtalar dei som «lillebror» og «storebror». Alfred gjer det som han meiner er forventa av han som ein storebror. Nemleg å gjere vetlebroren lykkeleg, som her; tape i kortspel.

Samtidig kjem litt av Sara sine indre tankar om Steinar til syne i den siste setninga, der ho kallar han for ein «sutrete liten bror». Han er fortsatt litt irriterande, sjølv om ting går betre.

Utdraget viser og at Sara deler dei same kritereia til det å vere storesyster, som Thea gjer i *Fly, Thea! Fly!*. Ein skal tape i kortspel og la småsyskena vinne slik at dei blir glade og nøgde.

Alt for syskenkjærleiken

Noko av det fyrste lesaren får ta del i når ein les boka, er ein samtale mellom Sara og faren.

Han fortel at «Kjærligheten bærer verden [...] Det er ikke beina dine som bærer deg. Det er kjærligheten» (Hagerup, 2016, s. 7). Dette seier han etter at dei to har lese Brødrene Løvehjerte saman, og diskuterer at den handlar om to brør som reddar kvarandre på forskjellige måtar. Utsagnet nemnar Sara fleire gonger for seg sjølv. Både før og etter at Steinar har flytta inn. I starten skjønar ho ikkje kva faren meiner, og ho trur ho har fire føter;

Er kjærlighet bein jeg har som jeg ikke ser?

Det går ikke ann.

Det sa jeg til pappa.

- Jo, sa pappa. – Det er akkurat sånn. Kjærligheten er bein som du ikke ser. De kan gå mye lenger enn de ordentlige beina dine. Det er *de* beina som skal få deg gjennom livet.

Så nå sitter jeg her med fire bein.

To jeg ser som jeg bruker hele tida, og to jeg ikke ser som er kjærligheten min» (Hagerup, 2016, s. 7-8).

Stadig minner ho seg sjølv på kva faren har sagt, og utover i boka forstår ho meir og meir kva det inneber. Ein av grunnane til det kan vere at ho kjenner på den kjærleiken sjølv, og dermed forstår kva det betyr og handlar om.

Etter som tida går og Steinar vert betre kjent med Alfred, utviklar forholdet deira seg. Alfred lærer Steinar mange nye ting, og passar godt på broren sin. Det oppstår litt forvirring i enkelte situasjonar mellom foreldra og Sara, då dei ikkje alltid veit om ho er Sara eller Alfred, og dette skapar ein del utfordringar. Samstundes fortset Sara å vere Alfred når ho er med Steinar, og lærer han mellom anna å skrive bokstaven S for Steinar. Steinar tykkjer det er veldig moro å vere med Alfred, og vil difor lære bokstaven hans også. Gjennom handlingane til Steinar, viser han at han har blitt glad i Alfred og dei har fått betre kontakt.

Når boka nærmar seg slutten, ser ein tydeleg korleis syskenforholdet og relasjonane mellom Steinar og Sara har utvikla seg. Fortsatt er Sara i enkelte situasjonar i rolla som Alfred, men det blir sjeldnare og sjeldnare. Både Emilie og Sara får seg nytt rom, og Sara slepp å dele med Steinar lenger;

Selv hadde jeg flytta inn på det gamle rommet til Emilie.
Det med skråtak og det runde vinduet over senga.
De første dagene føltes det nesten som om jeg var blitt Emilie.
I hvert fall litt.
Jeg bodde på hennes gamle rom, og jeg var blitt
storesøster.
Men jeg var jo ikke Emilie.
Jeg var meg.

På døra mi han en tegning av ein skeiv og grå snømann.
Den hadde Steinar lagd.
Under tegningen hadde han skrevet noen bokstaver som det var nesten umulig å lese.
Det var som om de var feil vei og opp-ned alle sammen.
Men jeg skjønte jo hva som stod der.

Der stod det Sara (Hagerup, 2016, s. 166).

I utdraget ser ein at Sara omtalar seg sjølv som «storesøster». Det fortel at relasjonane mellom Steinar og Sara har utvikla seg, og kome fram til at dei no ser på kvarandre som sysken. Sara er ei storesyster, ikkje ein storebror, nokon «Jeg var meg» viser. Tidlegare der Sara har vore medviten i å ikkje bruke ord og omgrep som omhandlar familie og sysken, kallar ho seg sjølv for ei storesyster. Og det er ikkje til å ta feil av, ho er storesyster for Steinar. Utdraget fortel

og at Steinar anerkjenner Sara som Sara, og ikkje berre som Alfred. Det viser at Sara sitt val om å gå inn i rolla som Alfred har vore med på å gjere syskenforholdet til Steinar betre, og no ser dei på kvarandre som sysken. Løysinga til Sara har hatt stor effekt, og dei har oppnådd noko dei ikkje trudde kom til å skje. Teikninga kan vere Steinar sin måte å takke Sara for innsatsen ho har lagt i arbeidet, og at det har fungert. Begge to trong tid til å bli betre kjend med kvarandre, og med tida har syskenforholdet utvikla seg i ein positiv retning.

Som ein kan sjå, har Sara sine drøftingar på det indre planet bidrege på vegen for å skape eit godt syskenforhold med Steinar, der dei saman har skapa gode relasjonar. Kriteria i språket som har kome til syne har vore til forhandling hjå Sara, blitt revurderte og fått ei ny mening. I starten var det den biologiske slektskapen som var gjeldande for Sara i høve kven ho såg på som sysken, medan no har også aktivitetar og at ein bur saman under same tak, blitt kriterium ho vektlegg i omgrepet. Forhandlinga har tatt opp forskjellige kriterium og verdiar som ligg i familiære omgrep.

5. Avsluttande drøftingar

I det avsluttande kapitlet vil eg trekkje ut funna mine frå analysane av dei tre bøkene, og vise korleis syskenrelasjonar vert framstilt i barnelitteraturen i dag. Funna vil eg drøfte i lys av mellom anna bokmeldingar, og i lys av artiklane presentert i delkapitlet «Tidlegare forskingar»; artikkelen til Kramer et al. (1999) om representasjonar av syskenforhold i barnelitteratur, og Meese (2012) sin artikkel om adopsjon og fosterfamiliar i barnelitteratur. Deretter kjem eg inn på korleis lesaren kan lære noko frå litteraturen ein les. Avslutningsvis vert det kommentert moglege retningar til vidare forsking innan emnet syskenrelasjonar i barnelitteratur.

5.1 Funn i analysar av tre samtidsromanar for born og unge

I innleiinga til denne masteroppgåva presenterte eg korleis familie- og syskenrelasjonar har vore tema i den realistiske barnelitteraturen opp gjennom åra. På 1970-talet, med mellom anna Anne-Cath. Vestly som døme, vart storfamilien og forskjellige familiekonstellasjonar portrettert i litteraturen. Som ein kan sjå ut frå utvalet, består det av tre bøker som skildrar syskenrelasjonar i samansette familiar med forskjellige typar sysken. Bøkene inneholder utfordrande situasjonar og vanskelege tema, noko som born før 1970-talet vart ekskludert frå. Temaa er aktuelle den dag i dag, og har hatt sin plass i barnelitteraturen dei siste 50 åra.

Nærlesingane viser at det er fleire fellestrekks mellom dei tre bøkene. Mellom anna ser ein at karakterane forhandlar på tilnærma like måtar om omgrep som omhandlar familie og sysken. Karakterane brukar ulike strategiar på å bli vane med dei nye familiesituasjonane, og dei har ein vilje til å handle for å forbetre situasjonen. Sjølv om utvalet består av ulike typar syskenforhold og dermed gir ulike analysar, kan ein samstundes finne fellestrekks, uavhengig om karakterane er stesysken, adoptivsysken eller fostersysken. I dette kapitlet vil eg sjå nærrare på mellom anna dei nemnde elementa ovanfor, og drøfte likskapane og forskjellane.

Kriterium for kva ein familie og sysken er

Eit fellestrekk i dei tre romanane er at alle protagonistane gir uttrykk for kva kriterium dei har til det å vere i familie og å vere sysken. Dei viser kva utgangspunkt dei har når dei no

opplever å bli ein samansett familie. Stian i *Motorsykkelmysteriet* er frå starten tydeleg på kva han vektar som teljande i omgrepene *familie* og *sysken*; ein må ha eit slektsforhold ut frå offisielle definisjonar. Han poengterer avstanden mellom seg sjølv og Stine, og korleis syskenforholda hans til Stine og Malin er forskjellige, då Malin er hans biologiske syster. For Thea i *Fly, Thea! Fly!* er det vanskeleg å skulle kalle Mie og Markus for sysken. Då skuffar ho mora, og det er sårt for henne. Ho karakteriserer seg sjølv som eit fosterborn, og tenkjer på korleis det hadde vore om ho kunne kalle Mie for systera hennar på ordentleg. Det kan tyde på at også ho reknar det genetiske som kriterium for å vere i familie og å vere sysken, slik Stian gjorde. Det same gjeld for Sara i *En bror for mye*. Sjølv om Steinar flyttar inn i heimen hennar, er han for henne ikkje ein del av familien. Det grunngjev ho med at han tidlegare har hatt sin eigen familie, og slektskapen vert også her ein gjeldande faktor for kven ho ser på som familie og sysken. Stine i *Motorsykkelmysteriet* har ei litt anna oppfatning og eit litt anna utgangspunkt enn dei andre karakterane. Ho ser på Stian og Malin som sysken frå fyrste stund, og grunngjev familieforhold på sosialt grunnlag, utan omsyn til offisielle definisjonar. Det har større betydning for henne kven ho bur med, enn kven ho har biologisk slektskap med. Som det vart framheva i analysen, og som vil bli kommentert ytterelegare vidare i kapitlet, er kriteria karakterane legg i omgrepene, i endring.

Omgrep og språkbruk

Sjølv om karakterane i utgangspunktet ikkje reknar kvarandre som familiemedlemmar, med unntak av Stine, har karakterane eit språk der dei brukar fleire familie- og syskenomgrep. Dei drøftar tydinga av dei ulike omgrepene, samt plasserer kvarandre i syskenflokken, ved hjelp av omgrepene.

I *Motorsykkelmysteriet* ser ein at både Stian og Stine brukar nemninga «ste» når dei omtalar kvarandre som sysken. Denne nemninga brukar dei aktivt for å understreke at dei ikkje er i slekt. Når folk rundt spør om dei er sysken, er dei raske til å presisere at dei i så tilfelle er stesysken. Det er heilt på slutten, når Stian omtalar Stine som «Den nye søstera» (Bruheim, 2014, s. 221), ein språkleg kan sjå at det har skjedd ei utvikling i syskenforholdet. Nemninga «ste» forsvinn. Slik er ikkje situasjonen i *Fly, Thea! Fly!*. Thea brukar ikkje nemninga «ste» i det heile, men distanserer seg frå familien på anna vis. Ho gir seg sjølv merkelappen «fosterborn». Familien reknar ho som storesystera til Mie og Markus frå fyrste stund, men Thea klarar ikkje å gjere det same. Ho ekskluderer seg sjølv med å påpeike at ho har kome

utanfrå og inn i familien. Ho klarar ikkje gjennomføre kriteria ho har til det å vere syster, slik Sara også strevar med. Dersom Sara i *En bror for mye* skal rekne Steinar som ein bror, må ho gå inn i rolla som Alfred. Då klarar ho å bruke omgrep som «storebror» og «lillebror».

Bokmeldarar brukar fleire nemningar som karakteriserer syskenforholda, og viser slektskapen mellom karakterane. Knut-Anders Løken i Barnebokkritikk (2014) gir tittelen på bokmeldinga av *Motorsykkelmysteriet* «Bonussøsken på skattejakt». Her forstår lesaren at boka har to aspekt; både å lage ei spanande handling, men og å skildre syskenforhold i ein samansett familie. Han presenterer fleire spørsmål som problematiserer syskenrelasjonane i boka, noko som kan gjere at lesaren sjølv byrjar å tenkje over dette; «Bør lojaliteten være sterkere mellom to ekte søskene, enn med en jevngammel stesøster? Kan denne gruppen få gjensidig tillit og bli en hel familie, eller vil den bare være et bofelleskap?» (Løken, 2014). Andre omgrep han nyttar som karakteriserer den samansette familien er; «bonussøsken», «stesøsken», «en ekte familie», «[den] moderne familien», «to ekte søskene», «en hel familie», «den nyskapte enheten» og «den moderne familien med bonussøsken». Her tydeleggjer han at det er ein samansett familie, og understrekar stadig dette mellom anna med dei ulike omgropa han brukar. Anne Marta Vinsrygg Vadstein (2014) skildrar også familieforholdet, og brukar nemninga «Den nye familien». I omtalane av *Fly, Thea! Fly!* vert det konkretisert at Thea er eit fosterborn, gjennom bruken av omgrep som «nye familien» (Leser søker bok, u.d.), «fosterbarn» av Elin Solvang (2015), og «fosterbarn» og «fosterfamilien» av Vadstein (2015). I bokmeldingane av *En bror for mye* brukar Eivind Myklebust (2016) omgrepet «en ekstra bror» for å skildre syskenrelasjonane mellom karakterane. Marte Bjerke (2016) nyttar seg av omgropa «lillebror» og «storebror», og viser ikkje i like stor grad den biologiske skilnaden. I Guri Fjeldberg (2016), anmeldar i Bergens Tidende, si bokmelding nemner ikkje syskenrelasjonar i direkte forstand med skildrande omgrep, men ho skriv at mange som lev i «såkalte stjerneheltesfamilier med diverse konstellasjoner» kan kjenne seg att. Ho påpeiker her at boka handlar om ein samansett familie. Ut i frå dette kan ein sjå at det blir i stor grad påpeika kva relasjonar det er mellom syskena, både i bøkene og i bokmeldingane. Slik karakterane har eit behov for å skilje familielerasjonane deira, ser ein at nokon av bokmeldarane også har behov for å understreke at det er familiar i endring.

Slik sett kan det vurderast i kor stor grad både bokmeldarar og andre bør bruke nemningar som skildrar syskenforholda spesifikt, samt kor tydeleg ein skal markere at syskena og syskenforholda ikkje er biologiske. Meese (2012, s. 133) påpeiker i sin artikkel at ein skal

vere forsiktig med å kategorisere og ikkje hengje merkelappar på mellom anna fosterborn, med å heile tida påpeike at borna eller familien ikkje er i slekt gjennom biologisk opphav. Samstundes må ein likevel gjere greie for at det er nettopp slike tema bøkene tek opp, for at lesarar som har behov for å identifisere seg med litterære karakterar, finn fram til litteraturen. Dette vil bli drøfta ytterlegare i neste delkapittel, «5.2 Å lære noko av litteraturen ein les».

Forhandling gjennom indre og ytre dialogar

Som nemnt brukar karakterane fleire omgrep som definerer syskenforholda deira. Kriteria til omgropa er stadig i endring, og dei blir påverka av syskena rundt karakterane. Slik går den einskilde karakteren inn i forhandlingar med seg sjølv om kva dei legg i det å vere sysken og familie. Tre av fire hovudkarakterar reknar det genetiske som kriterium for det å vere sysken, men som ein ser går alle fire karakterane inn i forhandling om omgropet. Karakterane er gjennom ein prosess der dei forhandlar om kriteria og verdiane, noko som viser seg i språket dei brukar. Forhandlingane skjer i indre diskusjonar, samt i ytre dialogar mellom karakterane. Desse ytre dialogane fører igjen til drøftingar i deira indre tankar. Stine og Stian drøftar og vurderer kvarandre sine utsegn i sine indre dialogar, samt at dei til ei viss grad prøver å diskutere med kvarandre. Thea drøftar og med seg sjølv i sine indre refleksjonar om korleis ho blir dregen mellom familien med mora og den nye familien. I tillegg konverserer ho med seg sjølv gjennom kunsten. Når ho får utløp for kjenslene sine gjennom måleria, klarar ho lettare å setje ord på kva ho føler. Med kunsten sin påverknad, klarar ho i større grad å innsjå sjølv korleis ho har det, og kvifor ho føler som ho gjer. Her forhandlar ho med seg sjølv, og også ho brukar aktivt den indre dialogen, slik Stine og Stian gjer. Dei same observasjonane blir gjort av Sara. Ho samtalar i store delar med seg sjølv om korleis ho føler det når Steinar har flytta inn. I det ho bestemmer seg for å bli Alfred, vert i tillegg Alfred ein god samtalepartnar for henne. Gjennom diskusjonane med Alfred i den indre dialogen, vert det tydelegare for henne kva ho skal gjere, og ho kjem lettare fram til moglege løysingar på utfordringane.

Særleg dei indre dialogane til karakterane fører til forhandling om kriterium, og fleire bokmeldarar påpeiker dette. Løken (2014) skriv at «de interne samtalene er til å tro på, og bokens sterke spenningsfelt er knyttet til spørsmålet om disse menneskene klarer å fungere under samme tak» når han kommenterer familieforholdet til Stine og Stian. Dei indre drøftingane til både Stine og Stian har truverde, og diskusjonane og forhandlingane som

oppstår har stor påverknad for korleis syskenrelasjonane utviklar seg. Fjeldberg (2016) understrekar at i *En bror for mye* får lesaren gjennom Sara oppleve «familieforøkelsen i all sin dobbelhet: Hun innser at det er synd på Steinar, samtidig kjenner hun seg invadert og tilsladesatt». Her belyser Fjeldberg (2016) fleirstemmigheita til Sara. Der Sara går i dialog med både seg sjølv og sanninga og viser at ho har medkjensle for Steinar, er det likevel vondt for henne å måtte gå med på at han er ein del av familien.

Forhandlinga karakterane gjer, fører til endring i kriteria til syskenomgrep, og kva omgrep dei vel å bruke. Språkleg ser det ein tydelegast hjå Stian, der han kallar Stine for den nye systera si. Det går andre vegen for Stine, der forhandlinga gjer at frå å kalle Stian for bror, kallar ho han for «liksom-bror» (Bruheim, 2014, s. 5) og «stebror» (Bruheim, 2014, s. 80). Thea og Alfred viser forhandlinga og endringane gjennom handlingane sine med at dei deltek meir i fellesskapet med nye familiemedlemmar. I familien til Sara og Steinar vert det også tydeleg når Steinar skriv «Sara» på dørskiltet hennar, sjølv om det er ved hjelp av Alfred han i større grad har blitt ein del av familien. Sara blir glad for at Steinar anerkjenner henne som Sara og ikkje Alfred, og viser slik at ho aksepterer Steinar som ein del av familien. Karakterane sine forskjellige måtar å handtere og plassere syskena på, gjennom indre dialogar med seg sjølv og ytre dialogar med syskena, samt kunstpåverknader og rollebyte, viser at dei kjem fram til syskenforhold som fungerer best for dei. Forholda følgjer ikkje ein bestemt mal, men skjer slik at forholda vert best mogleg for den enkelte familie og den enkelte syskenflokk.

Forhandlinga viser at karakterane går frå å vekte offisielle definisjonar om familierettsleg forstand, til å vekte familie på sosialt grunnlag. Det er opplevinga av kven dei hører mest saman med, som til sjunde og sist tel for kven familien og syskenflokken deira består av.

I studien til Kramer et al. (1999, s. 564) såg forskarane på korleis syskena i bøkene samarbeida om å løyse ulike problem, noko 35 bøker i utvalet deira gjorde. Berre 26 av dei 35 bøkene hadde karakterar som løyste problem i forhold til syskenforholda. Både *Motorsykkelmysteriet, Fly, Thea! Fly!* og *En bror for mye* skildrar utfordringar mellom syskenforholda til karakterane. Samstundes ser ein at fyrstnemnde også løyste andre problem; detektivmysterier. Det gjer til ei viss grad *Fly, Thea! Fly!* også, då det i det store og heile handlar både om at Thea skal finne sin plass i syskenflokk, men og at ho skal sleppe taket frå sin gamle familie og innsjå at ho har det betre hjå den nye. I *En bror for mye* er løysinga av utfordringane kring syskenforholdet det primære tema, noko tittelen også viser.

Eit funn i analysane er at syskena forhandlar om kriterium, og brukar tid på å bli kjende med kvarandre. Desse to funna har ein samanheng. Det skjer store endringar i familiene deira, og det tek til å venje seg til det som skjer. Stian og Stine utviklar forholdet sitt med å bli kjende med kvarandre, og løyse eit mysterium saman. Thea må også venje seg til den nye situasjonen, og klarar i større grad å setje ord på kjenslene sine gjennom erfaringar med kunstopplevingar. Sara må også bruke tid på å venje seg til situasjonen. Ho klarar ikkje å ta del i aktivitetar med Steinar, men som Alfred brukar ho meir tid med han. Samstundes som dei blir betre kjende med kvarandre, forhandlar dei om kriteria til sysken- og familieomgrep.

Når språket ikkje strekk til

I forhandlinga og formidlinga av familie- og syskenomgrepa, har ikkje alltid språket vore nok for at karakterane skal klare å uttrykkje seg. Det gjeld særleg i to av dei tre bøkene i tekstuvalet. Stine og Stian har kommunisert gjennom språket, og dei har vore både samde og usamde. For Thea og Sara har ikkje den verbale kommunikasjonen vore like god. Thea opplever at ho ikkje klarar å setje ord på kjenslene sine, og brukar negasjon når ho skildrar korleis ho strevar med å ta del i familien. Gjennom kunstopplevingane hennar, gir dei henne eit språk der i ho i større grad klarar å formidle kjenslene sine. Kunsten si rolle påpeiker mellom anna Solvang (2015) i Aftenposten og Leser søker bok (u.d.) i sine omtalar av boka. Solvang (2015) viser til korleis kunsten gir Thea verkty til å skildre og setje ord på dei vonde kjenslene, og syner at kunstopplevingane hennar hjelper ho til nettopp dette.

At andre formindlingsverkty bidreg til å setje ord på kjenslene, gjeld også for Sara. Ho strevar med å inkludere Steinar i familien, og ser ikkje på han som eit nytt sysken. Det er umogleg for henne å la han ta del. Difor viser ho dei løysingsorienterte evnene sine, og går inn i ei rolle som Alfred. På den måten klarar ho å gjennomføre dei kriteria ho har til det å vere storesysken i større grad enn kva ho klarar som Sara. Fjeldberg (2016) påpeiker i si bokmelding Sara sine løysingsorienterte evner; «Boken tar en herlig vending når hun trer ut av offerrollen og introduserer sin overraskende løsning». Samstundes belyser Fjeldberg (2016) Sara sine kriterium til det å vere sysken; «Denne sutrete lillebroren trenger tålmodige søsken som lar han vinne i Yatzy og forsyne seg ubegrenset med Nugatti. Slik tålmodighet har ikke Sara». Kriteria og verdiane som vart peika på i analysen av boka, vert også kommentert av Fjeldberg (2016), og ein ser at forventningane og krava som Sara har til det å

vere storesysken, er vanskeleg for henne å gjennomføre. Som Alfred går det mykje lettare, og ho viser det gjennom språket og handlingane ho gjer.

Utviklinga i syskenrelasjonane og deira betyding i den samansette familien

I studien til Kramer et al. (1999, s. 555) undersøkte dei 261 bøker som skildra syskenrelasjonar, der dei fokuserte på skilnaden mellom positive og negative forhold. Her kan ein trekke parallelar til forholda som er skildra i tekstuvalet i denne oppgåva. 48% av bøkene i studien til Kramer et al. (1999, s. 564) skildra syskenforhold som består av erting, krangling, rivalisering og konkurranse mellom syskena. Den same ertinga og kranglinga ser ein att i utvalet her også, der karakterane ertar og gjer narr av kvarandre. I størst grad ser ein det i *Motorsykkelmysteriet* og *En bror for mye*. 52% av bøkene i Kramer et al. (1999, s. 563) sin studie, skildra syskenforhold med varme og omsorg, engasjement, konflikthandtering og eit ynskje om å ta vare på og oppretthalde syskenforholda. Også her kan ein trekke parallelar til tekstuvalet. Stine og Stian finn ut av utfordringane sine, og i slutten av boka set dei pris på kvarandre og vil vere saman med kvarandre. Dei er engasjerte i forholdet mellom dei, og utøver i stor grad konflikthandtering. Thea viser omsorg og varme til syskena sine frå fyrste stund, sjølv om ho samstundes strevar med å ta del i fellesskapet. Sara viser i stor grad evne til å vere løysingsorientert, og viser gjennom rollebytet sitt at ho ynskjer å skape eit godt forhold med Steinar.

Vidare er det interessant å sjå at eit av resultata i forskinga til Kramer et al. (1999, s. 565) viser at 70% av bøkene i utvalet deira skildra både positive og negative sider ved forholda. At alle tre bøkene i tekstuvalet i mi forsking endar godt med sysken som finn ei god løysing på sine forhold, samsvarar med eit av funna til Kramer et al. (1999, s. 568). Resultata deira viser at forhold med usemje i starten, til slutt endar som positive forhold. Karakterane byrja å vise syskenkjærleik og omsorg for kvarandre, noko ein i stor grad kan seie om Stine, Stian, Thea og Sara. Eit anna resultat ved studien deira syner at strukturen i bøkene i utvalet har fellestrek. Forholda starta med eit problem eller ei utfordring, etterfylgt av forhandling og konfliktløysing, før syskena til slutt aksepterer og verdset kvarandre (Kramer et al., 1999, s. 565). Den same strukturen finn ein både i *Motorsykkelmysteriet* og *En bror for mye*. Stine og Stian er usamde om det meste, mellom anna om relasjonane deira og korleis dei skal handtere detektivmysteria. Sara strevar med å godta Steinar som eit familiemedlem, og viser misnøye med at han har flytta inn. Ein kan argumentere for at *Fly, Thea! Fly!* også hamnar inn under

den same kategorien. Samstundes kan ein argumentere for at boka ikkje høver, då Mie og Markus tek varmt i mot henne og viser at dei ynskjer at ho skal ta del i fellesskapet. Der er det like mykje Thea sine eigne utfordringar med at ho blir dradd mellom to familiar, som gjer at det oppstår konfliktar i boka, men til slutt finn ho løysingar og klarar å ta del i familien og syskenflokken. Ut i frå funna kan ein sjå at syskenrelasjonane i den samansette familie blir framstilt med same struktur, der det er ulike utfordringar som må løysast for at forholda skal bli optimale for dei enkelte syskena.

Analysane viser at sysken er viktige for at nye familiemedlemmar skal bli ein del av familien, samtidig som syskenrelasjonane i ulik grad er problematiserte i bøkene. Stine og Stian brukar mykje tid saman, sjølv om dei er uvenner. Når det oppstår konfliktar mellom dei, er begge villige til å finne løysingar på dei. Mie og Markus er frå fyrste stund inkluderande med Thea, og viser at ho er velkommen i fellesskapet. Her er det Thea sjølv som strevar med tilpassinga. I *En bror for mye* er det opp til Sara at Steinar skal finne sin plass i familien. Det ligg eit stort ansvar hjå Sara for at Steinar skal trivast, noko fleire bokmeldarar poengterer; «Snart forstår vi [leseren] at det i stor grad er opp til en ni-åring hvordan den bortskjemte og sorgende Steinar vil trives» (Fjeldberg, 2016). Myklebust (2016) skriv det slik; «[boka] skildrar eit ungt individ som kjempar med seg sjølv for å sleppe ein annan inn i varmen». I *Fly, Thea! Fly!* vert ikkje syskenrelasjonane problematiserte i like stor grad som i dei to andre bøkene, men samtidig presentert som realistiske syskenforhold. Lesaren vil truleg godta relasjonane mellom Thea og Mie og Markus, noko som mellom anna kan grunngjenvæst ut frå aldersforskjellen på syskena. Thea er mykje eldre enn dei, og opptrer i ei meir vaksen rolle når ho er saman med dei, enn kva Stine og Stian gjer som er like i alder. Stine og Stian møter på utfordringar som dei andre karakterane ikkje i like stor gard treng å ta stilling til, då dei andre karakterane er nokre år eldre enn syskena. Sara er, som Thea er i forhold til syskena sine, nokre år eldre enn Steinar. Ein av grunnane til at Sara strevar med å akseptere Steinar som familiemedlem, kan vere at det er eit stort aldersspenn mellom dei. Sjølv om både Thea og Sara er eldre enn syskena, handterer dei situasjonen med nye sysken på ulike måtar. Noko av grunnen til at Sara ikkje klarer det i like stor grad som Thea, kan vere at ho er ganske ung. I starten strevar ho sjølv med å sjå Steinar sin situasjon, og ho er ikkje like moden som dei andre syskena i utvalet. Difor klarar ho ikkje i same omfang å forstå Steinar og hans handlingar.

5.2 Å lære noko av litteraturen ein les

Kramer et al. (1999, s. 556) er opptekne av å belyse påverknaden lesnad av litteratur kan ha på lesaren, og hevdar at det er logisk og naturleg at born kan lære noko om gode syskenrelasjonar når dei les om dette i litteraturen. Mellom anna trekkjer dei fram sosial læringsteori av Bandura (1977, ref. i Kramer et al., 1999, s. 556), som viser at lesarane kan bli presenterte for karakterar som fungerer som gode rollemodellar. Pardeck og Pardeck (1989, 1993, ref. i Kramer et al., 1999, s. 556) meiner at lesing av bøker kan ha fleire føremål, mellom anna kan dei fungere som *biblioterapi* og ha ein terapeutisk effekt. Bøker kan vere informative og opne opp for diskusjonar kring ulike problem, og skape medvit blant lesarane om at fleire kan ha same problem som dei sjølve. Dersom lesaren opplever at fleire har dei same utfordringane og ser korleis karakterane løyser det, kan lesaren sjølv få større innsikt i sine eigne problem, og lære ulike strategiar for å løyse utfordringane. På den måten går lesaren i dialog med litteraturen og seg sjølv, vurderer og reforhandlar, og kjem fram til alternative løysingar.

Alle tre bøkene i utvalet i denne oppgåva viser situasjonar som mange lesarar kan kjenne seg att i, både hovudkarakterar og sekundærkarakterar. Kanskje flyttar nokon saman med ei jamnaldrande stesyster, og er usikker på korleis dei skal samhandle. Det same gjeld dersom nokon får ein vetlebror, og dei ikkje veit korleis dei skal klare å inkludere vedkommande i familien. Fleire kan også kjenne seg att i Thea som er fosterborn, og utfordringane ho opplever med å ta del i den nye familien. Eller familiar som får fosterborn i syskenflokken. Sjølv om bøkene skildrar både positive og negative syskenforhold, kan effekten av å lese dei vere stor og gjere til at fleire syskenforhold utviklar seg i den positive retninga med gode relasjonar. Også born som ikkje kjenner seg att i situasjonane til karakterane kan lære noko av forteljingane. Det kan vere med på auke kunnskapsnivået om korleis ulike familiar har det, og vise mangfaldet i samfunnet i dag, noko alle bør ha kunnskap om. Samstundes må ein vere forsiktig med å bruke bøkene som «fasit», og tenkje at dersom det løyser seg for karakterane på ein bestemt måte, gjeld det automatisk lesaren og. Ein må vere medviten, slik at det ikkje blir danna stereotypiar som viser eksakte løysingar. Kvar og ein situasjon har sitt særeigne preg, og ein må difor vere forsiktig med korleis ein plasserer og eventuelt samanliknar seg sjølv med karakterane i litteraturen. Dette er noko litteraturformidlarar må ha innsikt i og vidareformidle.

Mangfald i samfunnet, i klasserommet og i litteraturen

Meese (2012) belyser i artikkelen «Modern Family. Adoption and Foster Care in Children's Literature» korleis litteratur med born som er adopterte og i fosterheimar vert formidla i litteraturen, og korleis lærarar kan bruke slike bøker for at elevar i skulen kan få auke kunnskap om dette temaet. Ho meiner at det er viktig at born får kunnskap om at alle individ er verdifulle, uansett om dei veks opp i sin biologiske familie eller om dei bur i fosterfamiliar. Deira familiære band har ikkje samanheng med kor verdifulle kvart enkelt individ er. To av bøkene i tekstutvalet handlar om foster- og adopsjonsborn. Thea og Steinar bur ikkje i lag med foreldra sine, av ulike grunnar. Mora til Steinar er død, medan mora til Thea er innlagd på sjukehus og ikkje i form til å ta vare på familien sin. Stine og Stian bur saman med éin av deira biologiske foreldre, og blir ikkje rekna som foster- eller adopsjonsborn. Difor vil det i dette kapitlet bli drøfta funna i *Fly, Thea! Fly!* og *En bror for mye*.

Både i klasserommet, og i samfunnet generelt, har born og vaksne ulike bakgrunnar, mellom anna rase, religion og etnisk bakgrunn. Også strukturen i den samansette familie finn ein i klasserommet og i samfunnet. Meese (2012, s. 129) meiner at i samanhengen der ein viser mangfaldet i samfunnet i dag, vert born som har blitt adoptert eller bur i fosterheimar, ofte gløymde. Kunnskapen både born og vaksne har om fosterheimar og adopsjonsborn er ofte basert på personlege erfaringar og media si framstilling av temaet (Taymans et al., 2008, ref. i Meese, 2012, s. 129). Difor bør kunnskap om fosterheimar og adopsjonsborn få eit auka fokus, og barnelitteraturen er ein fin arena for å presentere både kunnskap og ulike historier og opplevingar kring emnet.

Ved representasjonar av samfunnet og fosterfamiliar i litteraturen, kjem det automatisk spørsmål om kor realistisk framstillinga er. Meese (2012, s. 129) stiller spørsmål ved litteratur som omhandlar foster- og adopsjonsborn, og undrar på om den er like presis som den bør vere. Det er ein for stor og omfattande debatt å gå inn på om litteraturen skal og bør vere realistisk, men ein forstår ut frå dette at Meese tenkjer slik. Ofte er born framstilt som superheltar som kjempar for å fortene ein familie, mellom anna gjennom deira intelligens, magiske evner, dyktigheit, velstand og skjebne (Meese, 2012, s. 130). Her nemner ho mellom anna Harry Potter som eit døme. Andre historier som og blir formidla, er born som er trøblete, pøblar, har handikap, eller har kjenslemessige utfordringar og åtferdsproblem. Desse forteljingane viser ikkje heile spekteret av korleis det er å vere foster- og adopsjonsborn.

Dersom ein ser karakterane i utvalet i lys av desse kjennemerka, ser ein at dei ikkje fell inn under kategoriane. Verken Thea eller Steinar må gjere noko for å fortene ein ny heim, det fortener dei uansett. Dei har heller ikkje åtferdsproblem eller handikap som gjer at dei må få ny familie. Det er grunna tilhøva i deira tidlegare familie, at dei er nøydde til å få ein ny. Thea si mor klarar ikkje å gi henne tilstrekkeleg omsorg og ein god oppvekst, og har Thea sitt beste i fokus; ho får det betre hjå ein annan familie. Om ikkje på permanent basis, så i alle fall i ein periode. Mora til Steinar døyr, og difor flyttar han inn til ein familie som han kjenner frå før. Karakteristikkane Meese (2012, s. 130) meiner skildrar bøker med foster- og adopsjonsborn, treff ikkje bøkene i utvalet i denne oppgåva.

Ulike kjensler born kan kjenne på

Meese understrekar at foster- og adopsjonsborn nødvendigvis ikkje strevar meir med kjenslemessige utfordringar og åtferdsproblem enn andre jamnaldrande (Harris Interactive, 2002, ref. i Meese, 2012, s. 130). Likevel kan foster- og adopsjonsborn kjenne på sterke kjensler som sinne, frykt, skuld og skam i samband med familiesituasjonane deira. Noko alle born kan føle på, men i denne samanhengen kan fosterborn få kjensla av at andre ikkje klarar å forstå korleis dei føler. Ofte kan dei tenkje mykje på deira biologiske foreldre, at dei ikkje kan bu med dei og utfordringar med å skulle ta del i to forskjellige familiar (Meese, 2012, s. 131). Analysane av *Fly, Thea! Fly!* viser at Thea i stor grad kjenner på desse nemnde kjenslene. Ho strevar med å ta del i den nye familien, og føler skyld og skam dersom ho tek del i gleda og latteren der ho bur no. Ho blir ståande mellom mora og den nye familien, noko som påverkar tilknytinga hennar til Hilde, Tor Arne, Mie og Markus. Uansett føler ho at ho skuffar nokon. Mora til Thea er alltid i tankane hennar, og ho tenkjer mykje på korleis ho har det. I *En bror for mye* er det ikkje Steinar sine opplevingar lesaren følgjer, men gjennom Sara sine observasjonar og skildringar av han, får ein inntrykk av korleis han har det. Mellom anna vaknar han opp midt på natta og saknar mora si, og er både redd og lei seg. Å belyse kjensler som fosterborn og adopsjonsborn har, er viktig i arbeidet med litteratur som omhandlar slike tema. Det er nyttig for fosterborn og adopsjonsborn sjølv, og for andre. Samstidig er det viktig å belyse kjenslene til syskena til fosterbarna, slik ein får skildra i *En bror for mye*. Meese (2010, ref. i Meese 2012, s. 131) framhevar viktigheita av at både lærarar og vaksne som les slik litteratur med born, viser at alle, både born og vaksne, ofte opplever ulike kjensler og ulike måtar å handtere dei på.

Som ein kan sjå i analysane av *Fly, Thea! Fly!*, set Thea merkelapp på seg sjølv. I fleire situasjonar kallar ho seg sjølv for «fosterbarnet Thea». Meese (2012, s. 133) framhevar at mange born gjer slik. Mange kan tru at dersom dei er fosterborn, er det ein karakteristikk som må nemnast i ulike samanhengar, og som heng ved dei i lang tid framover. På den måten understrekar og viser dei at det er forskjellar mellom dei og born som er vaks opp med sin biologiske familie. Det ser ein Thea gjer. Ho legg merkelapp på seg sjølv, og karakteriserer seg sjølv som eit fosterborn. Truleg gjer ho dette for å skape ein viss distanse til den nye familien. Endå synlegare vert det når ho er ute og et bursdagsmiddag med fosterfamilien, og ho kommenterer korleis folk rundt henne oppfattar dei. Ho seier mellom anna at folk kan sjå på dei som ein «heilt alminneleg familie (Bratlund, 2015, s. 73).

Å arbeide med bøker som tek opp ulike syskenrelasjoner

Bokmeldingane til dei tre barneromanane i tekstutvalet nemner mellom anna kven bøkene passar for. Særleg poengterer bokmeldingane av *En bror for mye* korleis den bør bli formidla. Bokmeldarane er samstemde og oppmodar til høgtlesing; «Jeg vil anbefale denne boka til både barn og voksne. Særlig egner den seg for høytlesing, som grunnlag for gode samtaler uten pedagogisk pekefinger» (Bjerke, 2016). Det kan vere vanskeleg for born å henge med i dei ulike vendingane boka tek, og det er rom for å stoppe opp fleire stader for å diskutere med borna kva som skjer og korleis Sara føler det. Myklebust (2016) er samd, men samstundes problematiserer han denne høgtlesinga med at det kan falle vekk ein dimensjon ved boka og handlingane ved å formidle den munnleg. Han meiner at «det [er] noko ved den intime tonen i teksten som eg fryktar vil forsvinne i ein grad når ein les høgt» (Myklebust, 2016). I tillegg argumenterer han for at boka opnar opp for at lesaren kan «halde ein indre dialog med [den]» (Myklebust, 2016). Lesaren kan i større grad ta del i verdiforhandlinga Sara gjer i sine interne diskusjonar. Slik kan verdiformidlinga til Sara i dei indre dialogane hennar setje lesaren sine eigne verdidrøftingar i gang. I høve *Fly, Thea! Fly!* poengterer Vadstein (2015) korleis boka kan vere «ein tankjevekkjar for både born og voksne», og Solvang (2015) meiner det er «en nyttig bok for fosterbarn, fosterforeldre og andre barn og familier som på et eller annet vis strever». Solvang (2015) sin konkretisering av familiar som strevar kan oppfattast som snever, då andre som gjerne ikkje opplever same problematikk, også kan lære noko. Både korleis det er å vere forelder i slike situasjonar, men og generell kunnskap om korleis oppveksten kan vere under slike tilhøve. Lesaren kan gå i dialog med boka, sjå fleire sider av ei sak, vurdere og forhandle med seg sjølv, og ut i frå kriteria kome fram til verdiar som er viktige for dei.

Pardeck og Pardeck (1993, ref. i Kramer et al., 1999, s. 570) meiner at dersom ein skal få best mogleg utbytte av bøkene og innhaldet, bør det diskuterast i etterkant. På den måten kan borna få ei betre forståing for kva forfattaren vil formidle, samt forstå korleis ein kan overføre erfaringane frå lesinga til seg sjølv og sine eigne syskenforhold. Både diskusjon, rollespel og kreativ skriving er døme på aktivitetar dei meiner kan utvikle medvita til lesarane og fremje gode syskenforhold. Forståinga og diskusjonane kring bøkene og dei enkelte karakterane sine situasjonar vil kunne bidra til auka forståing og kunnskapsutvikling. Å samtale om både Stian og Stine sine meningar og kjensler, og diskutere kvifor dei føler som dei gjer, kan ha verdi for både born som er i same situasjon, men og for andre. Det same gjeld kjenslene til Thea, og utfordringane ho har med å setje ord på dei, samt at ho føler ho skuffar både mora og den nye familien. Dei same parallellane kan ein trekkje til Sara. Kjenslene ho kjenner på i boka er røffe og brutale, men og reelle for mange. Det er for mange utfordrande å få nye sysken, eller å vere den som flyttar inn i ein ny familie. Samtalar der ein prøver å setje ord på og belyse kvifor dei føler som dei gjer, kan ha positive verknadar. Det er viktig og verdifullt å anerkjenne kjenslene deira, og vise at alle må få lov å føle det dei gjer. Som nemnt tidlegare er det heilt individuelt kva kjensler ein har når familien er i endring, og det er eit relevant aspekt som må belysast.

Like vesentleg som å vise kva kjensler ein kan kjenne på, er det å tydeleggjere korleis syskena samhandlar. Saman kjem fram til løysingar som fungerer for dei. Syskena er villige til å arbeide med relasjonane, og det er viktig å understreke. Relevansen bokmeldarane påpeiker med at bøkene høver for lesing av born og vaksne med påfølgjande diskusjonar, er klar og tydeleg, men samstundes må det vere rom for at born kan lese bøker på eige hand og sjølv reflektere på sin måte kring tema og handling. Mellom anna framhevar Myklebust (2016) dette, med at eldre born kan «ha godt utbytte av å lese den på eiga hand». Ein karakteristikk ved barnelitteratur er at bøkene ofte skildrar håp og at det finns løysingar på problem. Fleire bokmeldarar av bøkene i utvalet framhevar nettopp dette, korleis bøkene kan gje lesaren håp og framtidstru, mellom anna Vadstein (2015) om *Fly, Thea! Fly!*, og Myklebust (2016) om *En bror for mye*: «Det er ei oppløftande avslutning, som peikar framover mot, ja, eg dristar meg til å seie det sånn: ei lysare framtid». Dette håpet må bli vidareformidla, og den pedagogiske sida ved litteraturen er her tydeleg og relevant.

5.3 Vegen vidare

Ved å forske på syskenrelasjoner mellom karakterar, kan dialogen vise korleis dei forheld seg til kvarandre, og korleis dei eventuelt prøver å løyse utfordringar og konfliktar. Nokon sysken blir ikkje einige, medan andre finn tonen betre. Uansett kan litteraturen skildre forhold som fungerer for dei enkelte syskenpara. Vidare kan det vere spanande å gripe fatt i språket karakterane brukar, og sjå kva kriterium og forståing dei har av ulike omgrep som omfattar relasjonane deira. Ofte kan språket vere rota til konfliktar, og ein kan misforstå kvarandre gjennom språket. Nonverbal kommunikasjon og handlingar kan også vere noko å rette fokus mot. Kanskje klarar ikkje karakterane i like stor grad å bruke språket, men meistrar i større grad å vise kjensler gjennom handlingar og anna form for kommunikasjon. I tråd med dette vil forhandlinga mellom sysken, og prosessane til den einskilde karakter, kunne gi svar på korleis dei kjem fram til forhold som fungerer.

Forskinga som Kramer et al., gjorde i 1999, kan også byggjast vidare på. Denne studien byrjar å bli gamal. Den kan likevel brukast som samanlikningsgrunnlag for å sjå om det har skjedd ei utvikling, både i samfunnet og i litteraturen. Studien kan også utvidast til å romme fleire forskjellige syskenforhold, både biologiske og samansette. Det same gjeld for studien til Meese (2012). Ho rettar i større grad fokus mot det pedagogiske aspektet ved litteratur som behandler foster- og adoptivsysken. Her kan dei terapeutiske og empatiske aspekta ved litteratur som omhandlar syskenrelasjoner bli gitt større merksemd, samt i samanheng med andre typar syskenrelasjoner.

Som nemnt i innleiinga, har realistisk litteratur vore gjeldande i barnelitteraturen sidan tidleg på 1900-talet. Det er viktig at litteraturen viser mangfaldet i samfunnet i dag, og då også ulike familiesituasjoner. Mangfold i familiekonstellasjoner gir også mangfold i syskenrelasjoner, og ulike typar syskenforhold bør bli portrettert. Når familiar går gjennom store endringar, er det mange kjensler både born og vaksne kan kjenne på. Det er verdifullt å belyse desse kjenslene, og vise at det ikkje er ein «rett» eller «feil» måte å reagere på. Litteratur kan vere ein god arena til å skildre forhold i endring. Slik kan born få tilgang til ulike situasjoner kring temaet.

6.0 Litteratur

6.1 Primærlitteratur

- Bratlund, B. (2015). *Fly, Thea! Fly!* Bergen: Mangschou
Bruheim, M. (2014). *Motorsykkelmysteriet*. Oslo: Samlaget
Hagerup, L. (2016). *En bror for mye*. Cappelen Damm

6.2 Sekundærlitteratur

- Andersen, P.T., Mose, G., & Norheim, T. (2012). Litteratur og litteraturvitenskap. I P.T Andersen, G. Mose & T. Norheim (Red.), *Litterær analyse. En innføring* (9-26). Oslo: Pax Forlag AS
- Bakhtin, M. (1984). *Problems of Dostoevsky's Poetics*. Manchester University Press.
- Bakhtin, M. (2003). *Latter og dialog. Utvalgte skrifter*. Oversatt av Audun Johannes Mørch. Oslo: Cappelen akademisk forlag
- Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K. B. (2018). *Norsk barnelitteraturhistorie*. (3. utg). Oslo: Det Norske samlaget
- Bjerke, M. (2016, 10. November). Bokanmeldelse: «En bror for mye»: - Rørende historie om soskenforhold. *Fredriksstad Blad*. Henta frå <https://www.f-b.no/anmeldelse/bok/lindenhagerup/bokanmeldelse-en-bror-for-mye-rorende-historie-om-soskenforhold/r/5-59-588733>
- Botheim, G. S., Botheim, S. S., Solbu, K. R. & Solbu, I. R. (Red.). (2011). *Sosken*. Det norske samlaget og Ratatosk
- Børtnes, J. (1993). *Polyfoni og karneval. Essays om litteratur*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Børtnes, J. (2009). Mikhail Mikhajlovitsj Bakhtin. I *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/Mikhail_Mikhajlovitsj_Bakhtin
- Cavell, S. (1979). *The Claim of Reason: Wittgenstein, Skepticism, Morality, and tragedy*. New York: Oxford University Press
- Cavell, S. (1998). *Erfaring og det hverdagslige*. Oversatt av Agnetha Øye. Oslo: Pax Forlag A/S
- Edwards, J. (2012). *The Sibling Relationship. A Force for Growth and Conflict*. Jason Aronson. An Imprint of Rowman & Littlefield Publishers

- Fjeldberg, G. (2016, 26. november). Sterk høytlesingsbok i førjulstiden. *Bergens Tidende*. Henta fra https://www.bt.no/kultur/i/kV0zL/Sterk-høytlesingsbok-i-førjulstiden?spid_rel=2
- Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter. Innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget
- Holm, H. V. & Skorgen, T. (Red). (2006). *Dialogens tenker. Nordiske perspektiver på Bakhtin*. Oslo: Scandinavian Academic Press
- Jensen, A.-M & Clausen, S.-E. (2000). *BARNDOM – forvandling uten forhandling? Samboerskap, foreldreskap og søskenskap*. Prosjektrapport 2000:6
- Kallestad, Å. H. (2004). Underkastelse uten frelse. Da Gud kom tilbake i norsk litteratur. I J. M. Sejersted & E. Vassenden, *Norsk litterær årbok 2004*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Kallestad, Å. H. (2012). Verdimøter i Hilde Hagerups roman Bølgebiter. *Edda. Nordisk tidsskrift for litteraturforskning*, 99, 3-12. Volum 112. 231-242. Universitetsforlaget
- Kramer, L., Noorman, S., & Brockman, R. (1999). Representations of Sibling Relationship in Young Children's Literature i *Early Childhood Research Quarterly*, 14, No. 4, 555-574. Henta fra <http://www.sciencedirect.com.galanga.hvl.no/science/article/pii/S0885200699000277>
- Larsen, G. (2006). Bachtin og narratologien. Tostemmig udsigelse og autorial modus. I H. V. Holm & T. Skorgen (Red.), *Dialogens tenker. Nordiske perspektiver på Bakhtin* (99-132). Oslo: Scandinavian Academic Press
- Leser søker bok (uten dato). *Fly, Thea! Fly!* Henta fra <https://boksok.no/bok/fly-thea-fly/>
- Løken, K.-A. (2014). *Bonussosken på skurkejakt*. Henta fra <http://www.barnebokkritikk.no/bonusosken-pa-skurkejakt/#.Wrd7rWbJLOQ>
- Meese, R. L. (2012). Modern Family. Adoption and Foster Care in Children's Literature. *Reading Teacher*, 66(2), 129-137. Henta fra <http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=1&sid=be58e074-48b2-4614-98b5-1f5a2a76480d%40pdc-v-sessmgr01>
- Moe, M. (2014). *Barnehagen som dialogisk og helsebyggende arbeidsplass. – Med mennesker som tør å sette seg selv på spill*. (Doktorgradsavhandling, NTNU i Trondheim). Henta fra https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/269947/733342_FULLTEXT01.pdf?sequence=1
- Mulhall, S. (1998). Innledning. I S. Cavell, *Erfaring og det hverdagslige*. Oslo: Pax Forlag A/S

- Myklebust, E. (2016). *Rom for andre, rom for seg sjølv*. Henta frå
<http://www.barnebokkritikk.no/rom-for-andre-rom-for-seg-sjolv/#.WriWrGbJLOQ>
- Noack, T. & Lyngstad, T. H. (2012). Samlivsrevolusjonen. I A. L. Ellingsæter, & K. Widerberg, (Red.), *Velferdsstatens familier. Nye sosiologiske perspektiver.* (1.utg) Oslo: Gyldendal Akademisk
- Schackt, J. (2018). Kjernefamilie. I *Store norske leksikon*. Henta frå
<https://snl.no/kjernefamilie>
- Skirbekk, S. & Kjølsrød, L. (2018). Familie. I *Store norske leksikon*. Henta frå
<https://snl.no/familie>
- Solvang, E. (2015, 23. juni). Her er våre beste boktips for sommerferien. *Aftenposten*. Henta frå
<https://www.aftenposten.no/familieogoppvekst/Her-er-vare-bestе-boktips-for-sommerferien-7627b.html>
- Vadstein, A. M. V. (2014). *Magnhild Bruheim: Motorsykkelmysteriet*. Henta frå
<http://www.nynorskbok.no/2014/12/24/magnhild-bruheim-motorsykkelmysteriet/>
- Vadstein, A. M. V. (2015). *Bente Bratlund: Fly, Thea! Fly!* Henta frå
<http://www.nynorskbok.no/2015/07/02/bente-bratlund-fly-thea-fly/>
- Østgaard, A. (2016, 20. november). Linde Hagerup: - Barn har ikke tid til å lese bøker som ikke virker. [Blogg post]. Henta frå
<https://www.forlagsliv.no/barnogunge/2016/11/20/vil-ha-boker-som-virker/>